



Vestland
fylkeskommune

Årsmelding 2021

Årsmeldinga er utarbeidd i samsvar med § 14-7 i kommunelova. Ho viser resultat som er oppnådde i Vestland fylkeskommune i 2021. Fylkesdirektøren er ansvarleg for publikasjonen. Redaksjon er kommunikasjonsseksjonen, med tekstgrunnlag frå organisasjonen.

Omslagsfoto: Foto frå opningsdagen til vitensenteret ViteMeir, som leiger lokale i nybygget til Sogndal vidaregåande skule på Kaupanger. Berekraftsmåla er hengt opp midt i den massive tretrappa.

Foto: Siw Heidi Bäckström og Birthe Johanne Fredheim Finstad/Vestland fylkeskommune

Årsmeldinga er avslutta mars 2022.

Innhald

Hendingar 2021	4
Fylkesdirektøren: Frå ord til handling	9
Samfunnsoppdrag – visjon – verdiar	11
■ Sentrale nøkkeltal og rapportering	13
Styring og kontroll av verksemda	14
Sentrale nøkkeltal og rapportering	20
Rekordresultat	28
KOSTRA Kommune – stat – rapportering	34
Klima- og miljørekneskap	36
Folkehelse og folkehelseoversikt	43
■ Vi utviklar Vestland	45
Regional planlegging	46
Berekraftsarbeidet i Vestland fylkeskommune	50
■ Infrastruktur og veg	53
■ Innovasjon og næringsutvikling	69
■ Kultur, idrett og inkludering	87
■ Mobilitet og kollektivtransport	103
■ Opplæring og kompetanse	125
■ Organisasjon og økonomi	141
■ Strategisk utvikling og digitalisering	157
■ Politisk organisering	175
Fylkesordføraren: Vestland leverer	179

Hendingar 2021



Tannhelsetenesta kompetansesenter Vestland (TkVestland) fekk 16 millionar kroner til forsking på samanhengar mellom munnhelse, hjartehelse, sosial status og livsstilsfaktorar.



Torbjørn Mjelstad vart tilsett som prosjektrektor for Fagskulen Vestland for å leie samanståinga av dei to fagskulane i Hordaland og Sogn og Fjordane frå 1. januar 2022.



Skyss skifta ut det gamle billettssystemet for bussane til eit nyt og meir moderne. Samstundes opna nettbutikken for billettkjøp.



Arkeologar fekk stadfesta at dei hadde funne spor etter jakt og stølsdrift i førhistorisk tid på Aurlandsfjellet, før vi fekk skytevåpen, meir enn 1000 år tilbake.



Hovudutval for næring vedtok å opprette eit næringsfond for utsette kommunar og område i fylket. Det skal legge til rette for omstilling og utvikling.



20 233 elevar med ungdomsrett søkte plass ved dei vidaregåande skulane til Vestland fylkeskommune. Spesielt innan yrkesfaga var det stor auke i søkinga, og fleire nye klassar vart oppretta.



Vestland fylkeskommune gav nær 60 millionar kroner i støtte til viktige kulturminalle som verna fartøy, verdsarv og mellomalderruinar, i tillegg til idrettsarrangement, friluftsliv og tiltak for integrering.

JANUAR



Fylkesutvalet var positivt til planane om å etablere verdsarsenter for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden i Aurland kommune.



Vestland satsa stort på å få den planlagde batterifabrikken til dei tre industriegantane Hydro, Equinor og Panasonic.



Vestland gjekk i spissen nasjonalt for klimavennlege snøggbåtar, då samband i Sogn og Fjordane vart lyste ut på anbod.

FEBRUAR



Vestland fylkeskommune planla og koordinerte tre naturmøteplassar i Kinn, Luster og Alver, som fekk 2,5 millionar kroner i støtte frå Gjenridsigestiftinga. Dei skal gje naturopplevingar, fysisk aktivitet, læring og sosialt fellesskap.



Sogn jord- og hagebrukskule i Aurland kom på andre plass i noregsmeisterskapen i klima for vidaregåande skular.

MARS



Fyllingsdalen og Askøy vidaregåande skular var først ute i landet i eit pilotprosjekt der elevar og tilsette koronastesta seg sjølvre til gongar i veka. Målet var å oppdage smitte tidleg og halde skulane opne.



Fylkesutvalet vedtok at Førde som eit prøveprosjekt skulle få den første sjølvkøyrande elektriske bussen i fylket. Bussen var i drift frå 1. september til 16. desember.



Fylkesordførar Jon Askeland la ned grunnsteinen til det nye fylkeshuset i Bergen sentrum 24. mars.

Dei fullstendige nyhendesakene finn du på vestlandfylke.no



100 ungdommar frå heile fylket deltok på fylkesting for ungdom, som var digitalt grunna koronapandemien.



Riksantikvaren vedtok å frede den 93 år gamle bensinstasjonen i Lars Hilles gate 27 i Bergen sentrum, i samsvar med vedtak i Vestland fylkeskommune.



Det kom inn heile 1224 forslag til program for Den kulturelle skulesekken for elevar frå 1. klasse i barneskulen til 3. klasse i vidaregåande. 83 produksjonar vart plukka ut.



Eit nytt knutepunkt for busstrafikken i Bergen sentrum opna i Olav Kyres gate.



Fire elevar ved Amalie Skram vidaregåande skule gjekk heilt til topps i forskarkonkurransen Holbergprisen i skulen, med prosjektet «Klimasøksmålet: Konflikt i den norske maktfordelingen».



Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordelte 216 millionar kroner i spolemidlar til idrett og fysisk aktivitet i Vestland.



Fylkestinget vedtok Berekraftig verdiskaping, ein plan som set rething for næringslivet i Vestland dei neste tolv åra. Det er ein plan for heile fylket, ikkje berre for arbeidet til fylkeskommunen.

APRIL



Vestland lyste ut 100 sommarjobbar for ungdom til vedlikehald av dei vidaregåande skulanane i fylket og andre fylkeskommunale hus.



Det største gullfunnet på Vestlandet på 50 år vart gjort på Espeland under utgravingar for nye E16 Arna–Stanghelle. Gullfunnet er frå eldre jernalder, vog 155,9 gram og er sett saman av sju ulike ringar festa til ein stor oval lokkeforma ring, ein såkalla betalingsring.



Vestland fylkeskommune lyste ut 20 millionar kroner til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar) for bedrifter som var råka av korona.

MAI



Det statlege tilskotselskapet Enova gav fylkeskommunen 22,28 millionar kroner til infrastruktur for lading på elektriske, lokale båtruter i Florabassenget og Sognefjorden.



Ein rapport frå Folkehelseinstituttet om koronaeffektar viste at folk i Vestland har fått forverra psykisk helse og endringar i arbeidsituasjon og økonomi.



Vestland delte ut 3,7 millionar kroner til utvikling av både profesjonelt og frivillig kunst- og kulturliv.

JUNI



Fylkestinget vedtok å opprette eit koronafond på 52 millionar kroner for å bøte på etterverknader av pandemien.



Vestland skal bli ein leiande kulturregion, vedtok fylkesutvalet i planprogrammet for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.



Vestland fylkeskommune fekk verdas gjøvaste pris innan elektrisk mobilitet, E-Visionary Award, på den globale konferansen EVS34 i Nanjing i Kina.

Hendingar 2021



Fylkeskommunen gav 5,8 millionar kroner til utvikling av 22 ulike landbruksprodukt i Vestland, mellom anna sider, vilt og grøn utdanning.



Bryggen i Bergen vart stengd for biltrafikk frå 3. juli til 15. august. Målet var å gjøre Bryggen trivelegare og grønare, med mindre støy og ureining, i tillegg til tryggare for mjuke trafikkantar.




Det nye frukt- og grønt-pakkeriet på Håbakken i Lærdal fekk byggestart, markert av fylkesordførar Jon Askeland.



Bømlo kommune fekk den nasjonale trafikk-sikringsprisen for framifrå trafikksikringsarbeid, etter å ha blitt nominert av fylkeskommunen. Kommunen har i mange år jobba breitt og systematisk for å betre trafikktryggleiken.



556 elevar hadde ikkje fått læreplass i Vestland fylke. Det skjedde samstundes som behovet for arbeidskraft var stort.



Ein minneplakett for dei som miste livet på Utøya, vart avduka på Bergen Katedralskole.



Betre karakterar, fleire som består og fleire som fullfører var konklusjonen i ein rapport om situasjonen i den vidaregåande skulen i Vestland.



Den første underjordiske haldeplassen på Vestlandet var under bygging på Haukeland, 30 meter under bakken. Bybanen skal ta haldeplassen i bruk 21. november 2022.



Riksantikvaren freda huset til den austriiske filosofen Ludwig Wittgenstein i Skjolden. Det er i samsvar med vedtak i Vestland fylkeskommune.

JULI



Tragedien 22. juli 2011 vart markert på 10-årsdagen. Torbjørn Vereide frå fylkestinget, som var på Utøya, deltok på arrangement på skular, der han fortalte om det som skjedde.



Fylkeskommunen gav 12 millionar kroner til næringsutvikling i Vestland, mellom anna til digitale og virtuelle møteplassar og gjenbruk av maritimt metall.



Trolltunga fekk status som Nasjonal turiststi, som den første i Vestland fylke.

AUGUST



Bygginga av nye Askøy vidaregående skule starta. Skulen skal vere ferdig i 2023.



Over 20 000 elevar byrja på dei vidaregåande skulane til Vestland fylkeskommune 18. august. Seks nye klassar vart oppretta for å gje plass til alle.



Siste salve vart fyrte i verdas lengste sykkeltunnel 30. august. Han er 2,9 kilometer lang og går mellom Fyllings-dalen og Kristianborg.

SEPTEMBER



Fylkestinget vedtok å bygge alle vegane i Askøypakken. Fire vegar er ferdige, tre under bygging og tre er planlagde.



Fylkestinget vedtok å bygge ny vidaregående skule i Kvam herad, plassert i Norheim-sund, til 328,6 millionar kroner.



20 representantar skal representere Vestland i det nye Stortinget. Tre av dei kjem frå fylkestinget, Torbjørn Vereide (A) og Alfred Bjørlo (V) og Linda Merkesdal (A). Ho var ikkje med under markeringa på fylkestinget.

Dei fullstendige nyhendesakene finn du på vestlandfylke.no



Vestland fylkeskommune si satsering på elektrisk transport fekk fyldig omtale i The New York Times.



Under arbeid på Sognefjellsvegen fann ein geolog i fylkeskommunen spor etter den kalde krigen, eit sprengstoffkammer for eventuell øydelegging av vegen for å stoppe ein fiende.



Fylkesutvalet gjekk inn for at Bybanen skal gå over Bryggen, som tilråding til Bergen bystyre som gjorde vedtak.



Bømlo skal få ny fiskerihamn til 165 millionar kroner. Kontrakten er tildelt entreprenør Vassbakk & Stol.



Saksa var bytta ut med eld då fylkesordførar Jon Askeland opna nybygget til Sogndal vidaregåande skule på Kaupanger, der også vitensenteret ViteMeir er plassert.



Den nye 3,3 kilometer lange fylkesvegen mellom Strømsnes og Hop på Askøy opna.



Trafikktryggingsprisen til Vestland fylkeskommune gjekk til foreldrearbeidsutvalet (FAU) ved Alversund skule. Prisen er på 50 000 kroner.



Kunsten på den underjordiske haldeplassen på Haukeland vart vist for første gong. Haldeplassen er utforma som ein mangefarga stjernehimmel.



Vestland er først i verda med flyttbar skredskring. Det er ein stålportal som skal settast opp i rasutsette tunnelmunningar.

OKTOBER



Fredinga av Singerheimen i Olden vart markert 27. oktober. Huset til den amerikanske kunstnaren og stålarkivaren William H. Singer jr. er frå tidleg 1900-tal og unik i vestlandsk byggeskikk og sveitserstil.



Byggestart for ny vidaregåande skule på Stord vart planlagt til januar 2023, etter at kontrakt for bygginga vart tildelt entreprenør firmaet Consto. Skulen skal stå ferdig i august 2025.



1800 elevar ved 12 vidaregåande skulen i Vestland engasjerte seg i å samle inn plast gjennom den nasjonale aksjonen Plastutfordringen.

NOVEMBER



Fylkesutvalet vedtok at hurtigbåten mellom Askøy og Bergen skal bli elektrisk og ha null utslepp.



Vetle Faret Tønnesen (16) fekk det aller første e-sportstipendet i Noreg. Stipendet er på 40 000 kroner og er utdelt av Vestland fylkeskommune. Han representerer bergensklubben Playwell.



Ein rapport viser at det er potensial for 22 000 nye grøne jobbar i Vestland, med eit investeringsbehov på 134 milliardar kroner.

DESEMBER



Fylkeskommunen gav 15 millionar i støtte til 21 grøne utviklingsprosjekt på vegen mot målet om nullutslepp.



Fylkeshuset på Leikanger skal byggast om og moderniserast for 260 millionar kroner. I tillegg skal eit nytt, frittståande fylkesarkiv byggast på Leikanger.



Vestland har fått den første langsiktige, regionale transportplanen for fylket. Han gjeld for perioden 2022–2033 og er vedteken av fylkestinget.



«Eg er imponert over alt organisasjonen har fått til og levert dei to første driftsåra. Koronapandemien har vore eit krevjande bakteppe, som har kravd stor stå-på-vilje og fleksibilitet hos våre tilsette for å sikre gode tenester til innbyggjarane i Vestland. På denne måten har vi også styrkt omdømet vårt og kome langt i arbeidet med å byggje felles organisasjonskultur. Eg vil rette ein stor takk til alle for flott innsats!»

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Administrativ organisering – organisasjonskart



Frå ord til handling

I Vestland fylkeskommune er vi opptekne av å gå frå ord til handling, og dokumentere konkrete resultat av det vi driv med. Då er det kjekt å kunne konstatere at vi etter to års drift er komne langt i arbeidet med å forme organisasjonen og utøve rolla som samlande regional aktør med sterkt utviklingsfokus. Dette samstundes som administrasjonskostnadene er reduserte, drifta effektivisert, og det er merksemド på forenkling i heile organisasjonen.

Sjølv om koronapandemien har bydd på utfordringar i den daglege drifta også i 2021, har fylkeskommunen halde fram med å levere viktige tenester til innbyggjarane. Av dei samla driftsutgiftene på 13,2 milliardar kroner går om lag 80 prosent til sektorane opplæring og kompetanse, mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg. Innsatsen kastar av seg: Eg gler meg særleg over at talet på elevar og lærlingar som fullfører vidaregåande opplæring, aukar merkbart. Også karakterresultata går opp. Dette er eit viktig satsingsområde for oss, og eg vil rette ein særskilt takk til dei tilsette ved skulane våre, som har gjort ein ekstraordinær innsats gjennom heile pandemiperioden.

Vestland fylkeskommune er eitt av dei største samferdselsfylka i landet, og den grøne satsinga vår viser att også i nasjonal samanheng. Vi satsar målretta på elektrifisering av buss-, båt- og ferjedrift og har med dette teke ein leiande nasjonal posisjon i arbeidet med det grøne skiftet. Satsinga har også fått internasjonal merksemd. Innan fylkesvegområdet overtok fylkeskommunen frå 2020 eit solid og kompetent fagmiljø. Dette er utvida og vidareutvikla i 2021, og det viktige arbeidet med ny regional transportplan er godt i gang, etter at fylkestinget vedtok plandokumentet i desember.

Utviklingsplanen for Vestland definerer at fylkeskommunen skal ta ei samlande rolle som medspelar for arbeidslivet, kommunar og kultur, idrett og frivillig sektor i fylket og vere ei sterk regional stemme inn mot sentrale styresmakter. I 2021 har vi teke viktige steg på dette feltet, ikkje minst gjennom det banebrytande arbeidet med Grøn region Vestland. Her har Vestland fylkeskommune identifisert og kartlagt over 250 verdiskapingsinitiativ. Desse prosjekta vil kunne gje 22 000 nye grøne arbeidsplassar i fylket, auke eksporten og kutte utsleppa av klimagassar i årå framover.

Tida med pandemi har også vist fylkeskommunen si evne som regional samordnar, anten det gjeld å kompensere

næringsliv eller kulturinstitusjonar eller å målbere regionale krav inn mot sentrale styresmakter. Vestland er på bana og vert lytta til.

Den store innsatsen som er lagt ned i 2021, viser tydeleg att i omtalen av kvar avdeling i denne årsmeldinga, og dei gode resultata som er oppnådde. Eg vil trekke fram noko av det organisasjonen har levert, som støttar opp under visjonen om å vere nyskapande og berekraftig og som viser den store spennvidda i ansvarsområda våre:

- Vi har styrkt innsatsen for utvikling av lokalsamfunna våre, mellom anna gjennom auka LivOGlyst-innsats og etablering av nettverk for industrikkommunar.
- Vi har gitt støtte til verdas første hurtigladar for elektriske småbåtar i Florø og ytterlegare fem hurtigladeplassar tilrettelagde for sambruk mellom fritidsbåt og bil.
- Vi har starta arbeidet med å bygge Noregs største molo målt i volum i Langevåg på Bømlo.
- Vi har inngått kontrakt for hybridelektriske fartøy i Florabassenget og på enkelte samband i Sognefjorden.
- Vi har gjennomført eit pilotprosjekt med sjølvkøyrande buss i Førde.
- Vi har utarbeidd handlingsprogram til strategidokumentet «Fornye og forbetra – auka gjennomføring» i vidaregående opplæring.
- Vi er godt i gang med å etablere Nettskulen i Vestland.
- Vi har lansert den første strategien for e-sport og gaming.
- Vi har teke i bruk digital innbyggjardialog for planprosjekta innan vegområdet.
- Vi har arbeidd med å styrke heilskapen i samfunnsplanlegginga i Vestland gjennom god samanheng mellom regional og kommunal planlegging.

Styrken som ligg i samspel og fellesskap har vore avgjande for dei gode resultata som er oppnådde heilt sidan oppstarten i 2020 og inspirerer oss til vidare innsats. Vi har mange spen-nande oppgåver framfor oss. Då kjem det godt med at rekneskapen for 2021 viser eit mindreforbruk på 350 millionar kroner som er sett av på disposisjonsfond. Dette gjev oss finanzielle musklar for vidare utvikling av regionen dei kommande årå.

Vestland fylkeskommune har høge ambisjonar og mål om å vere ein god samarbeidspartner for heile fylket. Det krev at vi har merksemd på brukarane våre og i endå større grad er til stades med kompetanse og ressursar ute i kommunane. I tråd med samfunnsoppdraget skal vi også framover setje strategisk retning, engasjere, samordne innsats og initiativ og vere ei drivkraft for vekst og utvikling.

I skrivande stund ser det ut til at koronapandemien på det næreste er over, men nye utfordringar ventar. Dei urolege tidene i Europa er eit dystert bakteppe for året vi har starta. Dette

kan få innverknad for mange i Vestland. Ikkje minst flyktningstraumen, som vi akkurat har sett starten på, kan verte krevjande. Eg er likevel trygg på at vi i Vestland fylkeskommune også på dette området vil stille heilhjarta opp og gjere vårt for å leggje til rette for dei som treng oss.

Avslutningsvis vil eg rette ein stor takk til alle tilsette som i ei krevjande tid har stått på for å yte gode tenester og sikre eit godt økonomisk grunnlag for vidare satsing. Saman skal vi halde fast i viljen til å ta ansvar og gjennomføre det vi set oss føre – vi skal gå frå ord til handling!



Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Samfunnsoppdrag – visjon – verdiar

Samfunnsoppdraget set tydeleg retning for kva Vestland fylkeskommune skal gjere på eit overordna nivå på dei ulike tenesteområda våre. Samfunnsoppdraget viser også kva forventingar vi har til oss sjølv, og kva vi ønskjer å bidra med for å løyse dei store utfordringane i samfunnet.

Verdiane våre – kompetent, open og modig – skal ligge i botn og til grunn for alt vi gjer. Verdiane blir ofte brukte i kvelden, der dei tilsette utfordrar seg sjølv eller kollegaer ved å bruke verdiane for å løyse oppgåver på best mogleg vis.

Visjonen vår – nyskapande og berekraftig – strekker vi oss etter og jobbar for kvar einaste dag. Visjonen skal skape

stoltheit og forplikting internt, i tillegg til å fortelje resten av samfunnet kva retning vi jobbar i.

Saman skal verdiane og visjonen hjelpe oss til å løyse samfunnsoppdraget vårt – å setje retning, engasjere og samhandle for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland.

I starten av kapitla til dei ulike avdelingane framhevar kvar avdeling noko av det dei har gjort for å nå visjonen i 2021.







Sentrale nøkkeltal og rapportering

I dette kapittelet rapporterer vi i medhald til kommunelova og likestillings- og diskrimineringslova, og om løn og stillingsomfang. Vi omtalar kontrolltiltak og risikovurderingar, HMS, etikk, varsling og personvern – blant anna. Her er også omtale av den økonomiske stoda i Vestland fylkeskommune, vi presenterer klima- og miljørekneskapen og har med folkehelseoversikta vår.

140 tre blir tekne vare på og planta om under bygginga av Bybanen. Her blir lindetre som tidlegare stod langs Kanalveien i Bergen, planta om av Wikholm ved haldeplassen i Fløen.

Foto: Camilla Einarsen Heggernes/Bybanen Utbygging

Styring og kontroll av verksemda

Arbeidet med styring og kontroll av verksemda er systematisk og målretta gjennom oppfølging av drifta med risikovurderinger og andre kontrolltiltak. Koronapandemien har også i 2021 gjort det nødvendig med særskilte vurderinger for å sikre tenestetilbodet og den operative drifta av fylkeskommunen.

Kontrollutvalet

Etter kommunelova § 23-1 skal kontrollutvalet føre kontroll med den fylkeskommunale forvaltinga på vegner av fylkestinget. Dette vert m.a. gjort gjennom reknesaksrevisjon, eigarskapskontrollar (tidlegare kalla selskapskontrollar) og forvaltingsrevisionar.

Fylkestinget handsama ein eigarskapskontroll etter innstilling frå kontrollutvalet i 2021 og to forvaltningsrevisjonar.

Kontrollutvalet gav også uttale til årsrekneskapen for 2020 for Vestland fylkeskommune.

Vidare gjennomførte kontrollutvalet oppfølging av ei rekke tidlegare gjennomførte forvaltingsrevisjonar og eigarskapskontrollar i løpet av året.

Riskovurdering og beredskap

Fylkesdirektøren har høg merksemd på risikokartlegging og -styring av den operative drifta. Kvar avdelingsdirektør får i det årlege oppdragsbrevet særskilt ansvar for å gjennomgå og oppdatere risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) knytt til drifta i eiga avdeling/eigen sektor. Det felles kvalitetssystemet inneholder m.a. ein eigen modul for ROS-analysar som avdelingane skal nytte i dette arbeidet.

På same måte som i 2020 var det også i 2021 særlig merksemd på risikokartlegging og såkalla «kontinuitetsplanlegging» innan dei ulike tenesteområda i samband med koronapandemien.

Store delar av beredskapsarbeidet i 2021 handla om handtering av pandemien. Krisehandteringen har styrkt fylkeskommunen som beredskapsorganisasjon, mellom anna er det etablert gode rutinar for informasjonsdeling.


Det er sett i gang og gjennomført viktige prosessar innan sikkerheits- og beredskapsarbeid i 2021. Overordna ROS-analyse gir informasjon om uønskte hendingar som kan råke fylkeskommunen sine tenester, og korleis vi kan redusere risiko knytt til desse. ROS-arbeidet på overordna nivå har gitt grunnlag for tilsvarande prosessar på avdelings- og seksjonsnivå. Basert på overordna ROS-analyse, er det utarbeidd ein plan for gjennomføring av risikoreduserande tiltak som skal prioriterast dei komande to åra. Det er også utarbeidd ein eigen krisekommunikasjonsplan.

Krisehandteringsverktøyet CIM er tatt i bruk i avdeling for infrastruktur og veg, og det er starta ein prosess for å implementere verktøyet i resten av organisasjonen. Det er gjennomført beredskapsøvingar på fleire nivå i organisasjonen. Både infrastruktur og veg og tannhelse har gjennomført beredskapsøvingar. Fylkeskommunen deltok også på ei øving i Samferdsledepartementet, der sivil transportberedskap var tema. I avdeling for opplæring og kompetanse vart det arrangert ein fagdag innan sikkerheit og beredskap for alle dei vidaregåande skulane. Fagdagen fungerte som eit oppspel til beredskapsøvingar, som vert gjennomførte i 2022.

For å styrke familjøet innan sikkerheit og beredskap, er alle stillingar innan beredskap, ikt-sikkerheit og personvern fra 2022 samla i staben til avdeling for strategisk utvikling og digitalisering.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Vestland fylkeskommune har stor merksemd på systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerheit (HMS) i organisasjonen. Dette viktige arbeidet skal legge grunnlag for ein helsefremjande og meiningsfylt arbeidssituasjon, som gir full tryggleik



HMS-arbeidet i fylkeskommunen skal sikre trygge og helsefremjande både arbeids- og opplæringssituasjoner.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som støttar opp om eit inkluderande arbeidsliv for alle tilsette.

Fylkeskommunen har organisert HMS-arbeidet med eit sentralt arbeidsmiljøutval (AMU) for heile fylkeskommunen, og lokale AMU på alle skular, administrasjonsstader og i fleire avdelingar og seksjonar. Eit eige AKAN-utval jobbar førebyggjande mot rus- og speleavhengigheit. Det er utpekt lokale HMS- og kvalitetskoordinatorar i alle avdelingar, nokre større seksjonar og på alle skular.

Vernetenesta har eit fylkeshovudverneombod i full stilling og eit assisterande fylkeshovudverneombod i 60 prosent stilling. Det er til saman 56 hovudverneombod i dei ulike avdelingane i fylket.

HR-seksjonen har ei eiga faggruppe, HMS og kvalitetsstyring (HMSK), som følgjer opp HMS-arbeidet, utarbeider nye rutinar og retningslinjer og syter for informasjon og kurs i det systematiske HMS-arbeidet.

Vestland fylkeskommune har avtale om bedriftshelsetenes-ter frå Avonova.

Det vart gjennomført fire HMS-grunnkurs i 2021, alle på digital plattform. Til saman 116 leiarar, verneombod og AMU-medlemmar deltok på grunnkursa. I tillegg har 50 lær-lingar i fylket deltatt på dagskurs i HMS.

HMS-rapportering i form av eigenkontroll vert gjennomført årleg med rapport til fylkesdirektøren og AMU. Den årlege rapporteringa er eit viktig element i etterleving av internkontrollforskrifta, med kvalitetssystemet som sentralt verktøy. Her finn ein mellom anna oversyn over ansvar og organisering og retningslinjer for det lokale arbeidet med kartlegging, risikovurdering, handlingsplanar og årshjul. HMS-kontrollen for 2021 viser at det har blitt gjennomført ein god del lokalt HMS-arbeid, men det er behov for oppfølging og forbetring på fleire område. Særleg merksemd bør rettast mot dokumentasjon og systematikk i arbeidet. HMSK-teamet i HR-seksjonen vil følge opp forbetringspunktene saman med avdelingane.

Kvalitetsstyring

Kvalitetssystemet er sentralt i arbeidet med kvalitetsstyring i Vestland fylkeskommune. Også i 2021 har det vore stor merksemd på opplæring i systemet. Grunna pandemisituasjonen har opplæringa føregått digitalt. Det er jamlege møte i kvalitetsforum, der HMS- og kvalitetskoordinatorane frå alle avdelingane og enkelte seksjonar er med. Oppgåva til kvalitetsforum er å sikre fagleg oppdatering, erfarsingsutveksling, utvikle gode rutinar og drive fram systemutvikling.

Kvalitetssystemet inneheld fleire modular: dokumentbehandlar, avvik, årshjul, risiko og stoffkartotek. I dokumentmodulen var det ved utgangen av 2021 publisert over 3000 dokument.

Bruken av kvalitetssystemet er svært ujamn rundt i organisasjonen, og trangen for meir informasjon og opplæring er stor.

For tilsette utan særskilte oppgåver i kvalitetsarbeidet, verkar systemet som ei e-handbok. Her kan ein lese og skrive ut ulike dokument, til dømes rutinar og retningslinjer. Ein kan også melde avvik, registrere varsel, slå opp i stoffkartotek og finne relevante lover, forskrifter og avtalar.

I 2021 vart det registrert 803 sakar i kvalitetssystemet til Vestland fylkeskommune. 684 av dei var uønskte hendingar og avvik, 87 forbetningsforslag, 16 leverandøravvik og 17 varsel. Av 684 uønskte hendingar og avvik gjaldt 225 person-skadar.

Figuren viser statistikk for meldingar om uønskte hendingar og avvik m.m. i 2021:

	2020	2021
Forbetningsforslag	112	87
Leverandøravvik	22	16
Uønskt hending og avvik	496	684
Varsel	7	17

Talet på registrerte saker i kvalitetssystemet er lågt sammenlikna med andre organisasjoner det er naturleg å samanlikne seg med. HMS og kvalitetsstyring vil i 2022 intensivere arbeidet med å gje tilsette og leiarar opplæring og støtte i å nytte kvalitetssystemet til læring, forbetring og organisasjonsutvikling.

Personvern

Vestland fylkeskommune er lovpålagt å ha eige personvernombod. Alle avdelingar har dessutan peikt ut eigne personvernkordinatorar som skal handtere aktuelle oppgåver og problemstillinger i dei ulike einingane i nært samarbeid med personvernombodet.

Arbeidet med personvern har dei siste åra vore prega av lite kontinuitet og for liten kapasitet. Som følgje av vakansar har funksjonen som personvernombod vore ivareteke av personvernrådgjevaren i HSKM-temaet i HR-seksjonen store delar av året. I perioden har det òg vore tett samarbeid mellom personvernrådgjevar/-ombod og informasjonssikkerhetsrådgjevar.

Frå 2022 vil både personvernombodet og personvernrådgjevaren vere 100 prosent knyttte til arbeidet med personvern. Stillingane vert i den samanheng flytta frå organisasjons- og økonomiavdelinga til avdeling for strategisk utvikling og digitalisering med mål om å etablere eit robust samla fagmiljø for personvern, beredskap og informasjonssikkerheit. Det er registrert 24 avvik knytt til informasjonssikkerheit og

personvern i 2021. Det er meldt frå om tre avvik til Datatilsynet i perioden. Sakshandsaminga er avslutta med generell tilråding. I eitt høve har Vestland fylkeskommune varsle den registrerte om brot på personopplysingssikkerheita.

Tabellen under syner nokre nøkkeltal for arbeidet gjennom 2021:

	2020	2021
Tal avvik registrerte	23	24
Avvik melde til Datatilsynet	7	3

Det har i 2021 vore satsa på såkalla nano-opplæring av alle tilsette innan både informasjonssikkerheit og personvern. Dette er læring i «små porsjonar» med aktuelle tema innan fagområda. Ved utgangen av 2021 hadde om lag halvparten av dei tilsette gjennomført kursrekka innan informasjonssikkerheit, medan knapt 40 prosent hadde gjennomført tilsvarende opplæring innan personvern. Her står det att sju leksjonar som vil bli sende ut i 2022.

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern er omfattande og vil halde fram med full styrke i 2022. Mellom anna vil det bli utarbeidd ein handlingsplan for arbeidet med personvern med mål om å etablere overordna internkontroll. Det står også att ein god del arbeid knytt til etablering av databehandlaravtalar, kartlegging av behandlingsaktivitetar i kvar eining og utarbeiding av protokollar m.v.

Etikk og habilitet

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til høg etisk standard, jf. kommunelova § 14-7. I samsvar med verdiane til fylkeskommunen skal tilsette alltid tenkje og oppstre etisk, òg i situasjonar som ikkje er direkte nemnde i retningslinjene. Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt og oppstre på etisk forsvarleg vis, slik at dei ikkje skadar fylkeskommunen sitt omdøme.

Fylkeskommunen er med i organisasjonen Transparency International Norge og nyttar organisasjonen sitt verktøy "Antikorrupsjonshåndbok for kommuner". Handboka er lagt ut i det sentrale kvalitetsstyringssystemet til fylkeskommunen.

Vinteren 2021 vart det utvikla og gjennomført eit nettbasert kurs i dei sentrale habilitetsreglane i forvaltingslova. Kurset er obligatorisk for alle tilsette i fylkesadministrasjonen og rektorane. Det er også gjennomført kurs i samspelet mellom administrasjonen og dei folkevalde med merksemd på rolleforståing og formelle rammer. Målgruppa for kurset var leiarar i fylkesadministrasjonen. Med utgangspunkt i dei etiske retningslinjene vart det hausten 2021 gjennomført webinar med aktuelle etiske dilemma for fylkesadministrasjonen og tannhelsetenesta. Kurset er obligatorisk for alle



Det vart hausten 2021 gjennomført webinar med tema etiske dilemma for fylkesadministrasjonen og tannhelsetenesta. Framover blir det arbeidd med tilsvarende opplegg for tilsette i opplæringssektoren i fylkeskommunen.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

tilsette. Det vert arbeidd vidare med å utvikle tilsvarende opplæringsopplegg retta inn mot tilsette i opplæringssektoren.

Det er starta eit arbeid med å revidere dei etiske retningslinjene. Arbeidet heng saman med revisjonen av varslingsrutinen og vil bli sluttført i løpet av første halvår 2022. Når nye etiske retningslinjer er vedteke, vil det bli gjeve informasjon og gjennomført opplæring i heile organisasjonen.

Medarbeidarundersøking

Vestland fylkeskommune gjennomfører heilskaplege medarbeidarundersøkingar annakvart år. I 2021 har ein arbeidd med oppfølginga av medarbeidarundersøkinga som vart gjennomført i november 2020.

Mykje av dette arbeidet skjer lokalt i den einskilde avdeling/eining. På konsernnivå har det i 2021 vore arbeidd med to overordna område for utvikling og forbetring: tiltak mot mobbing, vald, seksuell trakkassering og rasisme og tiltak for kompetanseutvikling. Dette arbeidet vil halde fram inn mot neste medarbeidarundersøking hausten 2022. Arbeidet er nærmere omtalt under.

Krafttak mot mobbing, vald, seksuell trakkassering og rasisme

Forskinga rundt til dømes antimobbearbeid viser at effekten er best når arbeidet er ein del av det systematiske, gjennomgåande HMS-arbeidet og ikkje ber preg av skippertak. Difor

har det vore arbeidd med å styrke det systematiske HMS-arbeidet i heile organisasjonen, og styrke kompetansen til leiarar og medarbeidarar om korleis ein førebyggjer, handsamar og melder denne typen åtferd.

Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå HMS-K-teamet i HR-seksjonen, fylkeshovudverneombodet og hovudtillitsvalde har vurdert tiltak for å styrke dette arbeidet. Gruppa ser mellom anna på varslingsrutinar, samarbeidstiltak med NAV, nettbaseerte kurs og informasjonskampanjar.

Kompetanseutvikling

Medarbeidarundersøkinga viser at mange tilsette ønskjer å styrke eigen kompetanse. Pandemiåra 2020 og 2021 har redusert både kollegial kontakt og moglegheit til å hente inspirasjon utanfor organisasjonen, til dømes ved konferansar og møte.

Utviklinga i samfunnet krev at ein held seg fagleg oppdatert. Samstundes viser forskinga at læring mellom kollegaer i ein faktisk arbeidssituasjon («on the job training») kan vere meir effektivt enn tradisjonelle kurs for å auke kompetansen innan nøkkelferdigheiter. Dette set store krav til kompetanseoverføring og utvikling av leiarar og fagspesialistar. Mykje av kompetanseutviklinga skjer altså i det daglege arbeidet, og kompetanseutvikling er eit leiaransvar.

På konsernnivå er det utarbeidd skisse til plan for overordna kompetanse- og bemanningsplanlegging for å sikre at vi har



Skuleanlegga våre er gjennom året gjenstand for eksterne tilsyn, som lokale branntilsyn, eltilsyn, heistilsyn og så vidare. Her på Mo og Øyrane vidaregåande skule i Førde hadde dei tre tilsyn frå Mattilsynet i 2021, alle med ingen merknadar.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

felles tilnærming til temaet. Det sentrale leiarprogrammet vert også styrkt med opplæring i lokal kompetanseleiring.

Rapportering om intern-kontroll og statleg tilsyn

Med heimel i kommunelova § 25-2 vil fylkesdirektøren med dette rapportere til fylkestinget om internkontroll og resultat av statlege tilsyn.

Fylkestinget har vedteke reglement for folkevalde organ og delegering. Her er det regulert kva for mynde som er delegert til dei einskilde folkevalde organa, og kva mynde som er delegert til fylkesdirektøren. Dette omfattar også delegering etter særlov.

Fylkestinget har på denne måten fastsett rammeverket for korleis fylkeskommunen skal etterleve lover og forskrifter. Fylkesdirektøren har på si side utarbeidd administrativ fullmaksmatrise, som syner korleis fylkesdirektøren har delegert denne mynden vidare i organisasjonen. Kvar avdeling har også eigne rutinar og instruksar for korleis mynde er delegert i den einskilde avdeling. Dette er dokumentert i kvalitetssystemet.

Vidare overvaker fylkesdirektøren rettsutviklinga, og ser til at endringar vert implementerte både i reglement vedtekne av fylkestinget og i den administrative fullmaksmatrisa.

Sjølv om vedtaksoppfølging ikkje er nemnd i kommunelova § 25-1, har fylkesdirektøren i samsvar med kommunelova § 13-1, fjerde ledd, administrative rutinar for dette. Til dømes rapporterer fylkesdirektøren kvartalsvis til fylkestinget om oppfølging av verbpunkt i budsjettvedtak.

Dersom avvik oppstår, har fylkeskommunen rutinar for korleis dette skal handterast og lukkast.

Fylkesdirektøren vil ha ein gjennomgang av den heilskaplege rapporteringa i løpet av 2022 for å systematisere denne ytterlegare.

Når det gjeld statlege tilsyn kan fylkesdirektøren rapportere følgjande:

Vestland fylkeskommune har hatt ei rekke eksterne tilsyn i 2021. Mange av tilsyna er knytte opp mot skuleanlegga, i form av lokale branntilsyn, eltilsyn, heistilsyn osb. I 2021 har det vore gjennomført statlege tilsyn og revisjonar/sertifiseringar i regi av Statsforvaltaren, Arbeidstilsynet, Mattilsynet og ulike sertifiseringsinstitusjonar opp mot drifta ved dei vidaregåande skulane.

Status for dei aktuelle tilsyna går fram av tabellen under:

Eining	Tilsynsmynde	År	Rapporterte avvik	Status
Stryn vgs.	Mat-tilsynet	2021	Krav om utbetring av internkontrollrutinar for <ul style="list-style-type: none"> * skadedyrsikring/-kontroll * rutine reinhald for leigetakarar * rutine for handvask, som beskriv bruken av armatur med kort hendel 	Innført rutinar for skadedyr, kontrollsksjema for reinhald, skjema for reingjering og plakat for handvask. Avvik lukka.
Austrheim vgs.	Arbeids-tilsynet	2021	Pålegg om HMS-arbeid – beredskapsplan etter branntilløp.	Har samla aktuelle tiltak i ein beredskapsplan for skulen. Det er gjennomført utbetring av teknisk anlegg/ventilasjonssystem. Evakuéringsrutinen er gjennomgått og presisert og ny brannøving gjennomført. Avvik lukka.
Mo og Øyrane vgs.	Mat-tilsynet	2021	Fjørfehald: Ingen merknadar.	Avslutta.
Mo og Øyrane vgs.	Mat-tilsynet	2021	Svinehald: Ingen merknadar.	Avslutta.
Mo og Øyrane vgs.	Mat-tilsynet	2021	Foredlingsanlegg: Ingen merknadar	Avslutta.
Fitjar vgs.	Fitjar kommune	2021	Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. Ingen merknadar.	Avslutta.
Opplæringsavdelinga/fengselsundervisninga ved Sogndal vgs. og Åsane vgs.	Statsforvaltaren	2021	Fengselsundervisning.	Pågående prosess.
Hyssingen produksjonsskole avd. Bergen	Mat-tilsynet	2021	Kafédrift og restaurant- og matfag: Ingen merknadar.	Avslutta.
Hyssingen produksjonsskole avd. Hardanger	Mat-tilsynet	2021	Etterspurt meir informasjon om produksjon av plantar og formeringsmateriale.	Pågående prosess.
Årstad vgs.	Statsforvaltaren	2021	Opplæringslova kap. 9a om elevars skulemiljø: Ingen merknader.	Avslutta.
Opplæringsavdelinga/vaksenopplæring ved Bergen katedralskole, Voss vgs. og Stord vgs.	Statsforvaltaren	2020	Vaksenopplæring: Dei fleste avvika var knytte til utforming av enkeltvedtak.	Det er utarbeidd nye malar for alle vedtak. Ein har retta opp i rutinar for klargjering av søknad. I vedtak om tilbod om opplæring vert det tydelegare opplyst om organiseringa av opplæringstilbodet, slik at det vert føresetieleg for sokjar korleis opplæringa er organisert, og kva opplæringstilbod ein får. Avvik lukka.
Skyss	Arbeids-tilsynet	2018	Tilsyn relatert til bussførarplassens arbeidsmiljø og tryggleik. Skyss har ifølgje Arbeidstilsynet eit ansvar som oppdragsgivar, medan Nettbuss (no Vy) har arbeidsgivaransvaret.	Tilsynet har konkludert med at det ikkje er grunn til å gje pålegg til Skyss, men det vert stilt krav om opplysingar om vidare samarbeid med operatørane. Pågående prosess.
Skyss	Arbeids-tilsynet	2021	Gjeld oppfølging av forskrift 25.2.16 nr. 193 om busspassasjerers rettigheter § 5/vektertenesta ved Bergen busstasjon. Ber Skyss gjere greie for korleis ein vil sikre at personellet får spesifisert opplæring til å utføre assistanse til personar med nedsett funksjonsevne eller redusert mobilitet.	Skyss har svart tilsynet at det vert arbeidd med opplæringsmateriell, organisering og gjennomføring av opplæring. Tilsvaret er pt ikkje handsama.

Sentrale nøkkeltal og rapportering

Tilsette

Ved utgangen av 2021 var det 6033 (5448*) tilsette i Vestland fylkeskommune. Av desse arbeider 4064 (3622) i opplæringssektoren, 516 (440) i tannhelsetenesta og 1453 (1386) i fylkesadministrasjonen, der egedomsdrift, reinhaldstenester og IKT-skule inngår i talet. Utanom dei tre siste nemnde områda er talet på tilsette i fylkesadministrasjonen 1060 (1046).

*) tala i parentes viser årsverk

Kjønnsfordeling

59 prosent av dei tilsette i Vestland fylkeskommune er kvinner. Tannhelsetenesta har størst kvinnedel med 91 prosent. I opplæringssektoren er kvinnedelen 57 prosent. Blant IKT-konsulentane i skule er det menn som dominerer med 96 prosent av dei tilsette, medan kvinnene er i klart fleirtal blant reinhaldarane med 92 prosent. Ser vi på kjønnsfordelinga i leieande stillinger, er det ei overvekt av kvinner med 56 prosent mot 44 prosent menn.

Tilsette i deltidsstillingar

Ved utgangen av 2021 var det registrert 1649 tilsette i deltidsstillingar. Dette utgjer 27 prosent av alle tilsette i Vestland fylkeskommune. Dei som jobbar deltid fordeler seg med 68 prosent kvinner og 32 prosent menn. Totalt er 32 prosent av alle kvinnelege tilsette i fylkeskommunen i deltidsstillingar, medan delen av menn utgjer 21 prosent. Sidan 2020 har vi 31 færre deltidstilsette i fylkeskommunen noko som kan forklaraust blant annet gjennom merksemrd på heiltidskultur i organisasjonen, tillegg til at alle nye stillinger som hovudregel blir lyste ut som heiltidsstillingar.

Tilsette i mellombelse stillinger

Det var 509 tilsette i mellombelse stillinger i Vestland ved utgangen av 2021. Dette utgjer 8 prosent av tilsette i fylkeskommunen. Tala inkluderer vikarar, lærlingar, traineear og tilsette i prosjektstillingar. Dei som er tilsette i mellombelse stillinger, fordeler seg med 56,5 prosent kvinner og 43,5 prosent menn.

Tal på tilsette*	2020	2021
Totalt Vestland fylkeskommune	6 006	6 033
Kvinner	3 539	3 530
Menn	2 467	2 503
Sektorvis fordeling		
Fylkesadm./andre**	1 031	1 060
Kvinner	522	539
Menn	509	521
Opplæring***	4 072	4 064
Kvinner	2 333	2 305
Menn	1 739	1 759
Egedomsdrift og reinhald****	334	323
Kvinner	217	212
Menn	117	111
IT-konsulentar på vgs.*****	68	70
Kvinner	5	3
Menn	63	67
Tannhelse	501	516
Kvinner	462	471
Menn	39	45

Årsverk	2020	2021
Totalt fylkeskommunen*	5 394	5 448
Kvinner	3 125,2	3 154,3
Menn	2 269,1	2 293,9
Sektorvis fordeling		
Fylkesadm./andre**	1 014	1046
Kvinner	512	528
Menn	502	517
Opplæring***	3 609	3622
Kvinner	2 027	2034
Menn	1 582	1589
Eigedomsdrift og reinhald****	303	296
Kvinner	192	189
Menn	111	108
IT-konsulentar på vgs.*****	43	44
Kvinner	4	3
Menn	40	41
Tannhelse	426	440
Kvinner	391	401
Menn	35	39

* inkl. heiltidspolitikarar

** inkl. Skyss, Bybanen Utbygging, eigedomsavdelinga utan seksjon drift, adm. opplæring og heiltidspolitikarar

*** gjeld alle skular + rettleiing + områdeleiarar

**** gjeld eigedomsavdelinga - seksjon for drift og vedlikehald

*****gjeld SUD - IT-seksjon tenesteleveranse - tidlegare IKT-lokasjonsdrift i HFK

Likestillingsbarometer per 31.12.21	Kvinner	Totalt
Opplæring	2 305	4 064
Rektorar	16	43
Ass. rektorar	24	44
Tannhelsetenesta	471	516
Fylkestannlegen si leiargruppe inkl. områdeleiarar	6	6
Klinikkleiarar	21	24
Fylkesadministrasjonen	539	1 060
Fylkesdirektør og avdelingsdirektørar	2	8
Stabs-/seksjonsleiarar*	43	80
Skyss og Bybanen Utbygging - leiarar	10	24

* Utan tannhelse, kontrollsjef og fylkesdirektør m. avdelingsdirektørar.
Med områdeleiarar opplæring.

Tilsette i leiane stillingar	2020	2021
Kvinner	251 (54,6 %)	257(55,9 %)
Menn	209 (45,4 %)	203(44,1 %)

Prosentfordeling tilsette etter kjønn	2020	2021
Kvinner	58,9 %	58,5 %
Menn	41,1 %	41,5 %

Tilsette i deltidsstillingar	2020	2021
Totalt i fylkeskommunen	1 680	1 649
Kvinner i deltidsstillingar	1 183	1 119
Kvinner i deltidsstillingar (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	33,4 %	31,7 %
Menn i deltidsstillingar	497	530
Menn i deltidsstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	20,1 %	21,2 %

Midlertidig tilsette*	2021
Totalt	509
Prosent av tilsette i VLFK	8,4 %
Kvinner	288 (56,5 %)
Menn	221 (43,5 %)

* Som berre har midlertidig stilling.

Deltidstilsette*	2021
Totalt	1649
Prosent av tilsette i VLFK	27,3 %
Kvinner	1119 (67,9%)
Menn	530 (32,1%)

* Som samla har under 100 % stilling.

Likeverd og inkludering

Arbeidsgjevars aktivets- og orienteringsplikt

Aktivets- og orienteringsplikta er ei plikt for alle arbeidsgjevarar til å jobbe aktivt, målretta og planmessig med likestilling og ikkje-diskriminering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Rapporteringa i forbindelse med aktivets- og orienteringsplikta skal skildre korleis stoda er for kjønnslikestilling i Vestland fylkeskommune, og kva som er gjort for å oppfylle aktivetsplikta. Vidare skal ein gjere greie for kva som er gjort for å kartlegge risiko for diskriminering og hinder for likestilling knytt til dei sju personalpolitiske områda som er definerte i likestillingsloven:

- 1. Rekruttering**
1. Løns- og arbeidsvilkår
1. Forfremming
1. Utvikling og opplæring
1. Tilrettelegging
1. Kombinasjon av arbeid og familieliv
1. Trakkassering, seksuell trakkassering og kjønnsbasert vald

Utgreiinga nedanfor knytt til likeverd, mangfold og inkludering viser status for arbeidet i Vestland fylkeskommune.

Arbeidet med likestilling og mangfold er forankra og integrert i Vestland sin utviklingsplan (2020–2024) og temaplan for likeverd (2017–2021) utarbeidd av Hordaland fylkeskommune. Mål 1 i utviklingsplanen er «Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg». For å nå dette målet har Vestland ein strategi om å «utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon». Eitt av tiltaka for å nå dette er at Vestland fylkeskommune skal arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv med særleg merksemd på å auke delen tilsette med fleirkulturell bakgrunn. Arbeidet med å revidere temaplanen for likeverd er starta opp og vil bli sluttført i 2022.

Stoda for kjønnslikestilling

Kjønnsbalansen er relativt god på dei fleste nivå når det gjeld leiarstillingar. Ved utgangen av 2021 var det 27 mannlige og 16 kvinnelige rektorer, i stillinga som assisterande rektor 20 menn og 24 kvinner. Vidare er halvparten av dei fire regionsleiarane i opplæringssektoren kvinner. I tannhelsetenesta er det berre kvinner i leiargruppa. Dei fem områdeleiarane er kvinner, og 21 av dei 24 klinikksjefane er kvinner. Blant stabs-/seksjonsleiarane i fylkesadministrasjonen er det 32 menn og 41 kvinner. Blant avdelingsdirektørane er det fem menn og to kvinner.

Lønskartlegginga skal gjerast annakvart år, og første gong er for 2021.

Kjønnsdelt lønnsoversikt etter stillingskategoriar

Lønskartlegging på ulike stillingsgrupper			
Innpllassering	Kvinner	Menn	%*
Kapittel 4	548.050	568.925	96,3%
Kapittel 5	663.466	669.648	99,1%
Kapittel 3	819.611	870.111	94,2%

*Kvinner si løn i prosent av menn si løn

Lønnskapittel 4 i hovudtariffavtalen er det desidert største området og omfattar mellom anna alle pedagogane ved dei vidaregåande skulane, reinhaldarane, driftspersonale, merkantilt tilsette og miljøarbeidarane. I lønnskapittel 5 inngår mellom anna tannlegane, ingeniørane og ulike kategoriar rådgivarar. Leiarane er innplasserte i lønnskapittel 3 i hovudtariffavtalen.

Lønsskilnader mellom kvinner og menn		
Kvinner	Menn	%*
586.352	612.263	95,8%

*Kvinner si løn i prosent av menn si løn

Det kan vere krevjande å identifisere kjønnsbaserte lønsforskellar i praksis. Dette er eit komplekst saksområde med ei rekke nyansar. Fylkeskommunen vil halde fram med å ha merksemد på dette temaet i kommande lønsoppgjer.

Uttak av foreldrepermisjon og ufrivillig deltidsarbeid

I 2021 har kvinner i gjennomsnitt hatt 42 veker foreldrepermisjon, mot 16 veker i snitt for menn.

Kartlegginga av ufrivillig deltidsarbeid i Vestland fylkeskommune er gjort ved hjelp av ei spørjeundersøking i desember 2021. Spørjeundersøkinga vart sendt ut til alle tilsette som var registrerte med ein deltidsstilling på dette tidspunktet (1638 personar). Svarprosenten på undersøkinga var på 28 prosent (457 personar). Av dei som svarte på undersøkinga, var det 337 (74 prosent) tilsette som svarte at dei arbeider deltid.

I undersøkinga har årsaker til at tilsette arbeider deltid vorte kartlagt. Det vart vidare skild mellom arbeidstakrar som arbeider frivillig deltid, og arbeidstakrar som arbeider ufrivillig deltid. Av dei tilsette som har svart at dei jobbar deltid, svarer 130 kvinner og 44 menn at dei arbeider ufrivillig deltid. Av dei som har svart ønskjer nokon å arbeide heiltid, mens andre ønskjer å arbeide noko meir enn kva dei gjer i dag. Resultata og årsaker til ufrivillig deltidsarbeid blant dei tilsette som har svart på undersøkinga, er analysert på sektornivå, og tiltak vil verte vurdert og sette i verk.

Det er første gong ufrivillig deltid er kartlagt i Vestland fylkeskommune, og vi registrerer at svarprosenten til undersøkinga er låg. Likevel speglar det samla utvalet kvinner og menn som spørjeundersøkinga omfattar, fordelinga mellom kvinnelege og mannlege deltidstilsette. I vidare kartleggingar håper vi svarprosenten vil auke som følgje av betre kjennskap til kvifor kartlegginga vert utført. Andre måtar å innhente informasjon om temaet vil vurderast i det vidare arbeidet med å fremje heiltidskultur.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering

Likestilling handlar om kjønnsmangfold, men også om å sikre alle tilsette like rettar og moglegheiter, utan omsyn til mellom anna kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion. Likestilling og mangfold er inkludert i våre etiske retningslinjer, og Vestland fylkeskommune ønsker å vise respekt for enkeltmenneske. Fylkeskommunen arbeider aktivt for eit godt arbeidsmiljø prega av likeverd og mangfold.

Det er etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå HR, fagavdelingane og tillitsvalde. Gruppa arbeider strategisk med ulike tiltak for å fremme likestilling i Vestland fylkeskommune. Dei sju personalpolitiske områda som er nemnde innleiingsvis er styrande for arbeidet.

Leiarane i Vestland fylkeskommune er opptekne av tema som handlar om diskriminering og trakkassering, og både den administrative og politiske leiinga vil verte involvert i arbeidet med den nye likeverdsplanen og forankringa av denne.

Likestilling og mangfold er inkludert som ein del av verksemda sitt berekraftstema, og temaet skal følgjast opp knytt til arbeidet med utviklingsplanen til Vestland fylkeskommune.

Administrasjonen oppdaterer og rapporterer på arbeid knytt til likeverd og diskriminering til mellom andre administrasjonsutvalet og fylkesutvalet.

Arbeidsmiljøutvala vert også involvert i spørsmål om likestilling og ikkje-diskriminering.

Priorerte område og tiltak

Ein har i 2021 kome godt i gang med systematisk arbeid og tiltak knytt til likeverd, mangfold og inkludering i organisasjonen. Det har særleg vore sett sokjelys på varsling, mobbing, trakkassering og likestilling.

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med å verte sertifisert som likestilt arbeidsgjevar med bakgrunn i krava om auka aktivitet og utgreiing, og meir strukturert og planmessig arbeid, i likestillings- og diskrimineringslova.

Likestilt arbeidsliv er eit forskingsbasert arbeidsgjevarverktøy som skal sørge for likeverdig behandling, like rettar og like moglegheiter for alle i arbeidslivet. Formålet er å arbeide praktisk, planmessig og systematisk med mangfold og

likestilling i fylkeskommunen. Sertifiseringsordninga er ei prosessuell tilnærming for å arbeide med å fremme likestilling og hindre diskriminering i Vestland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune hadde signert det europeiske charteret for likestilling. Det er vedteke at Vestland fylkeskommune også skal gjere dette. Ved å signere dette pliktar fylkeskommunen seg til å støtte prinsippet om likestilling mellom kvinner og menn og til å iverksette plikter innanfor sitt geografiske område. For å bidra til realisering av desse oppgåvene, pliktar Vestland fylkeskommune å utarbeide ein handlingsplan for likestilling, der ein definerer eigne prioriteter, handlingar og ressursar til dette formålet.

I 2020 vart det gjort vedtak om at Vestland fylkeskommune skal vere ei antirasistisk sone. Arbeidet knytt til dette handlar om kva vi gjer eller ikkje gjer, som arbeidsgjevar, oppdragsgjevar, tenesteleverandør og samfunnsutviklar. Dei ulike einingane har hatt ansvar for sine område, og mykje av arbeidet har til no vore konsentrert om å få på plass gode rutinar:

- Det er oppretta ein eigen funksjon i skjemaet for varsling, der ein kan varsle særskilt om diskriminering på grunn av etnisitet og rasisme.
- Det er utarbeidd rutine for handtering av mobbing, trakkassering, diskriminering og rasisme.
- Eigne spørsmål for å fange opp rasisme er utarbeidde og skal inkluderast i neste medarbeidarundersøking i 2022.
- Rekrutteringsrutinar for å hindre diskriminering basert på etnisitet og andre diskrimineringsgrunnlag er gjennomgått.
- Fylkestinget har gjort vedtak om at Vestland fylkeskommune skal vere ein arbeidsgjevar som legg til rette for rekruttering av menneske med nedsett funksjonsevne og menneske med «hol» i CV'en sin.
- Tilbod om e-læringskurs i «mangfaldsrekrytering» og «mangfaldsleiring» via vår læringsportal KS-Læring.
- Samarbeid med eksterne aktørar som m.a. NAV og Bergens Næringsråd.
- Mål om å auke delen av tilsette med fleirkulturell bakgrunn som del av oppfølginga av utviklingsplanen for Vestland – årleg rapportering om utviklinga til administrasjonsutvalet.

Samla vurdering av arbeidet med likestilling, likeverd og inkludering

Arbeidet med likeverd, mangfold og inkludering har i 2021 blitt meir strukturert og planmessig, og det er gjennomført flere tiltak i samband med dette. Vestland fylkeskommune er i gang med å sertifisere seg til å bli ein «likestilt arbeidsliv»-bedrift med bakgrunn i krava om auka aktivitet og utgreiing i likestillings- og diskrimineringslova, og meir strukturert og planmessig arbeid. Sertifiseringsordninga er ei prosessuell tilnærming for å arbeide med å fremje likestilling og hindre diskriminering i fylkeskommunen i samsvar med likestillings-

lova. Gjennom prosessen med sertifiseringsordninga vil det verte arbeidd vidare med risiko- og årsaksanalysar, målretta tiltak og evaluering av arbeidet, jamfør diskriminerings- og likestillinglova § 26.

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i Vestland fylkeskommunen var i 2021 på 6,8 prosent. Det er ein auke frå 2020 der sjukefråværet var på 5,7 prosent. Sjukefråværet i fylkeskommunen har både i 2020 og 2021 vore høgare enn for landet elles. Det er stor merksemd på ulike tiltak for å redusere sjukefråværet i alle avdelingar, først og fremst nærværstiltak, men òg arbeid med å sikre god oppfølging av dei som er sjuke. Innan reinhald er det sett i verk eit prosjekt i samarbeid med bedriftshelsestesta for å kartlegge årsakene til fråvær for å kunne identifisere målretta tiltak.


Kjønnsskilnaden i fråværet i fylkeskommunen er tydeleg og på linje med norsk arbeidsliv elles. Fråværet for kvinner var på 8,5 prosent, medan det for menn var på 4,5 prosent.

Tannhelse er den sektoren som har høgast sjukefråvær. I 2021 var fråværet på 12,5 prosent som er ein auke på 0,8 prosentpoeng frå 2020. For skule/rettleiingstenesta var sjukefråværet på 6,3 prosent, og for fylkesadministrasjonen på 5,8 prosent.


Sjukefråværet fordelt på fråværslengd viser at størstedelen av fråværet er meir enn 16 dagar.

Det har vore ein auke i både eige- og legemeldt sjukefråvær for både kvinner og menn frå 2020 til 2021 i VLFK.


Sjukefråvær VLFK 2020 og 2021, samla og kjønn



Sjukefråvær utvalde sektorar for åra 2020 og 2021



Sjukefråvær VLFK 2020 og 2021, fordelt på lengde og kjønn



Fordeling av eige- og legemeldt sjukefråvær i VLFK, fordelt på kjønn for åra 2020 og 2021



Lønsoppgjerset

Forhandlingsoppgjerset i 2021 resulterte i ein årslønsvekst på 2,82 prosent.

Dette ga rom for å møte mange av dei lønsmessige utfordringane avdelingane har hatt, herunder òg omsyn til dei som stod i førstelina i høve til pandemien.

Vi sökte å balansere ønskje om ei lønsutvikling til alle, samstundes som vi ønskje å bruke lønspolitikken og løfte nokon på individuelt grunnlag.

I det store lønskapitelet 4 vart det meste nytt i dei sentrale forhandlingane, medan 0,25 prosent gjekk til lokale forhandlingar med verknad frå 1. oktober.

Det lokale oppgjerset i 2021 vart gjennomført utan mekling. Dei fleste organisasjonane har meldt tilbake at dei var nøgde med gjennomføringa og resultatet av forhandlingane.

Lønsharmonisering

I samsvar med intensjonsavtalen for fylkessamanslåinga har det vore gjennomført eit omfattande arbeid knytt til harmonisering av forskjellar i løn mellom tilsette i dei to tidlegare fylkeskommunane. Arbeidet vart gjennomført i samarbeid med hovudtillitsvalde, og fylkestinget sette av 10 millionar kroner til dette.

Samarbeid med tillitsvalde

Det er tillitsvalde for 27 arbeidstakarorganisasjonar i Vestland fylkeskommune, og dei største organisasjonane

er tildelt frikjøpsressurs heilt eller delvis. Pr. 31.12.21 var hovudtillitsvalde frikjøpt i vel 14 årsverk. I tillegg er det sett av ressursar på skulane til plassstillitsvalde for dei største organisasjonane. Vidare har fylkeshovudverneombod og assistente fylkeshovudverneombod frikjøp i til saman 1,6 årsverk.

Medråderetten for dei tillitsvalde vert utøvd gjennom representasjon i lovbestemte og andre utval/møteorgan (administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval, informasjons- og drøftingsmøte, partssamansette arbeidsgrupper m.m.).

I 2021 vart det gjennomført elleve informasjons- og drøftingsmøte på konsernnivå, pluss ein evalueringskonferanse om medråderetten. I tillegg kjem samhandlingsmøte på avdelings- og/eller einingsnivå.

Lærlingar og traineear

Fylkeskommunen hadde hausten 2021 totalt 75 aktive lærekontraktar innan ni ulike fagområde. Det er stort behov for lærepassar, og fylkeskommunen tar samfunnsansvar ved å tilby lærepass innan dei fagområda som naturleg fell inn under oppgåvene til verksemda.

Hausten 2021 gjorde fylkeskommunen vedtak om at alle avdelingane skal tilsette minimum ein trainee frå og med hausten 2022. Det er etter dette lyst ut seks traineestillingar i Trainee-Vest sitt program og fem i Framtidsfylket Vestland sitt traineeprogram. Dette er ei auke på åtte traineestillingar frå traineiperioden 2021 til 2022. Dei nye traineene vil starte opp i august 2022.

Ved å støtte opp om Framtidsfylket Vestland og Trainee Vest sine traineeprogram, ønskjer Vestland fylkeskommune å gje nyutdanna med bachelor- eller mastergrad relevant jobberfaring for å hjelpe dei inn i arbeidslivet og å tilføre fylkeskommunen arbeidskraft med ny og aktuell kompetanse. Begge traineeprogramma strekk seg over eitt år.

Elev- og lærlingombodet i Vestland

Elev- og lærlingombodet arbeider på eit fritt og uavhengig grunnlag og skal vere ein ressurs for elevar i vidaregåande skule og lærlingar. Det er låg terskel for å ta kontakt, og ombodet legg vekt på å løyse sakene på lågast mogleg nivå mellom dei partane saka gjeld.

Elev- og lærlingombodet samarbeider med rettleiingstenesta, som har kontor i kvar region i Vestland fylke. Dette samarbeidet opplever ombodet som svært positivt. Det fører til rask hjelp til den enkelte elev og lærling i nærområdet deira. Av denne grunnen blir det mindre reising for ombodet. I tillegg har både skular og lærebodrifter blitt flinke til å invitere til digitale møte.

Trivselstiltak og merksemd på kvalitet i opplæringa gir god effekt med tanke på førebygging av mobbing både i skule, lærebodrift og lokalmiljø elles.

Fylkeskommunen hadde to elev- og lærlingombod fram til 1. august 2021, og deretter eitt resten av året. Det vert arbeidd med å rekruttere nytt ombod.

Her følgjer oversikt over tal førespurnader frå elevar og lærlingar i 2021 samanlikna med 2020:

År	Elevar	Lærlingar	Andre	Totalt
2021	104	237	3	344
2020	113	262	6	381

Årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet vart skriven med utgangspunkt i skuleåret 2020–2021 og vart lagt fram for fylkestinget i september 2021.

Mobbeombodet i Vestland

Mobbeombodet sine tenester er eit lågterskeltilbod for barn, elevar i grunnskulen og føresette i Vestland. Gjennom råd og rettleiing bidreg ombodet til at barn og unge skal få oppfylt retten sin til trygge og gode barnehage- og skolemiljø.

I 2021 fekk mobbeombodet om lag 190 førespurnader knytt til barnehage- og skolemiljø. Dette er ein liten auke frå 185 slike førespurnader i 2020.

Når foreldre har teke kontakt, har det dreidd seg om å få råd og rettleiing når barnet deira ikkje har det trygt og godt; kva dei kan og bør gjere, kva dei har rett på og kvar dei kan få den hjelpe dei treng. Mange foreldre har òg fortalt om at uroa deira har blitt bagatellisert av barnehagen eller skulen.

Når tilsette har teke kontakt med mobbeombodet, har det handla om handtering av urolege klassemiljø, om undersøking og om tiltak. Tilsette i barnehage og skule har òg bedt om konkrete råd som gjeld prosess og samarbeid i skolemiljøsak.

Mobbeombodet meiner at barnehage- og skuleeigarar i Vestland må gjere meir for at alle barn og elevar skal ha det trygt og godt. Det dreier seg om at

- elevar og føresette må vite kva dei har rett på
- tilsette og føresette må vite kva dei kan gjøre når barnet kjenner seg utrygt
- dei må vite kvar dei kan få hjelp
- dei må vite kvar dei skal melde frå dersom det skulen/barnehagen gjer ikkje hjelper

Mobbeombodet meiner òg at barnehage- og skuleeigarar må gjere meir for å trygge og støtte eigne tilsette i arbeidet med både førebygging og handtering av urolege miljø og mobbing.

Årsmeldinga frå mobbeombodet vart skrive med utgangspunkt i barnehage- og skuleåret 2020–2021, og vart lagt fram for fylkestinget i september 2021.

Rekordresultat

Vestland fylkeskommune hadde eit mindreforbruk i drifta på 350 mill. kr i 2021. Netto driftsresultat vart 9,1 prosent – opp frå 7,4 prosent i 2020. Statleg støtte til drift av kollektivtrafikken, saman med betre skatteinngang, høge kraftinntekter og sparade kostnader grunna korona forklarer det gode resultatet.

Driftsrekneskap

Tal i mill. kr

	Reknesk. 2020	Reknesk. 2021	Budsjett 2021
+ Skatt og rammetilskot	10 360,6	11 150,9	10 778,0
+ Andre driftsinntekter	4 176,4	4 366,9	2 912,2
- Sum driftsutgifter (eksl. avskr.)	12 650,0	13 246,4	12 602,8
= Brutto driftsresultat	1 887,0	2 271,4	1 087,4
- Netto renteutgifter	188,4	153,2	177,4
- Avdrag	617,4	699,8	700,0
= Netto driftsresultat	1 081,2	1 418,4	210,0
Driftsmidl. til investeringar	655,2	750,7	751,1
Avsetjing til bundne fond (netto)	364,2	80,6	-259,8
Avsetjing til disp.fond (netto)	61,8	587,1	-281,3
Sum disponeringar	1 081,2	1 418,4	210,0
Sum disponeringar			

Driftsrekneskapen for 2021 vart gjort opp i balanse, i samsvar med rekneskapsforskriftene. Ved rekneskapsavslutninga vart det sett av 350,2 mill. kr til disposisjonsfond. Vidare strauk ein all bruk av disposisjonsfond på totalt 379,8 mill. kr.

Budsjettavvik

Det viktigaste bidraget til det gode resultatet kom frå sentrale inntekter. Skatteinntektene auka med 16,9 prosent frå 2020 til 2021. Skatt og inntektsutjamning vart 290,4 mill. kr høgare enn budsjettet. Også i rammetilskot fekk fylkeskommunen meir enn budsjettet. Storparten av avviket på 82,5 mill. kr

skuldast ei utbetaling i desember av kompensasjon for svikt i kollektivinntektene.

Høge kraftprisar i 2. halvår gav meirinntekter frå konsesjonskraft på 94,4 mill. kr.

Dei to største sektorane, opplæring og kompetanse og mobilitet og kollektiv, hadde innsparinger. Mobilitet og kollektiv hadde ei innsparing på 151,7 mill. kr. Staten har gjeve full kompensasjon for tapte billettinntekter, medan vi har hatt innsparingar på kostnadssida. Indeksreguleringa av særleg busskontraktane har slått gunstig ut dette året.

Opplæring og kompetanse viser ei innsparing på 40,5 mill. kr. Ei årsak til mindreforbruket er innverknaden pandemien har hatt på arbeidet til rettleiingstenesta. I tillegg er det mindreforbruk innanfor administrasjon, medan rekneskapsen for dei vidaregåande skulane i stor grad balanserer med budsjettet eller har mindreforbruk som vert sett av til disposisjonsfond. Skulefonda er samla på 110 mill. kr ved utgangen av 2021, ein auke 38,4 mill. kr samanlikna med 2020.

Infrastruktur og veg hadde budsjettoverskridning på nær 17 mill. kr i 2021. Det skuldast hovudsakleg høgare vedlikehaldskostnader i dei nye kontraktane som tok til å gjelde hausten 2021. Kultur, idrett og inkludering og innovasjon og næringsutvikling hadde også mindre overskridinger.

Tannhelsetenesta kom ut i balanse i 2021 etter at det er sett av midlar på disposisjonsfond for tannhelsedistrikta. I motsetnad til i 2020 løvvde staten i 2021 kompensasjonsmidlar for inntektstapet i denne tenesta. Det medverka til det betra resultatet samanlikna med 2020.

Stabsavdelingane strategisk utvikling og digitalisering og organisasjon og økonomi hadde mindreforbruk. Ein del av innsparinga skuldast verknader av pandemien med mindre reiseverksemd og meir digitale samarbeidsformer enn lagt til grunn i budsjettet. Innanfor organisasjons- og økonomiavde-



Tannhelsetenesta fekk i 2021 kompensasjonsmidlar frå staten for inntektstapet i samband med koronapandemien. Det gjorde resultatet for 2021 betre enn i 2020.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

linga har eigedomsavdelinga eit mindreforbruk på 5 mill. kr.


Tabellen nedanfor summerer opp budsjettavvik på sektorane:

	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Politisk styring og kontrollorgan	54,5	66,3	11,8
Organisasjon og økonomi	679,2	699,5	20,3
Strategisk utvikling og digitalisering	184,6	186,8	2,2
Tannhelse	279,6	279,7	0,1
Innovasjon og næring	222,7	222,3	-0,4
Opplæring og kompetanse	3 512,7	3 553,2	40,5
Kultur, idrett og inkludering	336,0	332,9	-3,1
Mobilitet og kollektivtransport	2 788,4	2 940,1	151,7
Infrastruktur og veg	1 249,6	1 232,7	-17,0
Fellesinntekter og -utgifter	-9 657,6	-9 513,5	144,1
	-350,2	0,0	350,2

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Det viser kva vi har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekka. «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» har rådd til at netto driftsresultat for fylkeskommunane bør utgjere 4 prosent av driftsinntektene.

I opphavleg budsjett var netto driftsresultat 4,6 prosent, men det gjekk langt betre. Rekneskapen enda opp med eit netto driftsresultat på heile 9,1 prosent.



Gjennomsnittleg netto driftsresultat for fylkeskommunane vart 7,4 prosent i 2021. Både Vestland og gjennomsnittet av fylkeskommunane hadde betring i netto driftsresultat frå 2020 til 2021.

Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter fordeler seg slik på avdelingar/sektorar:

Mill. kr	2020	2021
Politisk styring og kontrollorgan	57,1	59,3
Organisasjon og økonomi	800,3	848,7
Strategisk utvikling og digitalisering	197,9	222,2
Tannhelse	412,4	428,1
Innovasjon og næring	521,8	542,3
Opplæring og kompetanse	4 186,7	4 269,9
Kultur, idrett og inkludering	713,1	718,9
Mobilitet og kollektivtransport	4 128,2	4 225,4
Infrastruktur og veg	1 452,6	1 638,8
Fellesfunksjonar	47,7	156,2
Aktivitetar utanfor fylkeskom. område	132,2	136,6
Sum brutto driftsutgifter	12 650,0	13 246,3

Brutto driftsutgifter auka med 4,7 prosent frå 2020 til 2021. Driftsinntektene hadde noko større auke med 6,7 prosent.

Opplæring og kompetanse og mobilitet og kollektivtransport er dei to største sektorane. Kvar av dei står for om lag 32 prosent av fylkeskommunen sine brutto driftsutgifter.

Finansielle måltal

I budsjettet er det sett opp fire finansielle måltal. Dette er nøkkeltal som gir indikasjonar om den økonomiske stoda. Alle tala er rekna i prosent av sum driftsinntekter.

	2020	2021	Mål
Netto driftsresultat	7,4 %	9,1 %	4 %
Netto gjeldsgrad	92,8 %	90,3 %	< 115 %
Rente- og avdragsbelastning	6,2 %	5,9 %	5 %
Disposisjonsfond	8,4 %	11,7 %	10 %

Store meirinntekter og innsparinger i drifta gjorde at netto driftsresultat kom opp i 9,1 prosent i 2021.

Eit mål som har fått mykje merksemd, er at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 prosent. Målet gjeld for økonomiplanperioden. På lang sikt er målet å kome ned mot 75 prosent.

I 2021 auka driftsinntektene meir enn gjelda, og netto gjeldsgrad gjekk ned til 90,3 prosent. Etter to år med nedgang i gjeldsgraden, synest det kanskje ikkje heilt uoppnåeleg å kome ned mot 75 prosent. Men investeringsplanane dei komande åra tilseier likevel at det vert utfordrande å halde seg under 115 prosent.

Rente- og avdragsbelastning kan vere ein interessant storleik, til dømes når vi samanliknar oss med andre fylkeskommunar. Jo større del av inntektene som går med til renter og avdrag, dess mindre har vi igjen til anna drift. Men det er ikkje nødvendigvis slik at dette nøkkeltalet bør vere så lågt som råd. Vestland fylkeskommune betalte i 2021 261 mill. kr meir i avdrag enn minimumsavdraget vi var pliktige til etter kommunelova. På kort sikt kunne vi difor sett ned avdragsbelatinga og fått lågare rente- og avdragsbelastning. Men på lang sikt kan det likevel vere fornuftig å betale høgare avdrag for å bremse veksten i gjelda.

Som følgje av det gode resultatet i 2021 auka disposisjonsfonda til 11,7 prosent av driftsinntektene. Det gjev fylkeskommunen ein god «buffer».

Resultat 2021 samanlikna med tidlegare år

Vestland fylkeskommune starta drifta frå 2020 som ein ny organisasjon. Det er dermed vanskeleg å få samanliknbare tal mellom Vestland sine første driftsår og dei føregåande driftsåra for dei to tidlegare fylkeskommunane.

Hovudgrunnen til dette er endringar som skjedde i finansieringa av fylkeskommunen frå 2020. Då vart blant anna inntektssystemet endra, og ordninga med sams vegadministrasjon vart avvikla, samstundes som den nye fylkeskommunen starta drifta.

Tabellen framfor viser nokre overordna nøkkeltal over utviklinga frå 2020 til 2021, som gjev peikepinn på stoda i Vestland fylkeskommune ved utgangen av 2021 samanlikna med første driftsår 2020.

Vurdering av den økonomiske stillinga

Ved budsjetthandsaminga både for 2020 og 2021 hadde vi merksemd på at Vestland fylkeskommune stod i ein krevjande situasjon. Det første driftsåret måtte vi handtere ein kraftig auke i utgiftene til ferjedrift som følgje av overgang til elektrisk drift.

Men utviklinga i 2020 og 2021 har vore positiv. Alle nøkkeltala som er presenterte framfor, har synt positiv utvikling.

Eit høgt netto driftsresultat og solide disposisjonsfond gjer at vi har ein buffer til å tolle svingingar i økonomien. Men det er framleis utfordringar når vi ser framover. Overgang til utsleppsfri drift av snøggbåtane vil venteleg medføre auka driftsutgifter. Det er usikkert korleis billettinntektene i kollektivtrafikken vil utvikle seg etter pandemien. Vidare er det grunn til uro over kostnadsutviklinga for driftskontraktane

på fylkesvegane. Også når det gjeld investeringar har vi sett ei prisstiging som ligg langt over det kommunesektoren har fått kompensert gjennom den kommunale deflatoren.

Den aller største utfordringa er likevel det høge investeringsnivået det er lagt opp til i dei siste økonomiplanane. Når rentenivået no er på veg oppover, vil ein kraftig vekst i lånegjelda bli svært tyngande.

Investeringar

Tal i mill. kr

	Reknesk. 2020	Reknesk. 2021	Budsjett 2021
Administrasjonslokale	257,3	324,4	329,2
Opplæring og kompetanse	455,1	503,5	737,4
Andre bygninger og utstyr	47,6	108,9	170,5
Mobilitet og kollektiv-transport	2 087,8	3 352,5	2 161,8
Infrastruktur og veg	2 015,8	2 028,0	2 244,3
Aksjar og avdrag på lån	25,8	26,2	26,2
Sum investeringsutgifter	4 889,5	6 343,5	5 669,5
	Reknesk. 2020	Reknesk. 2021	Budsjett 2021

Finansiering:

Kompensasjon mva.	433,0	388,1	664,3
Tilskot og refusjonar	2 343,2	3 385,2	2 515,3
Sal av anleggsmidlar	44,6	15,7	25,7
Sal av finansielle anleggsmidlar		141,4	141,4
Mottatt avdrag på utlån	17,2	23,5	23,5
Bruk av lån	1 030,8	1 226,9	1 226,9
Overført frå drift	655,2	750,7	751,1
Bundne investeringsfond (netto)	-158,6	8,4	
Ubundne investeringsfond (netto)	524,1	403,6	321,3
Sum finansiering	4 889,5	6 343,5	5 669,5

Investeringsrekneskapen viser totale utgifter på 6 343,5 mill. kr i 2021. Budsjettet var på 5 669,5 mill. kr. Forbruket på dei fleste områda var godt innanfor budsjettet, men forbruket innan mobilitet og kollektiv overskred budsjettet i 2021. Det

store prosjektet her er bybane til Fyllingsdalen, men det er også brukt meir enn budsjettet til ladeanlegg på ferjekaiar.

Dei to avdelingane mobilitet og kollektivtransport og infrastruktur og veg stod for nær 85 prosent av fylkeskommunen sine investeringar.

Til bybane til Fyllingsdalen gjekk det med 2 864 mill. kr i 2021. Parallelt med bybanesporet vert det bygd sykkelstamveg. Ei anna gruppe av prosjekt var ladeanlegg på ferjekaiar, med samla investeringar på 323,9 mill. kr.

Av store vegprosjekt kan vi nemne 454 mill. kr til rassikring, 539 mill. kr til miljøloftet, 221 mill. kr til rehabilitering og oppgradering av tunnelar og 189 6 mill. kr til Askøypakken.

Dei største prosjekta under opplæring var Førde vgs./Campus Førde med 159,3 mill. kr og Sogndal vgs. avdeling Kaupanger/ViteMeir med 112,4 mill. kr.

Investeringane vert finansierta frå fleire ulike kjelder. Den største summen i tabellen framfor er tilskot og refusjonar. Her inngår bompengar med 1 190,6 mill. kr. Av bompengane gjekk 923 mill. kr til bybaneutbygging og 267,6 mill. kr til veginvesteringar. Vidare gjev staten store tilskot, i første rekke til bybaneutbygginga. Dette prosjektet skal i prinsippet finansierast fullt ut med bompengar og statstilskot.

1 226,9 mill. kr av investeringsutgiftene var finansierta med lån og 750,7 mill. kr med midlar frå drifta.

Utvalde tal frå balansen

Tal i mill. kr

	2020	2021
Bankinnskot og kontantar	4 381,6	4 340,3
Obligasjonsfond	215,3	218,6
Sum likvide midlar	4 596,9	4 558,9
Disposisjonsfond	1 221,7	1 820,7
Bundne driftsfond	1 035,4	1 104,2
Ubundne investeringsfond	464,4	60,8
Bundne investeringsfond	227,6	219,2
Sum fond	2 949,1	3 204,9
Langsiktig gjeld	14 298,4	14 450,1



Vestland fylkeskommune har ei rekke store bygge- og investeringsprosjekt i år framover. Eitt av dei er her i Førde, der nye Førde vidaregåande skule på Øyrane skal erstatte dei eksisterande skulane Hafstad og Mo og Øyrane.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Likviditet

Sum likvide midlar var 4 558,9 mill. kr ved utgangen av 2021. Fylkeskommunen har med dette svært god likviditet. Ei viktig forklaring på dette er midlane vi har i fond.

Likviditeten var nesten uendra fra 2020 til 2021. Med så store positive budsjettavvik i driftsrekneskapen, kunne vi kanskje ha venta ei monaleg styrking av likviditeten. Men bruk av midlar til investeringar har motverka det. Vi har brukt midlar både frå ubundne investeringsfond og ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

Fond

Sum fond utgjorde 3 204,9 mill. kr ved utgangen av året. Det er ein auke på 255,8 mill. kr. Disposisjonsfond auka monaleg og kom opp i 1 820,7 mill. kr. Ved årsavslutninga kunne vi setje av eit mindreforbruk på 350,2 mill. kr til disposisjonsfond. I tillegg vart all bruk av disposisjonsfond stroke. Det meste av det fylkeskommunen hadde av ubundne investeringsfond er blitt brukt i løpet av 2020 og 2021. Det stod berre igjen 60,8 mill. kr ved utgangen av 2021.

Lån

Lån utgjorde 14 450,1 mill. kr, ein auke på 151,7 mill. kr. Det vart teke opp mindre nye lån enn budsjettet dette året fordi vi hadde ubrukte lånemidlar frå tidlegare år. Ubrukte lånemidlar vart reduserte med 351,9 mill. kr til 192,1 mill. kr.

Netto gjeldsgrad gjekk ned frå 92,8 prosent til 90,3 prosent i 2021. Sjølv om det var ein viss auke i lånegjelda, auka driftsinntektene vesentleg meir.

Premiss for løying

Budsjettarbeidet for 2021 var prega av pandemien, og uvisse om kor lenge denne ville vare, om det vart heile eller berre delar av budsjettåret.

Den viktigaste premissen for inntektsida i budsjettet er det statlege inntektssystemet, der fylkeskommunen sitt rammetilskot kjem fram. Andre viktige budsjettpremissar på inntektsida er kollektivtrafikkinntektene, der den statlege kompensasjonsordninga spelte ei avgjerdande rolle både i 2020 og 2021.

Budsjettet er vedteke på rammenivå for dei ulike sektorane. Budsjettreglementet regulerer fullmakter til å gjere budsjettendringar både på politisk og administrativt nivå.

På administrativ side det utarbeidd ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesdirektøren til avdelingsdirektørane. Oppdragsbreva viser kva fylkesdirektøren ventar at avdelingsdirektørane skal gjennomføre i året, og det vert peika på ansvarsområda til direktøren, under dette samla budsjettramme. Fylkesdirektøren har regelmessige statusmøte for å sikre framdrifta og følgje opp økonomistyringa.

Utviklingsplanen for Vestland fylke (regional planstrategi) har mål med tilhøyrande strategiar. Effektiv og resultatorientert planlegging krev kopling mellom handlingsprogram, tiltakoplanar og økonomistyringa, og vi arbeider med å kople plansystem og økonomisystem.

Rutinar for oppfølging

Budsjettoppfølging gjennom året følgjer to løp: eit politisk og eit administrativt.

Politisk nivå har budsjettoppfølging gjennom rapportar til fylkestinget kvart tertial i tillegg til godkjenning av rekneskapen etter at denne er lagt fram. Fylkestinget handsamar to tertialrapportar gjennom året, ein per april og ein per august. Tertialrapportane gjennomgår utviklinga og har prognose for resten av året både for investerings- og driftsbudsjettet. Til dømes vert framdrift for store investeringsprosjekt vurdert, der fylkestinget gjennomfører budsjettendringar ved større avvik frå premissen for bruken av løyvinga. Det same gjeld for driftsbudsjettet.

For finanssektoren vert det gjennom året lagt fram eigne rapportar til fylkestinget kvart tertial. I første kvartal vert det i

tillegg lagt fram ein årsrapport for finans, der vi ser utviklinga i året mellom anna opp mot det vedtekne finansreglementet.

I samband med budsjettvedtaket gjer fylkestinget også det som vert kalla vedtak om verbapunkt. Det er politiske premissar for einskilde delar av budsjettet, for spesielle saker eller område. Verbapunktene er i mange tilfelle initiativ som krev utgreiing og sakshandsaming, der framdrifta for dette arbeidet vert rapportert til fylkestinget kvart kvartal.

Administrativt nivå har i tillegg kvartalsvis budsjettoppfølging. Fylkesdirektøren har sektorvise møte med avdelingsdirektørane med gjennomgang av budsjettutviklinga. Til desse møta er det utarbeidd sektorvise prognosar for rekneskapen mot slutten av året opp mot vedteke budsjett. I tillegg gjennomgår vi sektoren si oppfølging av budsjettvedtaket til fylkestinget for å sikre at fylkestinget sine premissar for løyvinga vert gjennomførte.

Vurdering av risiko

Vestland fylkeskommune sitt budsjett er stort og femner om ulike sektorar. Risikovurderingane er difor ulike frå sektor til sektor. Størst økonomisk risiko er det innanfor premissane for kollektivtrafikkinn tektene. Pandemien har hatt stor innverknad på desse inntektene i 2020 og 2021, og den statlege kompensasjonsordninga har vore avgjerande for å unngå stor svikt i desse inntektene.

Eit anna område der det er risiko, er utviklinga i rentenivået. Vestland fylkeskommune har høg gjeld, og utviklinga i rentenivået er ein premiss det er stor merksemeld i budsjettarbeidet. I årsmeldinga elles er det omtalt verknader av pandemien innanfor ulike sektorar, og utslag denne har fått for budsjettet.

KOSTRA

Kommune – stat – rapportering

Nedanfor har ein henta fram nokre nøkkeltal som Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserte 15.03.22. Ein kan her samanlikne Vestland fylkeskommune med gjennomsnittet av fylkeskommunane utanom Oslo.

Tal i prosent av brutto driftsinntekter	Vestland 2022	Vestland 2021	Landet u/ Oslo 2021
Netto driftsresultat	7,4 %	9,1 %	7,4 %
Arbeidskapital	19,9 %	18,4 %	21,5 %
Netto renteeksponering	46,4 %	46,1 %	29,1 %
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktning	98,4 %	93,1 %	77,2 %
Fri eigenkapital drift	8,4 %	11,7 %	15,7 %
Brutto investeringsutgifter	35,4 %	40,7 %	19,9 %
Eigenfinansiering av investeringane i % av totale bto. inv.	80,0 %	80,6 %	60,0 %
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	16 218	17 388	15 639

Netto driftsresultat for Vestland fylkeskommune vart 9,1 prosent, medan gjennomsnittet for fylkeskommunane var 7,4 prosent. Arbeidskapital er eit mål på likviditet. Likviditeten er vurdert å vere svært god i Vestland. Likevel ligg ein litt under landsgjennomsnittet.

Netto renteeksponering gir ein indikasjon på kor mykje av fylkeskommunen si gjeld som er eksponert for rentesvingningar. Kostratala inneholder ikkje opplysningar om rentebinding, men ein ser på total gjeld og reduserer for den delen som vert oppvege av innskot og rentekompensasjonsordningane. Når renteeksponert gjeld utgjer 46,1 prosent av driftsinntektene, er konsekvensen at 0,46 prosent av driftsinntektene vil gå med for å dekke inn ein renteoppgang på 1 prosentpoeng.

Tabellen over viser at langsiktig gjeld utgjer 93,1 prosent av driftsinntektene. Vestland fylkeskommune har elles for det meste nytta «netto langsiktig gjeld» i sine nøkkeltal. Då vert gjelda redusert med utlån og unytta lånemidlar. Rekna på

denne måten utgjer netto gjeld 90,3 prosent av driftsinntektene.

Fri eigenkapital drift vil seie disposisjonsfond. SSB reknar at ein har stor grad av økonomisk handlefridom når nøkkeltalet er over 8 prosent. Vestland har disposisjonsfond som utgjer 11,7 prosent av driftsinntektene. Ein ser likevel at landsgjennomsnittet er ein god del høgare med 15,7 prosent.

Brutto investeringsutgifter i Vestland utgjer 40,7 prosent av driftsinntektene. Dette er dobbelt så høgt som landsgjennomsnittet. Men så er også eigenfinansieringa høg i Vestland. Som eigenfinansiering vert rekna alt anna enn lånefinansiering. Dvs. at både statstilskot og bompengar er definert som eigenfinansiering.

Siste linje i tabellen viser frie inntekter (dvs. skatt og rammetilskot) per innbyggjar. Vestland ligg 1 749 kr (11,2 prosent) over landsgjennomsnittet.

Vidaregående opplæring	Vestland 2020	Vestland 2021	Landet u/ Oslo 2021
Netto driftsutgifter per innbyggjar 16–18 år	171 831	171 904	188 919
Netto driftsutg. til vidare-gåande utd. av samla netto driftsutg.	40,5 %	39,6 %	47,0 %
Ungdom 16–18 år i vidare-gåande opplæring	94,4 %	94,2 %	94,0 %
Elevar per skule	423	408	462
Elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram	53,8 %	54,5 %	53,1 %
Elevar per lærarårsværk	8,3	8,4	8,5
Elevar	24 398	23 927	177 768
Lærlingar	6 395	6 692	44 220

Netto driftsutgifter til vidaregående opplæring i Vestland utgjer kr 171 904 per innbyggjar 16–18 år. Dette er 9 prosent lågare enn landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til vidaregående utdanning utgjer 39,6 prosent av Vestland sine totale driftsutgifter, medan landsgjennomsnittet er 47,0 prosent. Dette er relativt stor skilnad. På samferdselsområdet er det motsett. Der brukar Vestland vesentleg meir enn landsgjennomsnittet.

94,2 prosent av ungdom mellom 16 og 18 år er i vidaregående opplæring. Dette er om lag som gjennomsnittet for landet med 94,0 prosent. Noko større del av elevane er i yrkesfaglege utdanningsprogram i Vestland (54,5 prosent) enn gjennomsnittet for landet (53,1 prosent).

Vestland har færre elevar per skule enn landsgjennomsnittet, 408 mot 462. Elevar per lærarårsværk er 8,4 i Vestland mot 8,5 for landet.

Samferdsel Tal i kr per innbyggjar	Vestland 2020	Vestland 2021	Landet u/ Oslo 2021
Brutto driftsutgifter til samferdsel	9 518	9 986	7 090
Brutto investeringsutgifter til samferdsel	6 865	8 400	3 069
Netto driftsutgifter til kollektivtransport (buss, båt, bybane)	2 961	3 219	2 506
Netto driftsutgifter til fylkesvegferjer	1 476	1 234	633
Netto driftsutgifter til fylkesveg per kilometer	308 277	334 420	264 856
Reiser med kollektivtransport per innbyggjar	83	103	53
Brukavar av transportordn. for funksjonsh. per 1000 innb.	25	23	19

Av tabellen går det fram at Vestland har vesentleg høgare utgifter til samferdselsføremål enn landsgjennomsnittet. Ikke minst gjeld dette investeringar.

Tannhelse	Vestland 2020	Vestland 2021	Landet u/ Oslo 2021
Barn og unge 1–18 år under tilsyn	95,5 %	97,3 %	95,3 %
Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon under tilsyn	80,7 %	84,4 %	85,8 %
Del 5-åringar utan karies	82,3 %	84,6 %	83,2 %
Gjennomsnittleg tal tenner med hol hos 12-åringar	2,31	2,10	2,01
Avtalte tannlegeårsværk per 10 000 innbyggjarar	7,9	7,9	7,8
Avtalte tannlegespesialistårsverk per 10 000 innbyggj.	1,4	1,4	1,0
Avtalte tannpleiarårsverk per 10 000 innbyggjarar	2,3	2,4	2,0
Netto driftsutgifter per innbyggjar	489,80	490,40	552,50

Tala i tabellen tyder på at Vestland har ei god og effektiv tannhelseteneste. Både delen av barn og unge under tilsyn og talet på årsverk ligg over landsgjennomsnittet. Likevel er netto driftsutgifter per innbyggjar under landsgjennomsnittet, 490,40 kr mot 552,50 kr.

Klima- og miljørekneskap

Klimagassutsleppa går tilbake. Summen av direkte klimagassutslepp rapportert frå Vestland fylkeskommune var 98 653 tonn CO₂ i 2021. Det er ein nedgang på 28 344 tonn frå 2020. Kjøpte kollektivtenester står for om lag 98 prosent av det rapporterte klimagassutsleppet og går tilbake med om lag 23 prosent frå 2020 til 2021.

Klima- og miljøleiing

Klima- og miljøleiinga i Vestland fylkeskommune inkluderer arbeid med både klimabudsjett for alle tenesteområda og klima- og miljørekneskap for sentraladministrasjonen og alle einingane. Vestland fylkeskommune følgjer opp handlingsprogrammet for intern klima- og miljøstyring og er sertifisert som Miljøfyrtårn på konsernnivå. Fylkeskommunen deltek aktivt i Klimapartnere Vestland.

Klima- og miljøleiing skal regulere organisasjonen sin verknad på det ytre miljøet og inkluderer dermed også klimaspørsmål. Målet er å følge opp overordna målsettingar gjennom å gjere klima- og miljøsmarte val innan innkjøp, transport, energibruk og avfallshandtering gjennom heile året. Det omfattar også store klimafotavtrykk frå tenestekjøp innan transport, bygg og anlegg. Klimasmarte innkjøp gir klimaomstilling også utover fylkeskommunen si eiga verksemد.


Eitt av dei fire hovudmåla i utviklingsplanen for fylket er at klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutviklinga. Det påverkar korleis vi jobbar med klima- og miljøutfordringar i eigen organisasjon. Det årlege interne klima- og miljøhandlingsprogrammet tek føre seg korleis vi følgjer opp arbeidet i eigen organisasjon. Klima- og miljøhandlingsprogrammet er internt retta og nyttar den regionale klimaplanen som rettessnor for iverksetting av tiltak i verksemđa. I 2021 har vi jobba særleg med oppfølging og vidareutvikling av klimabudsjett som styringsverktøy for å redusere utslepp av klimagassar. Som miljøfyrtårnbedrift følgjer fylkeskommunen også opp forpliktingar i miljøsertifiseringa for å sikre miljøomsyn i daglege avgjersler, drift og anskaffingar.

Klimabudsjettet er verktøyet vi kan bruke for å vise kva som skal til, og korleis vi legg an for å nå målet om netto nullutslepp av direkte klimagassar i Vestland innan 2030. Budsjettet viser også tiltak og verkemiddel som legg til rette for indirekte utsleppskutt og klimaomstilling i vestlandsamfunnet og bidreg til å samordne innsatsen for å nå klimamåla.

Fleire pågåande prosesser kan ha betydning for korleis vi vidareutviklar den interne klima- og miljøoppfølginga i Vestland fylkeskommune. Dette inkluderer mellom anna utvikling av regionale planar, der oppfølging av regional plan for klima vert sentral i åra som kjem. I den regionale klimaplanen vil vi avklare korleis den interne innsatseinen innan klima og miljø i verksemđa skal synleggjera og følgjast opp vidare. Til dømes er tiltak som er knytte til tema som klimatilpassing og naturmangfold ikkje inkluderte i dagens klima- og miljøhandlingsprogram. Det er tema vi jobbar med i den pågående planprosessen til den regionale klimaplanen.

Klimarekneskapen

Det rapporterte klimagassutsleppet til Vestland fylkeskommune inkluderer rapporterte forbrukstal frå Skyss og eiga drift av verksemđa (figur 1).



Figur 1: Fordeling av fylkeskommunen sitt rapportert klimagassutslepp i 2021: 98 653 tonn CO₂-ekvivalenter. Bybanen tilsvarer 0,1 prosent av utsleppa.



20 prosent av bussane i fylket er no gassbussar og elektriske bussar på fornybar energi.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Kollektivtenester

Transporttenester fra Skyss står for størstedelen av klimagassutsleppa som vert rapporterte frå fylkeskommunen. Det samla CO₂-utslepp frå kollektivtenestene går tilbake med om lag 23 prosent frå 2020 til 2021. Historiske tal er korrigerte for feil i tidlegare berekning.

Det er stor utsleppsreduksjon på ferjedrifta. Fleire samband er elektrifiserte, noko som har redusert utslepp frå fossilt brennstoff i desse kontraktane. Alle ladeanlegg er no sette i drift, og heilårseffekten frå ferjelektrifiseringa i Hordaland kjem frå 2022.

Den største reduksjonen i CO₂-utslepp frå buss heng saman med elektrifiseringa av bussar i Bergen sentrum og overgangen til biogass i Bergen nord i 2020. Dette gjev heilårseffekt for 2021. I tillegg til dette vart berekraftsertifisert og palmeoljefritt biodrivstoff brukt på resten av bussane i bergensområdet. Trolleybussane bidreg også positivt til nullutsleppsdrifta i dette området.

Skyss avslutta bruken av biodrivstoff ved utgangen av 2021 og går tilbake til diesel etter anbefaling frå Miljødirektoratet. Det har i praksis ingen effekt å kjøpe 100 prosent biodrivstoff, når dette inngår i eit nasjonalt krav til innblanding av biodrivstoff i all diesel som blir selt i Noreg. Som følgje av kravet vert det i dag blanda inn om lag 15,5 prosent biodrivstoff i diesel. Kjøp av 100 prosent biodrivstoff har bidrege til ei positiv utvikling i klimarekneskapa til Skyss og fylkeskommunen dei siste åra. Når dette no vert fasa ut, kan vi vente eit hopp i klimagassutsleppa neste år. Desse variasjonane er altså vurderte til å ikkje påverke den globale klimapåverknaden.

Vi kjøper inn all straum til buss og bybane med opphavsgarantiar. Bybanen reduserte CO₂-utsleppet sitt ved hjelp av vasskraft med endå lågare CO₂-utslepp i 2021 enn tidlegare.


For båtdrifta er det ikkje gjort utsleppsreduserande tiltak. Utsleppsreduksjonen for båt heng saman med at det var lågare produksjon på ruta mellom Bergen og Flåm på grunn av pandemisituasjonen.

Tabell 1: CO₂-utslepp frå fylkeskommunal kollektivtransport i Vestland (Kjelde: Skyss)

Transportmiddel	2019 (tonn CO ₂)	2020 (tonn CO ₂)	2021 (tonn CO ₂)	Endring 20-21
Buss	45 500	30 200	17 600	-42 %
Båt	46 800	44 500	45 200	2 %
Ferje	67 600	50 300	33 500	-33 %
Bybane	200	200	100	-50 %
Totalsum	160 100	125 200	96 400	-23 %

Elektrifiseringsgraden for køyretøy og fartøy

Elektrifiseringsgraden for køyretøy og fartøy i transportkontraktane til Skyss har auka dei siste åra: Alle bybanevognar går på straum, medan 22 av 28 ferjer no er hybridfartøy med hovudsakleg elektrisk framdrift. Gassbussar og elektriske bussar på fornybar energi utgjer til saman 20 prosent av bussane i fylket. Alle båtar vert per no drifta på konvensjonelt drivstoff, men dei første hybridelektriske fartøya vil kome i drift frå 2023/24.



Figur 2: Køyretøy/fartøy etter hovedenergiberar 2021 (Kjelde: Skyss)

Bygg og anlegg

I nye investeringsprosjekt over 100 mill. kr krev eigedomsavdelinga fossilfri byggeplass for anleggsmaskiner og byggtørk. Bruken av anleggsmaskiner skal vere ti prosent utsleppsfree. Energi brukt i byggeprosessen skal rapporterast kvar månad, for å dokumentere energikjelde og gjøre det mogleg å innføre ev. naudsynte tiltak for å klare mål om utsleppsfree byggeplass.

Bybanen Utbygging er i gang med elektrifisering av anleggsplassen. Entreprenørane har til no levert 96 prosent fossilfri anleggspllass i byggjesteg 4 mellom Fyllingsdalen og Bergen sentrum. Bybanen Utbygging stiller krav om at all produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 prosent fornybar energi, og at all persontransport skal utførast med nullutsleppsbiar. Tiltaka for grønare bybane har så langt spart om lag 80 500 tonn CO₂-ekvivalentar.

Avdeling for infrastruktur og veg krev informasjon frå leverandørane sine om kva drivstoff som er bruk, men stiller førebels ikkje utsleppskrav. Avdelinga har følgjande standardkrav for miljø i kontraktar:

- krav til el-drift i tunnel (ventilasjon, salveboring, betongsprøyting, injeksjon)
- krav månadleg rapportering av energiforbruk (elektrisitet og diesel som minimum)

Avdeling for infrastruktur og veg har fått Klimasats-støtte til eit forprosjekt. Det skal kartlegge både korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast og moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps fylkesvegbygging. Forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Avdelinga har òg fått støtte til ei toårig prosjektstilling til som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Klimabudsjett og verktøyet VegLCA vil bli brukt i prosjektet.

Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultata frå forprosjektet for lågutslepps fylkesvegar.

Avdeling for infrastruktur og veg deltek også i eit FOU-prosjekt i regi av Statens vegvesen om å få klimahandtering inn i samfunnsanalysane. Vidare samarbeider vi med andre planstyresmakter for å utveksle kunnskap og erfaringar om klimatilpassing av vegnettet.


Fylkeskommunal drift

Utsleppa frå eiga drift står for om lag to prosent av det rapporterte CO₂-utsleppet til fylkeskommunen. Det inkluderer køyring med tenestebil, køyring med eigen bil i teneste, flyreiser og energibruk i bygg.

Klimagassutsleppet frå den fylkeskommunale drifta aukar med om lag 25 prosent frå 2020 til 2021, hovudsakeleg fordi rapporteringa har blitt betre. For 2021 er det registrert fleire køyretøy i den fylkeskommunale tenesta på avdelinga for infrastruktur og veg og i eigedomsavdelinga.

Klimagassutslepp frå oppvarming kjem frå bruk av fjernvarme og biomasse. Gass (LPG) og bio-olje blir nytta som back-up. Flisfyring gir varme til Voss gymnas, Voss vgs., Stend vgs., og Tertnes vgs.

Klimagassutlepp frå fylkeskommunal drift



Figur 3: CO₂-utslepp frå VLFK-køyretøy og energibruk i fylkeskommunale bygg



Eigedomsavdelinga i fylkeskommunen ser stadig etter nye tiltak for meir miljøvenlege energikjelder for dei fylkeskommunale bygga. Eit slikt tiltak er solceller, som her på Arna vgs., der ein har 560 solcellepanel på taket.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Tabell 2: CO₂-utslepp frå eiga drift.

	2019 (tonn CO ₂)	2020 (tonn CO ₂)	2021 (tonn CO ₂)	Endring 2020–2021	Kommentar
VLFK-køyretøy	581	887	1 236	39 %	Stor auke pga. fleire køyretøy registrerte i avdeling for infrastruktur og veg og eigedomsavdelinga. Utslepp frå bruk av leigebil er ikkje medrekna i 2019 og 2020. I 2021 tilsvara dette 35 tonn CO ₂ i 2021.
Km-godtgjersle	523	326	308	-6 %	
Flyreiser	1 161	145	152	5 %	Ein liten auke etter nedstenginga i 2020.
Fjernvarme og fjernkjøling	342	286	382	34 %	Fleire skular som var stengde delar av 2020, opna igjen i 2021, og reduksjonen i varme i 2020 var difor forbigåande. I tillegg kjem fjernvarme og fjernkjøling til nye Åsane vgs. først med for heile året i 2021.
Biomasse til oppvarming		51	47	-8 %	Flisfyring ved fire skular. Biogen energi er rekna å ha null utslepp av klimagass. ZEB/Sintef har kalkulert utslepp frå transport med meir fram til nyttbar energi til 14 g pr kWh.
Bio-olje	-	3	48	-	Kjem i hovudsak frå kollektivanlegg i Straume, som ikkje vart rapportert i 2020. Flora vgs. og Rubbestadneset vgs. har dette som back-up
LPG (propan og butan)	277	99	80	-19 %	Stend vgs. har dette som back-up for flisfyring
Totalsum	2 884	1 797	2 253	25 %	Auken kjem i hovudsak frå betre datagrunnlag innan VLFK-køyretøy

Nøkkeltal miljørekneskap 2021

Grunnlaget for å rekne ut det direkte utsleppet av CO₂ frå fylkeskommunal verksemd er årleg registrering av ulike miljøfaktorar. Gjennom systemet for miljøleiing følgjer kvar eining i fylkeskommunen opp eigne miljøprestasjonar og rapporterer årleg på Miljøfyrtårnportalen. Avdeling for mobilitet og kollektiv og eigedomsavdelinga rapporterer til fylkeskommunen sin miljørekneskap. Det kjem også avdeling for infrastruktur og veg til å gjere. Klimatala blir supplerte med stadig meir informasjon om avfall.

Miljøsertifisering er det sentrale verktøyet for å få implementert miljøleiing i einingane våre.

Miljøsertifisering

I 2021 er følgjande delar av Vestland fylkeskommune re-sertifiserte som Miljøfyrtårn:

- fylkeshusa i Førde, Bergen og Leikanger
- ti vidaregåande skular
- to tannklinikkar

Totalt var 19 av 48 vidaregåande skular, 18 av 28 tannklinikkar (inkludert Tannhelsetenestas kompetansesenter Vestland), Bybanen Utbygging og dei tre fylkeshusa sertifiserte som Miljøfyrtårn i 2021.

Vestland fylkeskommune stiller miljøkrav i innkjøp. Det er eit mål at også transporten av varer og tenester som fylkeskommunen kjøper, skal vere mest mogleg fossilfri. Vi krev statistikk for drivstoff og klimagassutslepp i stadig fleire kontraktar. Til dømes rapporterte dei som leverer næringsavfallstenester til fylkeskommunen, drivstoffbruk tilsvarande eit samla klimagassutslepp på 26,5 tonn CO₂ for 2021.

71 prosent av leverandørane Vestland fylkeskommune kjøper varer og tenester frå (avgrensa til alle kjøp over to millionar), har eit sertifisert miljøleiingssystem (målt i kr).

Elektrifisering av køyretøy og maskinar

Av 612 registrerte vogner Vestland fylkeskommune disponerte per januar 2022, var det 546 motorvogner. Fleirparten er eigde av fylkeskommunen, men for ein del person- og varebilar er det brukt leasingkontraktar. Dette er mest brukt av avdeling for infrastruktur og veg.

Person- og varebilar

Vestland fylkeskommune eig ved utgangen av 2021 86 elektriske personbilar. Det er 13 fleire enn i 2020, og 53 prosent av eigde personbilar er nullutslepps bilar. Sidan få av bilane som fylkeskommunen leaser er elbilar, er det berre 43 prosent av totalt disponerte personbilar som var nullutslepps bilar i 2021. Dei er i stor grad knytte til opplæringssektoren. Rettleiingstenesta disponerer 11 elbilar og ein hydrogen-driven bil av totalt 18 bilar. Totalt 30 vidaregåande skular har minst ein elbil.

Arbeidsmaskinar

Vestland fylkeskommune har 17 elektriske arbeidsmaskinar. 14 av dei er elektriske truckar. Tre vidaregåande skular har framleis dieseltruck.

Dale vidaregåande skule reknar med å spare 50 liter bensin eller 116 kg CO₂ per år etter at dei i 2021 bytta til fire elektriske motorsager. Sagene stoppar momentant når ein slepp brytaren, og det er enklare og betre sikringsutstyr enn på dei gamle fossildrivne sagene. Det er mindre støy og mykje lettare å kommunisere med elevane i opplæringsa med dei

elektriske sagene. Faglærarar på byggfag er òg svært nögd fordi sagene kan brukast inne i verkstadhallen, og det er ein stor fordel sidan ein ikkje kan bruke ei bensindriuen slik.

Skulen fekk tilskot frå Klimasats og fylkeskommunen si ordning Miljøtilskot til vidaregåande skule til meirkostnadene dei hadde ved innkjøp av sagene. Dei kjøpte to batteri til kvar sag for å kunne bruke dei heile dagen utan å måtte stoppe arbeidet/opplæringsa for å lade.


Transport i eiga drift

Tenestereiser med privat bil

Det er utbetalt km-godtgjersle for totalt 2 542 933,7 km i 2021. Om vi antar at 49 prosent av bilane som blir nytta er dieseldrivne, 30 prosent går på bensin og 21 prosent er nullutslepps bilar, genererte denne køyringa utslepp av 308 tonn CO₂ i 2021. Det er ein nedgang i klimagassutslepp frå tenestereise med privat bil på 5,5 prosent frå 2020, som igjen var 38 prosent lågare enn 2019.

Bruk av fylkeskommunale bilar, båtar, arbeidsmaskinar og leigebilar

- Elbilar:** Den registrerte køyringa med fylkeskommunale elbilar er estimert til å redusere klimagassutsleppet med 59 tonn CO₂ i 2021. Det er registrert totalt 384 764 km køyrt med fylkeskommunen sine elbilar i 2021. Dette fordeler seg på 348 280 km med fylkeskommunale elbilar i vidaregåande skular og 36 484 km køyrt for delar av administrasjonen sine elbilar.



Figur 4: Fordeling av køyretøy i Vestland fylkeskommune per 2022, både leasa og eigde

- Den fossile køyretøyparken:** Fylkeskommunale fossile motorvogner omfattar personbilar, minibussar, varebilar og tyngre køyretøy, i tillegg til arbeidsmaskinar og båtar ved skulane. I 2021 er det registrert eit CO₂-utslepp på 1201 tonn CO₂ frå køyretøyparken. Totalt er det ein auke på 39 prosent frå 2020 når vi også inkluderer klimagassutslepp frå bruk av leigebilar. Hovudforklaringa på at det aukar, er at det er registrert fleire køyretøy i den fylkeskommunale tenesta etter samanslåinga til Vestland.
- Leigebil og leasing:** Det er estimert at total køyre-lengde med leigebil vart om lag 230 348 km i 2021. Klimagassutsleppa knytt til dette er estimert til 35 tonn CO₂. Når det gjeld leigebilar, er det ikkje brukt elbil i 2021. Heller ikkje i leasingkontraktar vart det nytta nullutslepps bilar i 2021.

Flyreiser

I 2021 er det flydd 1 157 078 km for Vestland fylkeskommune. Det var sju prosent færre kilometer flydd enn i 2020. Klimagassutsleppet frå Vestland fylkeskommune sine flyreiser i 2021 blir oppgitt av reisebyrået til å vere 158 tonn, 13 tonn meir enn i 2020.

Avfall

- Det er registrert 1663 tonn avfall frå Vestland fylkeskommune i 2020. Det er 3,4 prosent ned frå 2020. Kjeldesorteringa ligg på 41,1 prosent, noko høgare i administrasjonen og lågare på skulane og tannklinikane.
- Det vart sortert ut 86,8 tonn matavfall i 2021, hovudsakleg frå dei vidaregåande skulane. Det er ein auke på 63 prosent frå 2020, då talet var 53 tonn.

- Det er sortert ut 16,5 tonn plast i 2021. Det er åtte prosent meir enn i 2020. Det er spesielt auke i innlevert landbruksplast og sekkar.

Tabell 3: Innsamla plastfraksjonar i Vestland fylkeskommune

Plastfraksjon i tonn	Mjuk-plast	Emballasje-plast	Hard-plast	Anna plastavfall
2020	2,249	5,034	1,09	6,863
2021	5,518	8,849	0,612	1,473

Energibruk i fylkeskommunale bygg

- Energibruken i Vestland fylkeskommune var på 69,5 GWh i 2021. Stadig fleire bygg kjem med i energiregistreringa, slik at vidaregåande skule sin del av energibruken har falle frå 93,6 prosent til 90,2 prosent av totalen. Nybygde og rehabiliterte skular som kjem inn på lista, har langt lågare energibruk enn eldre per kvadratmeter.
- Energibruken i vidaregåande skule var på 62,9 GWh i 2021. 73 prosent av dette var innkjøpt elektrisitet og 21 prosent fjernvarme (fjernvarmeandelen var 17,8 prosent i 2020).
- Biomasse, i form av flisfyring, stod for fem prosent av energibruken i vidaregåande skule i 2021.
- Nye Åsane vidaregåande produserte 73 545 kWh eigen solenergi i 2021, mot berre 3 047 kWh i oppstartåret 2020. Også Arna vidaregåande skule har eige solcelleanlegg, men produksjonen der er ikkje kjent.

Tabell 4: Energibruk i vidaregåande skule 2020–2021, delt på kjelder.

Energikjelde	2020 kWh	2020 Prosentdel	2021 kWh	2021 Prosentdel
Elektrisk	42 658 137	74,58 %	45 826 406	73 %
Bio-olje	133 798	0,23 %	69 801	0 %
Gass	420 787	0,74 %	417 441	1 %
Fjernvarme	10 190 766	17,82 %	12 965 053	21 %
Fjernkjøling	90 900	0,16 %	192 400	0 %
Biomasse	3 699 956	6,47 %	3 335 247	5 %
Solenergi	3 047	0,01 %	73 545	0 %
Sum energiforbruk i vidaregåande skule	57 197 391	100 %	62 879 893	100 %


Folkehelse og folkehelseoversikt

Vestland fylkeskommune prioriterer folkehelsearbeid, og i utviklingsplanen er det mellom anna sett mål om at alle skal ha like moelegheiter til å delta. Innsatsen vår skal bidra til fleire leveår og betre levekår for befolkninga, til å jamne ut sosiale helseskilnader, og til å skape eit samfunn som er tilgjengeleg for alle. Etter dei nasjonale føringane skal alt folkehelsearbeid vere kunnskapsbasert. Det er lagt stor vekt på kunnskapsoppsummering, medverknad/samskaping og evaluering. For å styrke kompetansen innan folkehelseområdet deltek vi i ulike regionale nettverksgrupper, forskings- og utviklingsprosjekt. Vi deltek også i regionalt og nasjonalt prosjektarbeid.

Den gjeldande, skriftlege folkehelseoversikta gjeld fram til 2023. I 2021 har vi jobba med oppfølging av denne. Vi har også starta arbeidet med å førebu den nye oversikta, som kjem i 2023. Dette arbeidet inkluderer analysar og datainnsamling.

Vestland fylkeskommune har ikkje jobba med system for løpende folkehelseoversikt i 2021.

Folkehelsearbeid i dei ulike sektorane er omtalt i avdelingane for kvar av fagavdelingane.



Folkehelse handlar blant anna om innsatsen samfunnet legg ned for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel hjå innbyggjarane.
Å legge til rette for fysisk aktivitet der folk bur, i form av turstiar og anna, kan vere eit slikt tiltak.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



10 MINDRE
ULIKSKAP



13 STOPPE
KLIMAENDRINGANE



15 LIVET PÅ
LAND



16 FRED, RETTFERD
OG VELFUNGERANDE
INSTITUSJONAR



2 UTRYDDE
SVOLT



1 UTRYDDE
FATTIGDOM



8 ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



12 ANSVARLEG
FORBRUK OG
PRODUKSJON



14 LIVET I
HAVET



5 LIKESTILLING
MELLOM KJØNNA



11 BEREKRAFTIGE
BYAR OG
LOKALSAMFUNN



6 REINT VATN OG GODE
SANITÆRFORHOLD



3 GOD HELSE OG
LIVSKVALITET



7 REIN ENERGI
TIL ALLE



17 SAMARBEID
FOR Å NÅ MÅLA



Vi utviklar Vestland

9 INDUSTRI,
INNOVASJON OG
INFRASTRUKTUR



Utviklingsplanen for Vestland, som fylkestinget vedtok i 2020 og som gjeld fram til 2024, set retning for fylket og er leiesnora i utviklingsarbeidet vårt. Den regionale planlegginga er ein viktig del av oppfølginga av både utviklingsplanen og ikkje minst berekraftsarbeidet i både fylkeskommunen og fylket elles. Samskaping er eit verkemiddel for berekraft og nyskaping.

4 GOD
UTDANNING



Dei 17 berekraftsmåla til FN skal vere styrande for alt arbeidet til Vestland fylkeskommune. Prosjektet med dagsturhyttene er i tråd med fleire av berekraftsmåla og er også viktig for å nå mål 3 i utviklingsplanen om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Her er dagsturhytta på Vardetangen i Austrheim.
Foto: Geir Åge Nesbø

Utviklingsplanen for Vestland vart vedteken i september 2020 og gjev retning for samfunnsutviklinga i Vestland. Planen er basert på berekraftsmodellen til Vestland og har 4 mål og 13 strategiar. Fylkeskommunen følgjer opp utviklingsplanen gjennom regional planlegging, tenesteyting, forvaltningsoppgåver, forsking og innovasjon og verkemiddelordningar. I året som har gått har fylkeskommunen lagt vekt på å styrke samordninga mellom offentlege aktørar og mobilisere ressursar i næringsliv, frivilligkeit og organisasjonar. Det er mange gode døme på at utviklingsplanen vert brukt som leiesnor for samfunnsutviklingsarbeidet i Vestland.



Illustrasjon 1: Rollene til fylkeskommunen

Regional plan	Status	Merknad
Regional plan for vassforvalting	Vedtak om høyring 26.03.21	
Regional plan for næring og innovasjon	Vedteken plan 16.06.21	
Regional plan for Hardangervidda	Endeleg stadfesta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 01.10.21	
Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	Vedteke planprogram 22.06.21	
Regional plan for klima	Vedteke planprogram 24.08.21	
Regional plan for senterstruktur og levande lokalsamfunn	Førebuing til oppstart i 2021	Starta evaluering av gjeldande planar
Regional transportplan	Vedteken plan 16.12.2021	
Regional plan for fornybar energi	Førebuing til oppstart i 2021	Planprogram til handsaming i mars 2022
Regional plan for kompetanse	Førebuing til oppstart i 2021	

Regional plan for vassforvaltning

Bruk og vern av vassressursar står sentralt i berekraftsarbeidet. Berekraftsmål 6 om reint vatn og sanitærressursar handlar om vasskvalitet og trygge løysingar for drikkevatn og avløp. Regional plan for vassforvaltning skal setje miljømål for alt vatn i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnen i vassregionen. Miljømåla skal sikre eit heilsakleg vern og ein berekraftig bruk av vatnet. Planen viser korleis miljøtilstanden er i dag, og kva tiltak som er nødvendige for å førebygge, forbetra eller rette opp tilstanden der det er nødvendig. I 2021 jobba vi fram eit utkast til regional plan for vassforvaltning for Vestland i samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar. Planen låg ute på høyring og offentleg ettersyn frå mars til juni og skal vedtakast i 2022. Utfordringer og innspel til planarbeidet er samla i Vannportalen.

Regional planlegging

Ein viktig del av oppfølginga av utviklingsplanen og berekraftsarbeidet er den regionale planlegginga. Det har vore høg planleggingsaktivitet i fylkeskommunen i 2021. Overgangen frå to til eitt fylke gjev nye utfordringar og moglegheiter. I året som gjekk har fylkeskommunen arbeidd med å utvikle ei ny felles tilnærming til planlegging som reiskap for samfunnsutvikling. Dei nye regionale planane skal styre utviklinga i Vestland inn på eit berekraftig og nyskapande spor. Vi har laga ein digital portal for regional planlegging på nettsida, slik at det er enkelt å få innsyn og delta i den regionale planlegginga.

Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033

Næringsforum Vest har vore styringsgruppe for den nye regionale planen for innovasjon og næringsutvikling, som vart vedteken i 2021. Planen rettar seg i hovudsak mot berekraftsmål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst og mål 9 om industri, innovasjon og infrastruktur. Samstundes er innovasjon og næringsutvikling eit breitt innsatsområde



Fylkestinget vedtok i 2021 planprogrammet for den nye regionale planen for kultur, idrett og friluftsliv. Sjølv planen skal vere klar hausten 2022.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

som kan gje positive ringverknader for alle dimensjonar av berekraftsarbeidet.

Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Klimaomstilling og omlegging til fornybar energi skal bidra til at vi når målet om nullutslepp i 2030. Grøne arbeidsplassar skal sikre verdiskaping og eit inkluderande arbeidsliv i heile fylket. Fleire arbeidstakrar med rett kompetanse og tilgang til areal til næringsutvikling er hovudsatsingar.

Regional plan for Hardangervidda og handlingsprogram for regional plan for Hardangervidda 2021–2024

Regional plan for Hardangervidda (2019–2035) er revidert og vart vedteken i Viken, Vestfold-Telemark og Vestland i 2020. Det var usemjø knytt til vinterbrøyting på Imingfjell (Viken og Vestfold-Telemark fylke) og endring av nasjonalt villreinområde i Valldalen i Ullensvang kommune. Planen vart påklaga

til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Den regionale planen for Hardangervidda vart endeleg stadfesta av departementet 1. oktober 2021.

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv vart vedteke i juni 2021. Kulturfeltet i Vestland er breitt og mangfaldig og har verkemiddel til å arbeide inn mot alle dei 17 berekraftsmåla. Planprogrammet legg vekt på fire tema der berekraft inngår som eitt av dei: Vestland som leiande region for kultur, idrett og friluftsliv, berekraft, deltaking og mangfald og verdiskaping.

Berekraftsmål 11 om stadutvikling, mål 12 om ansvarleg forbruk og produksjon, mål 16 om rettferd og velfungerande institusjonar og mål 17 om samarbeid står sentralt. Dette skal bli den langsigchte planen for utviklinga av kulturfeltet i Vestland fylke og kjem til å gjelde frå 2023 til 2035. Planen skal syne korleis kulturfeltet kan bidra til berekraftig samfunnsutvikling. Vi arbeidde i 2021 med kunnskapsgrunnlaget og jobba mykje med medverknad under utarbeidninga av planen. Planen vert sendt på høyring våren 2022.

Handlingsprogram folkehelse 2022–2025

Utviklingsplanen legg vekt på at sosial berekraft skal løftast betre inn i utviklingsarbeidet i fylket. Det skal vi gjøre ved å arbeide meir heilsakleg for å få til ei inkluderande, klimavennlig samfunnsutvikling, der ingen står utanfor. Folkehelse skal vere eit gjennomgåande tema i samfunnsplanlegginga etter «helse i alt vi gjer-prinsippet». Sosial berekraft og folkehelse er overlappande.

Eit felles hovudinnsatsområde for folkehelsearbeidet i 2021 var utviklinga av eit strategisk handlingsprogram, for å styrke gjennomføringa av folkehelseplanane i fylket. Handlingsprogram for folkehelse i Vestland 2022–2025 blei sendt på offentleg høyring i november 2021.


I det nye handlingsprogrammet er det med mange tiltak frå alle fagavdelingane i Vestland fylkeskommune. Tiltaka støttar

særleg opp under berekraftsmåla 1, 3, 4, 5, 10, 11 og 17. Særleg er koplinga til dei sosiale berekraftsmåla relevante. Handlingsprogrammet følgjer opp nye føringer frå utviklingsplanen, særleg knytt til målområde 3 og 4. Tiltaka skal styrke desse fem områda:

- det kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet
- sosial ulikskap i helse
- gode, trygge og deltagande nærmiljø/lokalsamfunn
- dei demografiske endringane i Vestland
- ei aldrande befolkning, og barn og unge

Livskvalitet og psykisk helse er prioritert ved utvikling av tiltak.

Handlingsprogrammet syner at fylkeskommunen rår over gode verkemiddel i folkehelsearbeidet. Samarbeid om utvikling av tiltaka er eit godt døme på at fylket har etablert gode samarbeidspunkt både internt og eksternt på folkehelseområdet.



Vestland fylkeskommune starta i 2021 arbeidet med regional plan for senterstruktur og levande lokalsamfunn, som skal seie noko om korleis vi skal jobbe for å utvikle byane, stadane og lokalsamfunna i fylket.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Regional plan for klima 2022–2035

Vestland fylkeskommune skal bidra til brei innsats for eit nullutsleppssamfunn og tilpassing til det framtidige klimaet i fylket. Berekraftsmål 13 om å stoppe klimaendringar, slår fast at dette krev planlegging for brei og samordna innsats. I planarbeidet tek vi i bruk nye samskapingsformer som arbeidsverkstad for ungdom og private gjestebod for å skape engasjement om klimasaka. Nærare omtale av korleis avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har arbeidd med klimaplanen står i kapittelet for avdelinga.

Regional plan for senterstruktur og levande lokalsamfunn

Berekraftsmål 11 er framfor noko anna samarbeidsmålet. Denne planen skal synleggjere korleis vi i Vestland skal jobbe for å utvikle byane, stadane og lokalsamfunna våre i eit lang-siktig perspektiv. Og korleis vi skal gjere det på ein måte som skaper føresetnader for eit godt tenestetilbod, gode bumiljø, det å drive næring og å leve gode liv i heile fylket.

Lokalsamfunna er berebjelkane i ei berekraftig samfunnsutvikling, og nærmiljø på små og store stader er dei viktigaste arenaene for inkludering og samfunnsseltaking. Planen skal samordne lokalisering av bustader, arbeidsplassar, tenester, service og handel. Gjennom planen vil vi sikre utvikling og levande lokalsamfunn i heile fylket. Planarbeidet skal sjå på ein berekraftig regional senterstruktur og styrke regionsenter som motor og drivkraft i omland sine.

Fylkeskommunen starta i 2021 arbeidet med å førebu ein ny regional plan for berekraftig senterstruktur. Planen får formell oppstart neste år, og prosessen vil involvere offentlege og private utviklingsaktørar. Kommunane vil ha ei sentral rolle, som lokal samfunnsutviklar og planmynde. Planarbeidet skal vere ei plattform for diskusjon om korleis vi kan samordne

ressursar og verkemiddel, for å skape lokalsamfunn der det er godt å bu og drive verksemd.

Regional transportplan 2022–2033

Samferdselsplanlegging påverkar måloppnåinga for dei aller fleste berekraftsmåla. Fylkestinget vedtok regional transportplan i desember 2021. Som del av planprosessen er det også utarbeidd ein strategi for myke trafikantar og ein strategi for berekraftig mobilitet. Regional transportplan er den overordna planen for utvikling av samferdselssektoren i Vestland. Det er lagt vekt på å sikre mobilitet til alle innbyggjarar, og klima- og miljøvenleg mobilitet er særleg framheva. Planen omhandlar utbygging og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Ein viktig strategi er at vedlikehald skal prioriterast over nybygging. Gjennom Miljøloftet skal vi styrke rolla til kollektivtransporten i byområdet, mellom anna gjennom å sikre finansiering av bybanen. Planen skal sikre meir samferdsel for pengane og meir pengar til samferdsle. Planen inneholder eit strategisk handlingsprogram, og det vil bli utarbeidd eit meir detaljert handlingsprogram i 2022.

Regional plan for fornybar energi

Arbeidet med regional plan for fornybar energi starta ikkje formelt i 2021, men oppstart av planen vart førebudd. Administrasjonen i fylkeskommunen har arbeidd med eit utkast til planprogram som vert fremma for politisk handsaming i løpet av vinteren 2022. Planen rettar seg særleg mot berekraftsmål 7 om fornybar energi og mål 13 om å stoppe klimaendringane. Han skal vere eitt av grunnlag for klima-omstilling i Vestland fylke og fastsetje mål for ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi.

Berekraftsarbeidet i Vestland fylkeskommune

Vestland sin modell for berekraftsarbeid synleggjer korleis økonomisk berekraft er avhengig av sosial berekraft, som igjen er avhengig av den miljømessige berekrafa. Dette representerer ei tyngdeforskyving mellom miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar av berekraft, jamfør tidlegare berekraftstenking. Modellen synleggjer òg prinsippet om at ingen skal utelatast som ein gjennomgåande akse. Det betyr at omsynet til dei mest sårbara menneska skal ha høgste prioritet i alle saker. I tråd med dette løftar utviklingsplanen fram at klima og miljø skal vere ein premiss for samfunnsutviklinga, og at vi skal prioritere systematisk arbeid for å styrke den sosiale dimensjonen av berekraft. Samstundes legg utviklingsplanen til rette for at vi skal vere leiande på grøn verdiskaping.

I inneverande planperiode har Vestland løfta fram nokre av berekraftsmåla som særleg sentrale ut frå dei utfordringane regionen står overfor. Mål 4, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15 og 17 har vore prioriterte i kunnskapsutvikling, verkemiddelbruk, regional planlegging og politiske prioriteringar i året som gjekk. I arbeidet med utviklinga av indikatorar for å vurdere om vi er på rett veg, vert dei utvalde berekraftsmåla prioriterte.

For at samfunnsutviklinga i Vestland skal bli berekraftig må vi vere medvitne om korleis ulike samfunnsutfordringar heng saman og påverker kvarandre. I 2021 har fylkeskommunen løfta fram fleire moglegheitsrom i den forsterka samanhengstenkinga og prioriteringa av miljømessig og sosial berekraft. Fylkeskommunen har brukt posisjonen sin og oversikta si



Illustrasjon 2: Berekraftsmodellen til Vestland fylkeskommune (Illustrasjon: Azote Images for Stockholm Resilience Centre)

til å styrke heilskapstenking og samordning på tvers av sektorar og forvaltningsnivå og mellom offentlege og private utviklingsaktørar. Vi har bidrege til utvikling av ny kunnskap om berekraftig samfunnsutvikling gjennom deltaking i utviklings- og forskingsprosjekt. Ein viktig del av berekraftsarbeidet er å løfte fram motsetnader mellom berekraftsmål i konkrete saker, som grunnlag for politisk avveging og prioritering. Verkemidla og tilskota til fylkeskommunen hjelper fram gode berekraftsprosjekt i regionen.

Fylkeskommunen støttar kommunane i berekraftsarbeidet deira gjennom planrettleiing og utvikling av kunnskap. Våren 2021 vart det gjennomført ei kartlegging av korleis kommunane arbeider med berekraftsmåla. Denne løfta fram både utfordringar og gode døme på berekraftsarbeid i kommunane. Det nye oppgåveområdet inkludering og integrering har vore viktig for å forankre det gjennomgåande prinsippet om at ingen skal utelatast i alle andre arbeidsområde og arbeidsmåtar. Ein premiss for å lukkast med inkludering er at alle kan delta ut i frå sine premissar. Universell utforming er ein strategi for at menneske i større grad kan delta på likeverdig grunnlag uavhengig av funksjonsevne. Ved å jobbe meir systematisk i Vestland med universell utforming innan bygg, kollektivtransporttransport, tenester og innan kultur og samfunnsliv, verkar dette arbeidet inn i alle mål om sosial berekraft.

Samskaping og samarbeid

Berekraftsmål 17 har gjennom 2021 bidratt til å styrke samskaping og samarbeid som fylkeskommunen sine viktigaste arbeidsmåtar. Samarbeid bidreg til å løyse komplekse utfordringar, balansere økonomiske, sosiale og miljømessige dimensjonar i berekraftsarbeidet og skape innovasjon gjennom tverrfagleg innsats. Det interne nettverket for regional planlegging såg dagens lys i 2021. Nettverket bidreg til å styrke samanheng og heilskap i den regionale planlegginga. Eksternt har fylkeskommunen støtta opp under eksisterande og nye samarbeidsformer mellom forvaltningsnivå og mellom offentlege og private utviklingsaktørar. Fylkeskommunen har eit godt utgangspunkt for å utvikle rolla som nav og tilretteleggjar for samarbeid i samfunnsutviklinga.

Regionråd

I 2021 løyvde fylkestinget midlar til å støtte opp under etablering av regionråd i Vestland. Regionråda handterer i hovudsak saker som går på tvers av kommunegrensene. Regionrådsstrukturen i Vestland er under vurdering for nokre av regionane, medan andre går vidare med regionråda slik dei var før kommune- og regionreforma.

Nettverk og forum

Berekraftsmåla må vere godt integrerte i arbeidet med regionale og kommunale planar. Kommunane i Vestland etterspør møteplassar for fagleg påfyll og erfaringsdeling. I 2021 starta fylkeskommunen difor klimanettverk for kommunane som jobbar med klima i kommunale planar. Det er vidare etablert eit nettverk for kommunar om kommuneplanen sin samfunnsdel som styringsverktøy. Der er berekraft ein raud tråd gjennom nettverksarbeidet og samlingane, med søkjelys på korleis følgje opp berekraftsmåla.

For å sikre gode prosessar i arbeidet med å utarbeide regionale planar og følgje dei opp, nyttar vi aktivt ulike partnarskap og forum, til dømes næringsforum.

Forsking/akademia/utdanning/medlemskap

Fylkeskommunen blei deltakar i fleire nasjonale forskingsprosjekt for å omsetje berekraftsmåla til lokal politikk i 2021:

- Prosjektet Field of Goals skal utvikle metodikk som hjelper lokal og regional implementering av berekraftsmåla. Når metodane er på plass, skal dei testast i konkrete planprosessar, og erfaringane skal nyttast til å utarbeide politikktildelingar.
- Prosjektet Klimabudsjet 2.0 ser spesifikt på utfordringar og moglegheter for klimaomstilling i fylket. Prosjektet skal støtte fylkeskommunen i å omstille seg og utvikle verktøy for å hjelpe kommunar i Vestland.
- Prosjektet Indikatorer for klimatilpasning av bygninger og infrastruktur i kommuner utviklar verktøy for å kartlegge kor sårbare kommunane er for konsekvensane av klimaendringar og ekstremvêr. Det skal også utvikle mål, strategiar og handlingsplanar.

Medverknad i planar

Medverknad skal sikre deltaking og innverknad i lokaldemokrati gjennom planprosessar. I 2021 vart fylkeskommunen deltakar i forskingsprosjektet Medverknadsmetodar for klimatilpassing, som skal sjå nærmere på korleis vi kan styrke medverknaden frå innbyggjarane i arbeidet med klimatilpassing. «Det er ikkje nok å ha planar», seier fylkesordførar Jon Askeland. Vi må forankre dei hjå innbyggjarane, og vi må skape forståing for kvifor vi gjer som vi gjer. Medverknad sikrar at mangfaldet vert teke vare på i planlegginga. Nye medverknadsreiskapar, slik som gjestebod, er tekne i bruk for å sikre eigarskap og gjensidig læring i klimaplanen.





Infrastruktur og veg

Avdeling for infrastruktur og veg har ansvar for forvaltning, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Vestland. I 2021 fekk vi på plass den første regionale transportplanen for det nye fylket, og med det har vi sett retning for utviklinga av samferdslesektoren fram til 2033.

Rekkverket på ei 250 meter lang strekke på fv. 55 på veg opp på Sognefjellet var i dårleg stand og vart utbetra hausten 2021. På grunn av den smale vegen og det bratte partiet under, var vegen stengd i lengre periodar.


Foto: Heidi Ravnestad/Vestland fylkeskommune



«Dette året var syretesten for den nye vegavdelingen – er vi rusta for tunge, store oppgåver som å levere ein ny regional transportplan? Det meiner eg at vi har vist at vi klarer.»

Dina Lefdal
avdelingsdirektør infrastruktur og veg

Infrastruktur og veg – organisasjonskart



Tal tilsette: 336

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2021 har vi blant anna

- testa ut nye kontraktsformer på fleire prosjekt, både i kontrakts- og anbodsfasen
- teke i bruk digital innbyggjardialog på planprosjekta våre
- bygd ut fylkesatlas.no
- brukt visualiseringsverktøyet Sitevision i fleire prosjekt

Avdeling for infrastruktur og veg (INV) nådde ein milepæl då fylkestinget vedtok den første regionale transportplan for Vestland i desember 2021.

Regional transportplan (RTP) 2022–2033 er det styrande plandokumentet for den langsiktige utviklinga av samferdslesektoren i Vestland og eit veldig viktig dokument for avdelinga. Det omhandlar alle delar av samferdsel og transport i fylket, som vedlikehald og utbygging av fylkesvegnettet, skredsikring, sykkel- og gangvegar, Bybanen, Miljøløftet, trafikktryggleik, båt og ferje.

Vestland har som mål at klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutviklinga, mellom anna ved å vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp. INV fekk i 2021 innvilga tre søknadar om klimasatsmidlar av Miljødirektoratet.

Oppgåvene dette året spenner frå overordna planar til det mest handfaste vi driv med: drift av fylkesvegane. Det er

tenester som møter innbyggjarane i Vestland, uansett kor dei bur. I år starta vi opp dei to første, eigne fylkesvegkontraktane. Vi utviklar oss heile tida, målet er å finne løysingar som gjer at innbyggjarane våre får best mogleg veg for midlane vi har til rådvelde.

Koronapandemien har sett sitt preg på arbeidskvardagen. Teamsmøte har blitt den nye normalen, men innimellom nedstengingar og restriksjonar fekk vi til å samle heile avdelinga i Bergen, noko som var veldig etterlengta. Det var kjekt å endeleg kunne møte menneska vi kanskje berre hadde hørt stemmene til, eller sett i det vesle videobildet på skjermen.

Med på samlinga var også representantar for bransjeorganisasjonar og andre samarbeidspartar. Som ny eining er det viktig å knyte band til omverda. Vi har møtt mange kommunar i løpet av året, vi har vitja entreprenørane og dei har vitja oss. Gode møtepunkt og relasjonar har oppstått, og desse tek vi med oss inn i eit nytt år.

Planlegging og utbygging

Avdeling for infrastruktur og veg gjennomførte mange små og store investeringsprosjekt i 2021. Totalt vart det produsert for om lag 1,37 milliardar kroner.

Tunnelprosjekta

Blaksettunnelen på fv. 5742 i Stryn opna for trafikk i byrjinga av desember. Den offisielle opningsmarkeringa var 3. mars 2022.



Det var ein glad gjeng frå Vestland fylkeskommune og entreprenør Hæhre som kunne sende dei første bilane gjennom den nye Blaksettunnelen i Stryn.
Foto: Heidi Ravnestad/Vestland fylkeskommune

Skredsikringsprosjektet Folgefonna–Årsnes hadde oppstart på slutten av året. Prosjektet omfattar om lag 1500 meter med tunnel og utbetring av delar av vegen mellom Folgefonna-tunnelen og Årsnes i Kvinnherad kommune. Prosjektet er del av Kvinnheradpakken.



Prosjektet Folgefonna–Årsnes er på totalt 22 kilometer, og omfattar bygging av ein om lag 1500 meter lang tunnel mellom Kroka og Sundal.

Foto: Bjørnar Bekkevoll Eidnes/Vestland fylkeskommune

Ljotelitunnelen på fv. 53 i Årdal skulle vore ferdig på slutten av året, men ein del utfordringar i sluttfasen gjorde at opninga av tunnelen vart utsett. Opningsdato vart 23. februar 2022.

Rehabiliteringa av Seimsdalstunnelen, også den i Årdal, har bydd på lange periodar med nattestengingar. Prosjektet er no over i ein ny fase, der behovet for lange stengingar er mindre. Ein oppgradert tunnel skal stå klar i løpet av 2023.

Andre vegprosjekt

Teita bru vart opna 11. november. Det var ganske nøyaktig tre år etter bru på fv. 5735 på Byrkjelo i Nordfjord vart stengd på dagen, etter at det vart oppdaga store skadar på brufundamenta. Brua er skuleveg for born på Breim skule og viktig for landbruksnæringa. Ho er også ein viktig føresetnad for at Gloppen kommune skal kunne realisere planane sine om eit næringsareal på andre sida av elva.



Frå bygginga av nye Teita bru på fv. 5735 ved Byrkjelo i Gloppen kommune.
Foto: Anders Systad Aasen/Vestland fylkeskommune

Fv. 541 Sakseid–Hestaneset vart opna i 2021. Prosjektet starta i 2019, og deler av strekninga, Våge–Hestaneset blei bygd i Bømlopakken. Resten av strekninga skal byggjast i revidert Bømlopakke, og det er lagt opp til oppstart i løpet av 2022.

Oppstart etter konkurs

Konkurs hjå ein entreprenør i 2020 gjorde at arbeidet på eit delprosjekt i Askøy-pakken og bygginga av ny gang- og sykkelveg i Svelgen vart stoppa. Etter nye utlysingsprosessar starta begge desse prosjekta oppatt med nye entreprenørar i 2021. Dei skal ferdigstilla i løpet av 2022.

Bompengeprosjekta

- Nordhordlandspakken
Oppstart av fv. 565 Marås–Soltveit, totalentreprise med forhandling. Fleire prosjekt fekk godkjent reguleringsplan i 2021. Nordhordlandspakken er eit samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen, der fire prosjekt på E39 inngår.
- Bømlopakke 1
Del 1 av fv. 541 Sakseid–Hestaneset er avslutta.
- Revidert Bømlopakke
Stortinget vedtok revidert Bømlopakke 20. desember 2021. Oppstart av ny pakke blir i 2022 med fv. 542 Notland–Mosterhamn, del 2 av fv. 541 Sakseid–Hestaneset og Sakseid-Ekornsæter.
- Askøypakken
Opning av fv. 563 Strømsnes–Hop 2. november.
Oppstart av fv. 213 Skiftesvik–Marikoven og fv. 562 Lavik–Haugland. Forlenga Askøypakke er sendt til Samferdselsdepartementet med sikte på handsaming i Stortinget i løpet av våren 2022.
- Kvinnheradspakken
Oppstart på fv. 500 Folgefondtunnelen–Årsnes.
Prosjektet er finansiert med fylkeskommunale midlar.
Søknad om bompengepakke er sendt til Samferdselsdepartementet med sikte på handsaming i Stortinget i løpet av våren 2022.
- Førdepakken
Samarbeidsprosjekt mellom kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen. Seks av totalt tjue tiltak er fullførte, tre er i anleggsfasen.
- Miljøløftet
Samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune, kommunane rundt Bergen, fylkeskommunen og Statens vegvesen. Fv. 566 Hjellestadvegen og Infrastruktur Paradis er to av dei mange fylkesvegprosjekta det har vore jobba med i 2021.



Vestland fylkeskommune ved Dina Lefdal, avdelingsdirektør for infrastruktur og veg, signerer kontrakt med entreprenør Vassbakk & Stol ved administrerende direktør Inge Jan Thorsen.

Foto: Charlotte Villanger Nielsen/Vestland fylkeskommune

Nye kontraktsformer

Avdelinga hadde som mål å prøve ut andre kontraktsformer enn einheitspriskontrakt/utførelsesentreprise. Det vart starta forhandling på tre prosjekt: Lavik–Haugland og Skiftesvik–Marikoven i Askøypakken og Marås–Soltveit i Nordhordlandspakken. Det vart også starta opp ei totalentreprise med samspel på Paradis bru. Fleire andre prosjekt blir vurderte fortløpende og kan vere aktuelle for både totalentreprise og forhandling.

Nye kontraktsformer vart også testa ut i anbodsfasen. Vestland fylkeskommune signerte i oktober kontrakt med Vassbakk og Stol på skredskring av området mellom Folgefondtunnelen og Årsnes i Kvinnherad kommune. Anbodsprosessen er gjennomført med ein såkalla konkurranseprega dialog og samspelskontrakt. Det betyr at vi har gått i dialog med entreprenør på eit tidleg tidspunkt i planlegginga, og basert på erfaringar og kunnskap frå begge partar fått fram dei beste løysingane saman.

Klima og folkehelse

Helse i kvart steg

Gjennom bygging av veg og infrastruktur kan vi fremme god folkehelse. Vi gjer det først og fremst ved å legge til rette for fysisk aktivitet, slik at fleire kan sykle og gå, ikkje berre for å kome seg fram, men også for trim og rekreasjon. Det er i tråd med strategi 3.1 i utviklingsplanen for Vestland, som seier at vi skal «utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar».

I løpet av 2021 opna vi tre nye gang- og sykkelveganlegg: i Sveio, på Askøy og i Hyllestad.

Fv. 480 gang- og sykkelveg ved Vikse skule er eit samarbeidsprosjekt mellom Sveio kommune og Vestland fylkeskommune. Det var offisiell opning i juni. I strålende solskin kunne borna ved Vikse skule jubile for at dei no kan sykle til skulen i staden for å ta buss på grunn av farleg skuleveg. Det er bygd ca. 500 meter gang- og sykkelveg frå Vikse skule til krysset mot Straumavegen. Det er laga to nye kantstopp, bygd nye leskur og strekninga har fått gatelys.



Elev i 1. klasse, Gabriel K. Lie, brukar gang- og sykkelvegen kvar dag til skulen, og fekk klyppa snora. Her er Gabriel ilag med ordførar i Sveio, Linn Therese Erve (t.h.), og Jannicke Bergesen Clarke, leiar for hovudutval for samferdsel og mobilitet i Vestland fylkeskommune..

Foto: Anita Louise Williams/Vestland fylkeskommune



Fylkespolitikar Jannicke Clarke skar over snora på opninga på den nye fylkesvegen mellom Strømsnes og Hop på Askøy. 300 skule- og barnehagebarn hadde møtt opp med flagg.

Foto: Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune

Fv. 563 Strømsnes–Hop opna 2. november. Den 3,3 km lange vegstrekninga mellom Straumsnes og Hop har ein årsdøgntrafikken mellom 2000 og 4000 køyretøy. Vegen har no fått to felt, med fortau langs heile strekket og nokre plassar sykkelfelt. I tillegg er mange avkjørsler stengde. Prosjektet bidreg til auka trafikktryggleik, betre framkomme for alle trafikantar, og at det kjem eit samanhengande tilbod for gåande og syklande.

Fv. 607 Heggebø–Leirvik opna 3. september. Delar av strekninga hadde fortau, men mange stader måtte mjuke trafikanter dele plassen med biltrafikken. No har dei eit eige område skilt frå køyrevegen, der gåande og syklistar kan ferdast trygt mellom bustadområdet Heggebø og Leirvik sentrum.



Ordførar i Hyllestad, Kjell Eide, fekk æra av å kutte snora då gang- og sykkelvegen mellom Heggebø og Leirvik skulle offisielt opnast. F.v. Marthe Hammer, nestleiar i SAMO og avdelingsdirektør Dina Lefdal.

Foto: May Britt Eide/Ytre Sogn Avis



Vestland fylkeskommune jobbar for at fleire skal gå og sykle for å kome seg frå A til B, og i 2021 fekk vi på plass ein strategi for mjuke trafikantar.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Klima og miljø

INV fekk i 2021 innvilga tre søknadar om klimasatsmidlar av Miljødirektoratet. Eit forprosjekt, med oppstart i 2021, skal sjå på faktorar som fremjar og/eller hemmar innarbeidning av nye klimakrav i tillegg til å skildre klimaeffekten av konkrete klimatiltak. Arbeidet skal vidareførast i delprosjektet «Klimakrav i anskaffingar». Der skal vi identifisere og implementere nye klimakrav, og vurdere om dei har god effekt, gjev meirkostnad, eller om vi kan spare utgifter. Dette arbeidet vil føregå dei to neste åra. Det er også valt ut eit pilotprosjekt der vi skal ta i bruk eit nytt verktøy, steinLCA, for å sjå på steinhandtering i tunnelutbygging sett i samanheng med klimautslepp.

Avdelinga deltek også i eit FOU-prosjekt i regi av Statens vegvesen for å få klimahandtering inn i samfunnsanalyse. Vidare samarbeider vi med andre planmyndigheter for å utveksle kunnskap og erfaringar om klimatilpassing av vegnettet.

INV vil med desse prosjekta bidra til at Vestland fylkeskommune kan vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030 og slik nå mål 2 i utviklingsplanen. Vi vil også bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Strategi for mjuke trafikantar

Det er utarbeidd strategi for mjuke trafikantar som grunnlagsdokument for Regional transportplan 2022–2033. Strategien er eit strategiske dokument som seier noko om korleis Vestland fylkeskommune skal jobbe for å nå målet om at fleire skal gå og sykle, i staden for å nytte bil. Han legg føringar for korleis fylkeskommunen skal prioritere bygging, drift og vedlikehald av gang- og sykkelanlegg, korleis vi skal samarbeide med kommunar og arbeide med haldningsskapande arbeid.

Vedlikehald og drift av fylkesveg

Vestland fylkeskommune skal lyse ut til saman ti driftskontraktar for fylkesveg fram til 2024. Dei skal avløyse felleskontraktar med Statens vegvesen og omfattar vedlikehald og drift av vegane, som strøying, salting og brøyting.

Dei to første, eigne kontraktane starta opp i 2021: Bergen–Os–Austevoll og Sunnfjord Sør. Nye kontraktar for Sogn og Hardanger vart lyste ut på hausten, med oppstart i 2022.

Erfaringa med dei nye kontraktane er at dei er vesentleg dyrare enn dei gamle. Det kan få konsekvensar for budsjettet våre. Om prisnivået held fram vil ekstrabehovet for midlar til driftskontraktar vere oppe i 260 millionar kroner i 2025 samanlikna med 2021-budsjettet.

Det er fleire årsaker til kostnadsauken. Avdeling for infrastruktur og veg har gjort fleire endringar i innhaldet i kontraktane. Det er også ein generell prisauke i marknaden, i tillegg til den årlege løns- og prisstigninga. Klimaendringar og fleire hendingar grunna ekstremvår fører også til at entreprenørar prisar beredskapen høgare. Andre fylkeskommunar og Statens vegvesen har også tilsvarande kostnadsauke i driftskontraktane sine.


INV gjer fleire grep i arbeidet med driftskontraktane, mellom anna vurderer vi kontinuerleg kva kontraktsform vi skal ha. Hovudutval for samferdsel og mobilitet handsamar også utlysing av driftskontraktar i forkant. Her blir driftsområde, kontraktsperiode, kontraktsstrategi og standard drøfta.



Etter fleire stygge episodar grunna därleg vegskulder, starta arbeidet med å utbetre ei strekning på fv. 5730 på Krohnegården i Bergen.

Foto: Thea Vestheim Skavhellen/Vestland fylkeskommune

For driftskontrakta for Nordfjord, som skal lysast ut i 2022, blir det jobba med ein meir byggherrestyrt kontrakt.



Meir ekstremvår gjer at entreprenørane prisar beredskap betydeleg høgare enn før. Det er blant grunnane til at prisane på driftskontraktane har auka betrakteleg.

Foto: Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune

Koronamidlar

Som eit tiltak for å stimulere til aktivitet og jobbar i heile landet i samband med koronakrisa, løyvde staten 400 millionar kroner ekstra til vedlikehald av fylkesvegane. Midlane skulle komme i tillegg til dei prosjekta og tiltaka som allereie var planlagde av fylkeskommunane for 2021, og pengane skulle gå til vedlikehaldstiltak og mindre utbetringstiltak. Tiltaka måtte gjennomførast i løpet av 2021.

Vestland fekk 75,7 millionar, mest av alle fylka i landet. For desse midlane vart det mellom anna lagt mykje nytt dekke, sett opp nytt rekkverk og utført fjellsikring rundt om i heile fylket.

Bruene på fylkesveg

Vestland er tunnelfylket, men vi har også mange bruer. Vi har eigne bruforvaltarar som mellom anna planlegg og følgjer opp inspeksjonar av bruene og planlegg og prioritær tiltak. Kvart år held vi ved like bruer for mellom 50 og 100 mill. kr. Vi er no i gang med mange spennande utviklingsprosjekt når det kjem til nytt brumateriale og nye måtar å vedlikehalde konstruksjonane på.



Brua på fylkesveg 570 kryssar Risnesstraumen, og vart snevra inn på begge sider då vegen vart brukt som omkjøring i samband med arbeid på E39 sommaren 2021.

Foto: Vestland fylkeskommune

Av og til kan stengingar på riksvegnettet presse fram nye tiltak på fylkesvegane. Det såg vi eit døme på i juni i 2021, då to store blokker skulle sprengast vekk ved Little Urdals-tunnelen på E39, og vegen vart stengd i ei vike. Dermed vart fv. 570 i Masfjorden omkjøringsveg, og trafikken på vegen auka monaleg. På omkjøringsstrekninga ligg Risnes bru. Betongbrua frå 1967 har avgrensingar for last, som gjer at tunge kjøretøy måtte passere med ein viss avstand. På grunn av den auka trafikkmengda vart bruva snevra inn på kvar side, og det vart ikkje plass til møtande trafikk over bruva. Innsnevringa vil vere permanent til det vert gjort meir omfattande tiltak på bruva.

Samla fagmiljø på elektro

2021 var året då vi fekk på plass ei ny elektroeinining i avdelinga. Denne skal samle og bygge opp eit fagmiljø som vil ha verdifull kompetanse ikkje berre for seksjonen for vedlikehald, drift og beredskap, men for heile avdelinga. I løpet av 2021 har eininga lyst ut to nye elektrokontraktar for fylkesveg, ein for Voss/Hardanger og ein for Sogn. Dei som får kontraktane, skal ha ansvar for drift- og vedlikehaldsoppgåver knytt til elektriske anlegg, inklusiv styringssystem i tunnel, på veg og bruer.

På fv. 50 Hol–Aurland er vi godt i gang med å skifte tunnelbelysninga til LED.

I 2021 har vi kartlagt omfanget av veglys i fylket. Det er eit stort potensial i å ha eigarskap til veglys langs vegane våre, både når det gjeld drift og innsparing på straum og styring.

Oppgradering etter tunnellsikkerheitsforskrifta

Som del av arbeidet med den nye regionale transportplanen vart det i år laga eit kunnskapsgrunnlag som skal gje føringar for tunneloppgraderingane. Gjennomgang av kostnadsoverslag og vurdering av tunnelrisiko står sentralt.

I Vestland er 76 tunnelar som fell inn under verkeområdet for tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg. Vi har att å oppgradere 33 av dei.

Ferdig utbetra i 2021

Fv. 7 Haukanestunnelen

Fv. 55 Vadheimstunnelen, arbeid i gang, ferdigstilling i 2022

Fv. 5236 Bjorøytunnelen (oppstart august 2021)

Trafikktryggleik

Fylkeskommunen fekk hausten 2021 tilgang til Statens vegvesen sitt statistikkverktøy for trafikkulukker, TRULS. Førebelse tal per 1. januar 2022 er ti drepne i trafikken i Vestland i 2021. Endelige tal for hardt skadde har vi ikkje per no. Vi held fram med å jobbe mot målet om null drepne og hardt skadde i trafikken.

Sikker skuleveg

I 2021 vart det gjennomført ei trafikksikringsutgreiing for Leiknes skulekrins i Alver kommune. Utgreiinga var eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland fylkeskommune, kommunen, lensmannskontoret og Statens vegvesen, og kan gje nyttig kunnskap også for andre kommunar.

Utgreiinga vart lagt fram på trafikktryggingskonferansen 2. desember, og det er sett av midlar til å utføre tiltak i 2022.

Prisvinnarar

Trafikktryggingsprisen for Vestland for 2021 gjekk i 2021 til trafikksikringsgruppa til foreldreutvalet (FAU) ved Alversund skule. FAU får prisen for engasjementet dei over fleire år har hatt for trafikksikring rundt skulen og på skulevegen. Prisen vart delt ut på trafikktryggingskonferansen 2. desember.

Fylkeskommunen nominerte Årdal, Kvam og Bømlo til Årets trafikksikkerhetskommune 2021, ein pris som vert delt ut av Samferdselsdepartementet kvart år. I konkurransen med kommunar frå heile Noreg vann Bømlo kommune prisen, for i ei årrekke å ha arbeidd breitt og systematisk med trafikktryggleik i kommunen.



Geir Bruland Tonning og Gry Sander-Fjeld i trafikksikringsgruppa til FAU ved Alversund skule får trafikktryggingsprisen i Vestland av fylkespolitikar Marthe Hammer.

Foto: Bjarte Brask Eriksen/Vestland fylkeskommune.

Arbeidet med Trafikksikker kommune

Arbeidet med Trafikksikker kommune heldt fram, og i 2021 vart åtte kommunar godkjende/regodkjende. Ein kommune skreiv under ein intensjonsavtale, medan fire kommunar til er i prosess. Trafikksikker kommune er eit kvalitetstempel for kommunen som viser at kommunen arbeider systematisk, heilsakapleg og har gode rutinar knytt til trafikktryggingsarbeidet.

El-sparkesykkkelkampanje

El-sparkesyklar er eit relativt nytt element i trafikken, og tal frå helseføretaka viser ei lei utviklinga når det kjem til skadar og alvorlege ulykker. Hausten 2021 utarbeida fylkeskommunen ved trafikktryggingsutvalet i samarbeid med Bergen kommune og Trygg Trafikk, ein haldningsskapande kampanje i sosiale medium. Bodskapen var samspele i trafikken, parkeringsutfordringar og åtferd.



Eitt av bilda frå el-sparkesykkkelkampanjen.

Illustrasjon: Vestland fylkeskommune.

Tilskot til trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikksikringsutvalet løvvde 16,8 millionar kroner i 2021.

Utvalet

- innvilga 27 tilseigner om tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- gav tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar i tre kommunar
- innvilga 74 søknader om tilskot til trafikktryggingsaktivitetar til mellom anna skular, barnehagar og idrettslag

Forvaltning

Forvaltningseininga i avdeling for infrastruktur og veg har mykje kontakt med kommunar, entreprenørar og andre tiltakshavarar i Vestland fylke. I alt har det gått ut nesten 6000 brev i løpet av 2021, og trass i pandemien har vi delteke på møte og synfaringar der det har lete seg gjere. Rolla som kommunekontakt har fått ekstra merksemd dette året. Kommunekontaktene har ansvar for å koordinere samhandlinga mellom dei ulike fagfolka på avdelinga i dei ulike geografiske områda.

I tillegg har eininga bidratt inn i andre oppgåver, som byutvikling i Bergen, bybaneplanlegging og Miljøløftet. Forvaltningseiningane har også medverka med fagkunnskap og lokalkunnskap i arbeidet med regional transportplan og i budsjettprosessen. Vi har god dialog med kommunane og derfor kjennskap til deira innspel og synspunkt. Dette har vore viktig i arbeidet med regional transportplan.

Digitalisering

Heilt sidan starten har avdeling for infrastruktur og veg vore oppteken av å finne digitale verktøy som kan forenkle prosessar og oppgåver.

I 2021 har vi jobba mykje med det «indre liv» knytt til å bygge fagkompetanse og formalisere fagressursrolla som BIM-koordinator. BIM står for bygnings-informasjonsmodell. Denne rolla skal sjå til at alle prosjekta våre blir utarbeidd med same kvalitet.

I 2020 brukte vi mykje tid på finne løysingar. 2021 har vi nytta til å setje løysingane i arbeid. Eksempelvis har desse prosjekta teke i bruk nye, publikumsvenlege løysingar:

Bru over Esefjorden har nytta 3D-applikasjonen ArcGIS online som gjer det mogleg for publikum å navigere rundt i 3D: <https://vestlandfylke.maps.arcgis.com/home/webscene/viewer.html?webscene=6942ba5a0a1b439e8d23c791bf6729cf>



Esefjorden.

Foto: Skjermdump fra vestlandfylke.maps.arcgis.com

Det same har fv. 562 Lavik–Haugeland:

<https://vestlandfylke.maps.arcgis.com/home/webscene/viewer.html?webscene=d69fd-238ba2440acb8eea034b87061a2>



Lavik–Haugeland.

Foto: Skjermdump fra vestlandfylke.maps.arcgis.com

Fv. 609 Heilevang har kombinert både tekstleg informasjon og 3D-modellar og sett saman ei kartfortelling (storymap):

<https://storymaps.arcgis.com/stories/f0757cb75e654dabaec5a0a8e34f3c29>



Heilevang.

Foto: Skjermdump fra storymaps.arcgis.com



Vi har brukt Sitevision i fleire prosjekt, både til befaring med grunneigar der ein nyttar det for å visualisere prosjektet, men også på anlegg der vi kan ta ei rask vurdering knytt til plassering av prosjektelement iht. kva som er bygd.

Illustrasjon: Vestland fylkeskommune

Oppfølging av utviklingsplanen for Vestland avdeling for infrastruktur og veg

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 set strategisk retning for utviklinga av fylket. Planen har fire mål med tilhøyrande strategiar, som sektorane i fylkeskommunen på ulikt vis jobbar for å nå. Her rapporterer avdelingane på kva tiltak dei har jobba med i 2021 for å nå måla i utviklingsplanen.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■■ for ikkje starta.

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg	Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverkna-dane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.			
	Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.			
	Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.	Som del av arbeidet med regional transportplan (RTP) skal det avklaraast kva posisjon Vestland fylkeskommune skal ta i ITS-prosjekt (intelligente transportsystem).	Utviklingsarbeid og ITS er lagt inn som eit eige tiltak i handlingsprogrammet for RTP. Tiltaket inneber å utarbeide ein strategi for kva område fylkeskommunen skal prioritere, og korleis arbeidet skal organiserast. Saka har vore drøfta i leiargruppa på INV, og det er laga eit førebels notat.	Gul
		Vi skal legge til rette for eit pilotprosjekt om aluminiumsbruer.	Orienteringssak om prosjektet var oppe i SAMO i september. I høyningsutkastet til regional transportplan er det føreslått å starte opp eit forprosjekt for å utgreie bruk av aluminium i bru. Fylkeskommunen vurderer å bruke eit rådgivande ingeniørfirma til utgreiinga, der marknadsdialog er ein del av metodikken. Vi jobbar vidare med dette i 2022.	Gul
	Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.			

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.	Greie ut låg- og nullutslepp knytt til fylkesvegområdet.	Vi starta i august 2021 eit forprosjekt som skal kartlegge moglegheitene for klimagassreduksjon. Prosjektet skal vere ferdig innan tredje kvartal 2022.	Gul
		Det skal utarbeidast ein strategi for mjuke trafikantar som grunnlag for RTP-arbeidet.	Strategi for mjuke trafikantar er ferdig. Han var del av grunnlaget for RTP, som blei vedtatt av fylkestinget i desember.	Grøn
		Vi vil samarbeide med FoU-miljø og andre veigeigarar for å få klimahandtering inn i samfunnsanalysane for framtidige vegprosjekt.	INV deltek i eit FoU-prosjekt som vert leia av Statens vegvesen der målet er å få klimahandtering inn i samfunnsanalysane. Vidare samarbeider vi med andre planmyndigheter for å utveksle kunnskap og erfaringar om klimatilpassing av vegnettet.	Gul
	Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.			
Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv	Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stad-eigne ressursar og kvalitetar.	Det skal gjennomførast trafikksikringsutgreiing for Leiknes skulekrins i Alver kommune i samarbeid med dei aktuelle skulane. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, lensmannskontoret og Statens vegvesen basert på brei medverknad som kan gje nyttig kunnskap for andre kommunar.	Utgreiinga er ferdig, og vart lagt fram for trafikktryggingsutvalet 15. november og på trafikktryggingskonferansen 2. desember. Det er sett av midlar til utføring av tiltak i 2022.	Grøn
	Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.			

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 3: Samferdsel og infrastruktur til å delta i verdiskaping	Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.	Utarbeide strategi for drift- og vedlikehald av fylkesvegar.	Arbeidet er i gang og følgjer tidsplan med ferdig strategi til sommaren 2022.	Gul
		Fylkesatlas skal vere oppdatert med alle plan- og byggeprosjekt.	Alle opplysninger om vegprosjekt innan plan og utbygging (PU) vert automatisk oppdatert i Fylkesatlas kvar natt. I tillegg blir det gjennomført ei kvalitetssikring kvart kvartal, for å sikre at alle nye prosjekt er komne med.	Grøn
		Ta i bruk innbyggjarportal i alle nye planprosjekt i 2021.	Det er innarbeidd rutine som skal sikre at innbyggardialog blir tatt i bruk i nye, komande prosjekt.	Grøn
Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping	Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.			
	Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.			
	Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.			

Driftsutgifter – infrastruktur og veg

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Veg - drift og vedlikehald	1 411 798	1 594 369
FTU-midlar	12 454	15 077
Administrasjon av infrastruktur og veg	25 435	28 751
Andre tiltak - infrastruktur og veg	3 497	625
Sum infrastruktur og veg	1 453 184	1 638 821
Netto meirforbruk 2021	16 868	16 955





Innovasjon og nærings- utvikling

Koronakrisa heldt fram i 2021 og gjorde kvarldagen for næringslivet vårt krevjande også dette året. Samstundes nådde vi ein viktig milepæl i arbeidet med å styrke Vestland som ein region med berekraftig næringsliv i verdsklasse: Fylkestinget vedtok regional plan for innovasjon og næringsutvikling, som set retning for arbeidet til både fylkeskommunen og samarbeidspartar fram til 2033.

For at det skal kome elektriske fritidsbåtar på marknaden, trengst det ladalar. Samtidig blir det ikkje bygd ladalar utan at det finst elbåtar. I 2021 gav Vestland fylkeskommune støtte til fem hurtigladestasjonar for kombinert bruk for bil og båt.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



«I 2021 fekk vi på plass Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Planen set retning for næringslivet vårt heilt fram til 2033. Samarbeid og forpliktande partnarskap er nøkkelen for eit berekraftig næringsliv i verdklasse. Eit heilt sentralt samarbeid i 2021 var prosjektet Grøn region Vestland. Det identifiserte 250 innovasjonsprosjekt og 16 hubar med potensial for grøn næringsutvikling, og vi ser fram mot fortsetjinga.»

Bård Sandal
avdelingsdirektør innovasjon
og næringsutvikling

Innovasjon og næringsutvikling – organisasjonskart



Tal tilsette: 86

Vision: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2021 har vi blant anna

- vore partner i 40 nye utviklingsprosjekt innan energi, sirkulære forretningsmodellar, grøn konkurransekraft og verdikjeder knytt til plast og berekraft. Fylkeskommunen har ytt om lag 27 mill. kr til delfinansiering
- gjennomført prosjektet Grøn region Vestland, der vi har kartlagt over 250 innovasjonsprosjekt og identifisert 16 hubar med stort potensial for grøn næringsutvikling
- styrka innsatsen for utvikling av lokalsamfunna våre, mellom anna gjennom auka LivOGLyst-innsats og etablering av nettverk for industrikommunar
- gitt støtte til verdas første hurtigladar for elektriske småbåtar i Florø og ytterlegare fem hurtigladeplassar tilrettelagt for sambruk mellom fritidsbåt og bil

2021 var eit krevjande år for næringslivet i Vestland på grunn av konsekvensar av pandemien, med nedstenging og variabel omsetning. Reiselivet vart særleg råka. Tilskot og verkemiddel vart retta mot næringslivet og for omstilling til det grøne skiftet. Både fylkestinget og staten sette av ekstramidlar, der ca. 42 millionar var innvilga til bedriftsintern opplæring. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling har teke i vare alle planlagde aktivitetar og ordningar, med stor grad av fleksibilitet i periodane med heimekontor.

Fylkestinget vedtok i juni Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2022 til 2033. Planen skal vere med og styrke Vestland som region for eit verdsleande, berekraftig næringsliv. Eit viktig grunnlag for utviklinga er kunnskapen og erfaringane som over lang tid er bygd opp i eksisterande næringsliv. Vi må ta vare på det vi er gode på i dag, legge grunnlag for ny innovasjon på tvers av verdikjeder og gripe nye moglegheiter. Både fylkeskommunen, næringslivet og samarbeidspartane våre i kommunane og resten av verkemiddelapparatet må bidra. Eit godt samarbeid er nøkkelen for å lukkast.

Handlingsprogram til planen var vedteke i desember. Der er det etablert delmål fram mot 2033 og strategiar for satsingane i perioden 2022–2025.



Grøn næringsutvikling

Målet for grøn næringsutvikling er at næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2030. Vi arbeider mot målet mellom anna gjennom etablerte partnarskap og samarbeid med private og offentlege aktørar. Vi mobiliserer og gir økonomisk støtte til ulike forskings- og utviklingsprosjekt, arbeider med ny regional plan for fornybar energi og gir støtte til hurtiglade-infrastruktur.

Arbeid gjennom partnarskap

Grøn region Vestland

Vestland har unike føresetnader for å ta leirolla i det grøne skiftet. Det var utgangspunktet då Vestland fylkeskommune og Innovasjon Noreg på vegner av eit breitt regionalt partnarskap gjekk saman om prosjektet Grøn region Vestland. Vi ønskte å finne ut korleis den regionale partnarskapen best kunne innrette arbeidet sitt og verkemidla sine for å realisere den føretrekte framtida skissert i scenarioanalysen frå 2020: Ei framtid der Vestland er det leiande fylket innan grøn næringsutvikling.

Vi ville finne fram til innovasjonsprosjekt og verdikjeder som kan lukkast med å auke eksport og verdiskaping, skape nye grøne arbeidsplassar og redusere utsleppa.

Prosjektet har resultert i ein hovudrapport for Vestland og fire regionale rapportar. Dei viser at det er størst potensial for grøn omstilling gjennom å utvikle heilskaplege prosjekt og utnytte samspele i 16 industrielle hubar. Hubane er område med gode føresetnadar for industriell symbiose gjennom utveksling av energi og materialstraumar mellom verdikjeder. Over 400 aktørar har vore involverte i prosessane og meir enn 250 grøne innovasjonsprosjekt er kartlagde. Hausten 2021 vart det gjennomført fem lanseringsarrangement rundt om i fylket, eitt for kvar av rapportane frå prosjektet. Både arrangementa og rapportane vart møtte med brei interesse frå både media og samfunnet elles.

Klimapartnere Vestland

Klimapartnere Vestland hadde 65 partnarar i heile fylket ved utgangen av året, inkludert mange større private bedrifter, kommunar og statlege organisasjonar. Det vart valt ei ny styringsgruppe frå 1. januar 2022, og for første gong har styringsgruppa medlemmer frå tidlegare Sogn og Fjordane. 54 partnarar leverte klimarekneskapa sine frå 2020. 1/5 av disse var allereie fossilfrie, medan totalt over 2/3 har sett seg mål om å bli fossilfrie innan 2030. Klimapartnere Vestland har som målsetting at alle partnarar skal vere fossilfrie innan 2030. Ved utgangen av 2021 var det over 70 løysingar frå partnarar i Klimapartnere Vestland i Den grøne løysingsbanken.



Rapporten for Indre Vestland vart presentert på eit arrangement på Voss Kulturhus i desember. Fylkesvaraordførar Natalia Golis innleia programmet.
Foto: Ole Tommy Skare Hanssen/Vestland fylkeskommune



Vestland har attraksjonar i verdsklasse og på verdsarvlista, som her i Nærøyfjorden. Vestland fylkeskommune jobbar saman med reiselivsaktørar og andre om korleis vi kan sikre ei så berekraftig utvikling av reiselivsnæring som mogleg.

Foto: Steinung Klyve/Vestland fylkeskommune

Bransjeretta satsingar

Reiseliv

Vestland fylkeskommune leier Reiselivsforum Vestland, der vi samrår oss med sentrale aktørarar innan reiselivet i fylket. Saman har vi gjort ein felles innsats for å støtte reiselivsnæringa gjennom koronapandemien. Fylkeskommunen står bak ei tiltakspakke på 8,3 millionar kronar til reiselivsnæringa. Målet er omstilling til eit berekraftig reiseliv i samsvar med visjonen «Attraktivitet gjennom berekraft». Vi har sett i verk tiltak i handlingsplanen for reiseliv 2021 og vore medarrangør av reiselivskonferanse og cruisekonferanse. Forprosjektet vårt «Besøksforvaltning» handlar om å sikre ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa.

Landbruk

Fylkeskommunen leier også landbrukspartnarskapen i fylket, og saman har vi sett i gang i handlingsplanen for landbruk i Vestland 2021. Partnarskapen arrangerte konferanse på Voss, med tema berekraft og nyskaping i vestlandslandbruket. Fylkeskommunen har gjennomført dialogmøte med kommunane om næringsutvikling i landbruket. Vi har støttat utviding av fellespakker i Nordfjord, og sett av midlar til eit vestlandsprosjekt innanfor frukt, bær og grønt. I forprosjektet «Ei rikare reise» har vi undersøkt kva som skal til for at mat- og kulturopplevelingar skal auke verdiskapinga og attraktiviteten til Vestland.

Vestland fylkeskommune er ein av nærmere 40 partnarar i nyoppstarta SFI Climate Futures, som skal varsle klimarisiko frå ti dagar til ti år framover. Senteret skal samprodusere betre metodar og praksis for handtering av klimarisiko. Vestland fylkeskommune deltek i arbeidet knytt til landbruk.

Vestland bondelag har fått støtte til forprosjektet «Redusert klimaaavtrykk frå vestlandsjordbruket». Partane i landbruket har forplikta seg til å redusere det samla klimagassutslepet med fem millionar tonn CO₂-ekvivalenter innan 2030.

Havbruk

Havbruksnæringa må nyttast innanfor berekraftige rammer. Fylkeskommunen har etter akvakulturlova ansvar for sakshandsaming når det gjeld tildeling av nye og eksisterande løyve og klarering av lokalitetar. Både næringa og andre samarbeidande etatar gir gode tilbakemeldingar på arbeidet. Hovuddelen av søknadene gjeld oppdrett av laks og aure i sjøvatn. Vestland fylkeskommune har i 2021 gjort 103 vedtak etter tildelingsforskriftene i akvakulturlova. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid på kurante saker var 14,1 veker.

Fylkeskommunen arrangerte i 2021 ein sjømatkonferanse saman med Måløy Vekst. Tema var berekraftig vekst i sjømatnæringa, og vi samla 175 aktørar frå næringa og forvaltninga.

Infrastruktur for nullutslepp

Energi

Vestland er det største kraftproduserande fylket i landet. Cirka 25 prosent av norsk kraftproduksjon skjer i her i fylket. Likevel manglar vi kraft til den nye industrien på grunn av svakt nett og låg transformatorkapasitet. Rapportane frå Grøn region Vestland viser at 83 prosent av dei meir enn 250 kartlagde prosjekta treng kraft. Det er stadig tydelegare at kraftnettet i Vestland ikkje er dimensjonert for det grøne skiftet. Dette var tema for fleire fråsegner i energisaker i 2021. Fylkeskommunen har kome med forslag til tiltak for betre kraftsituasjonen i fleire fråsegner. Arbeidet med regional plan for fornybar energi starta i november 2021. Planen er venta å bli vedteken av fylkestinget i mars 2023.



«Havbyen Bergen» er eit samarbeidsprosjekt og skal i første omgang opprette eit havkontor.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Transport

Fylkeskommunen har i 2021 gitt støtte til

- 34 hurtigladarar på 13 nye og eksisterande hurtigladeplassar
- verdas første hurtigladar for elektriske småbåtar i Florø og ytterlegare fem hurtigladeplassar tilrettelagt for sambruk mellom fritidsbåt og bil
- heimeladeutstyr til 32 løyvehavarar i Vestland.
- 101 normalladarar ved 23 reiselivsdestinasjonar

I samarbeid med Sunnfjord kommune har vi starta eit lang-siktig arbeid for å få til elfly-rute mellom Bergen og Førde.

Utviklingsprosjekt

Aktørar i heile regionen har ønskt å bidra til å nå mål og strategiar i handlingsplanen for innovasjon og næringsutvikling. Vi liste i 2021 ut fire prioriterte innsatsområde: energi, sirkulære forretningsmodellar, grøn konkurransekraft og verdikjeder knytt til plast og berekraft.

Det kom inn til saman 102 prosjektsøknader i to utlysingsrundar. Etter vurdering i fagpanel og vedtak i hovudutval for næring, er fylkeskommunen no partnar i 40 nye utviklingsprosjekt. Fylkeskommunen yter omlag 27 mill. kr til delfinansiering av desse prosjekta, i tillegg til faglege bidrag. Døme på prosjektsatsingar er grøn omstilling, sirkulære verdikjelder, grøne arbeidsplassar og kompetanse, havplastutfordringa, nullutslepp og grønt maritimt reiseliv.

Fylkeskommunen har løyvd seks mill. kr til grøn konkurransekraft og klimainnovasjon. Slik har vi fått i gang ni viktige prosjekt for grøn næringsutvikling innan hydrogen, fornybar energi og sirkulærøkonomi.

Regionalt forskingsfond Vestland (RFF) liste ut vel 20 mill. kr til forsking som bidreg til innovative løysingar innan anten klimaomstilling og det grøne skiftet, eller samfunnstryggleik og beredskap.

Havbyen Bergen

Vestland fylkeskommune har vore sentral i arbeidet med Havbyen Bergen og har vedtatt å bidra med ein million kroner årleg i tre år for å utvikle samarbeidsprosjektet. Havbyen Bergen skal i første omgang opprette eit havkontor.



For å nå målet i utviklingsplanen om å vere det leiande verdiskapingsfylket og ein nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg, står kompetanseutvikling og samarbeid sentralt.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Målet for satsingsområdet kompetanseutvikling i arbeidslivet er fleire arbeidstakrar med rett kompetanse. Det handlar om å utvikle rett kompetanse for framtida, ha tilstrekkeleg med arbeidskraft, men også tettare samarbeid om kompetanseutvikling mellom næringsliv, offentleg sektor og utdanningsinstitusjonar.

Kompetanseforum Vestland

Ein samarbeidsmodell som omfattar Kompetanseforum Vestland og regionvise kompetanseforum skal sikre at arbeidet med kompetanseutvikling blir godt koordinert. I 2021 blei det etablert to nye regionale kompetanseforum. Det eine er for Sunnfjord, Nordfjord og HAFS (Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund), medan det andre omfattar indre Sogn i tett samarbeid med Hardanger.

Kompetansepilot Vestland

Vestland fylkeskommune har fått 4,4 mill. kr av Kommunal- og moderniseringsdepartementet til prosjektet Kompetansepilot Vestland, som skal gå over tre år. 2021 var første heile driftsår. Samarbeidspartnerar er Nordfjordakademiet og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Prosjektet har gjennomført ei spørje-

undersøking til bedriftene i Nordfjord og identifisert eit verktøy for å kartleggje kompetansebehova i bedriftene. Verktøyet Mind the Gap er utvikla av regionen Skåne i Sverige.

Tilskotsordningar

Lærepllassgaranti

Vi tildelte om lag 1,2 mill. kr til prosjekt som bidrog til å etablere lærepllassgaranti ved ein eller fleire skular eller programfag, eller til å marknadsføre skular for å rekruttere fleire elevar/lærlingar til tilgjengelege læreplassar. 2021 var det første året vi tildelte slike midlar, som skal sikre betre balanse mellom tilbod og etterspurnad av læreplassar. Dei regionale kompetanseforuma var koordinatorar for søknadene.

Bedriftsintern opplæring

Vestland fylkeskommune løyvde om lag 42 mill. kr til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar). Mesteparten av midlane kom frå dei nasjonale krisepakkane for å førebyggje permitteringar som følgje av pandemien og for å få permiterte tilbake i arbeid. Midlane blei nytta til ekstraordinær opplæring av tilsette i bedriftene og til fagbrev på jobb. Om lag halvparten av midlane gjekk til industribedrifter og overnattings- og serveringsbedrifter.

Rettleiingstenester

Etablerersenteret


Aktivitetar	Tal aktivitetar	Deltakarar
Kurs	17	184
Samlingar	14	284
Individuell rettleiing		76

Etablerersenteret har i 2021 gjennomført gründerdagar i desse kommunane: Osterøy, Vaksdal, Øygarden, Askøy og Modalen. Etablerersenteret nyttar nettstaden driftig.no som informasjonskanal for gründerar, idéskaparar og entreprenørar i Vestland.

Karriere Vestland

I 2021 har Karriere Vestland gjennomført 2950 rettleiingsamtalar fordelt på 1755 unike vefsøkarar frå heile fylket. Av dette er 570 flyktningsamtalar, fordelt på 223 unike flyktningar.

Frå 1. januar 2021 har alle nykomne flyktningar fått karriereretteleiing, som del av den nye introduksjonslova. Karrierevetteleiing har kome inn som lovfesta rett og plikt for flyktningar og bør skje innan tre månadar etter busetjing. Målet er at introduksjonsprogrammet blir tilpassa behova til den enkelte, etter gjennomført karriererettleiing. Dette har vore ei stor satsing for Karriere Vestland, og vi har utforma eigne arbeidsmodellar for denne gruppa. Eit godt og tett samarbeid med kommunane har vore avgjerande for å lukkast med den nye oppgåva.



Innovasjon og nyskaping er stikkord for bedrifta Rocketfarm i Sogndal, som leverer robot-software og teknologi til både nasjonal og internasjonal industri.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Innovative og inkluderande samfunn

Forsking for innovasjon

FORREGION Vestland

FORREGION Vestland skal mobilisere flere bedrifter i fylket til å nytte forsking i innovasjonsarbeidet sitt.

Vestland fylke har i stor grad nådd måla som var sett for FORREGION-arbeidet. Ein samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune, Vestlandsforskning og Høgskulen på Vestlandet var på plass i januar. Prosjektet har derfor hatt aktivitet heile året. Vi har involvert klynger, næringshagar, inkubatorar og kapasitetsløft i gjennomføringa av ti FoU-møte (forsking og utvikling).

FORREGION Vestland har oppnådd desse resultata i 2021:

Innsatsfaktor:

Menneskelege ressursar og økonomiske midlar i FORREGION Vestland-prosjektet

Produkt/tenester (leveranse)	Brukareffektar i bedrift
147 unike prosjektinitiativ der enkeltbedrifter er involverte i kompetansemekling 1:1 eller i mindre grupper	Bidratt til ellevne innsende forprosjekt/ kvalifiseringssøknader frå bedrifter til RFF Vestland og Forskningsrådet. Arbeidet med åtte andre initiativ saman med bedrift
Ti nettverksmøte i samarbeid med andre	Bidratt til 17 søknader til innovasjonsprosjekt i næringslivet (IPN) og andre hovudutlysingar i Forskningsrådet og RFF
Seks mobilitetsprosjekt	Bidratt til to søknader til Horizon Europa og i tillegg nokre initiativ som kan resultere i søknader
Ti FORREGION-forprosjekt i forskingsumodne bedrifter	
To prosjektverkstader saman med regionansvarlege i Forskningsrådet og RFF Vestland	

Nasjonalt og regionalt samarbeid

Nettverk for industrikommunar

Fylkeskommunen og Innovasjon Norge har etablert eit nettverk for industrikommunar som står overfor mykje av dei same utfordringane framover. I det vidare arbeidet ser vi på utfordringar kommunane kan samarbeide om å løyse.

Aktivitet i Vestland



Fem næringshagar

Klar Bedrift AS
Næringshagen i Hardanger AS
Næringshagen på Voss AS
Sognefjorden Næringshage AS
Stryn Næringshage AS



Fem inkubatorar

Aksello AS
Atheno AS
Industriutvikling Vest AS
Kunnskapsparken Vestland AS
VIS – Vestlandets Innovasjonsselskap AS



To katapult-senter

Ocean Innovation
Sustainable Energy




Seks eigedomar

Aurland Ressursutvikling AS
GC Rieber Eiendom AS
Siva Bømlø Eiendom AS
Siva Høyanger Eiendom AS
Siva Luster Eiendom AS
Siva Årdal Eiendom AS

14 eigarskap

Aksello AS
Atheno AS
Gulen og Masfjorden Utvikling AS
Industriutvikling Vest AS
Inviro AS
Klar Bedrift AS
Kunnskapsparken Vestland AS
NORCE AS
Næringshagen i Hardanger AS
Næringshagen i Ullensvang AS
Næringshagen på Voss AS
Sognefjorden Næringshage AS
Stryn Næringshage AS
VIS – Vestlandets Innovasjonsselskap AS



Strategiske samarbeidsavtalar

Fylkeskommunen utarbeidde i 2021 nye avtalar med 36 næringsutviklingsaktørar i Vestland, for over 17 mill. kr. Avtalane gjeld for 2021–2022 og involverer økonomiske bidrag, samarbeid og kunnskapsdeling. Døme på avtalepartar er næringshagar, inkubatorar, klynger, nettverk og aktørar som er pådrivarar for næringsutvikling i fylket, og som marknadsfører moglegheitene som finst her. Aktørane legg til rette for kunnskapsutvikling og -formidling, i tillegg til vekst og utvikling i mange bransjar.

Internasjonalt samarbeid

Internasjonale samarbeidsorganisasjonar

Vestland fylkeskommune er medlem av fire internasjonale organisasjonar: CPMR/Nordsjøkommisjonen, Euromontana, EARLALL og NORA. Dei tre første har politisk deltaking. Strategiområda i organisasjonane harmonerer godt med dei vedtekne satsingsområda i Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Deltaking i organisasjonane utgjer såleis eit godt rammeverk for internasjonalt samarbeid kring felles problemstillingar.

NORA (Nordatlantisk samarbeid) feira 25 års virke i samband med ministermøtet til Nordisk Råd. NORA vedtok i 2021 å støtte 14 eksterne samarbeidsprosjekt med ein total stønadssum på 4,6 millionar danske kroner. Tema for prosjekta er blant anna rural verdiskaping, opplevelingsturisme, digital historiefortelling, tang, sjøpølse, saltfisk og grøn omstilling av tungtrafikk. Det er norske partnarar med på 13 av prosjekta. Seks av desse er frå Vestland.

Fylkeskommunen har vore aktiv deltarar i den marine gruppa i Nordsjøkommisjonen. Døme på tema der er ureining frå vassdrag til sjø, tapt dekkslast frå skip og utfordringar knytt til marin plastureining.

Mobilisering og nye internasjonale prosjekt

Horisont Europa er EU sitt niande forskings- og innovasjonsprogram for 2021–2027. Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg har finansiert nettverket Horisont Vestland med 1,5 mill. kr over tre år, for å mobilisere aktørar til å bruke programmet. Målet er å få finansiert fleire forskings- og innovasjonsprosjekt forankra i dei regionale planane og strategiane til Vestland, med spesielt ønske om Grøn region Vestland. Programmet gjev store moglegheiter for samarbeid med europeiske partnarar om viktige tema for Vestland.

Erasmus+ og REGALE

Fylkeskommunen leier to Erasmus+-akkrediterte konsortiumsprosjekt for europeisk samarbeid for perioden 2021–27. Det er eitt prosjekt innan fag- og yrkesopplæring og eitt innan læring for vaksne. I tillegg deltek fylkeskommunen i REGALE – Regional Capacity for Adult Learning and Education (2021–24). Alle prosjekta skal mellom anna styrke kompetansen tilsette i kommunar og andre organisasjoner.

REGALE skal utvikle nettverk og samarbeidsstrukturar mellom formell opplæring og sivil sektor og arbeidsliv. Vestland har særleg vekt på integrering og å styrke opplæringa for innvandrarar, med mål om å kvalifisere dei til auka deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

I Erasmus+-prosjektet Youth Entrepreneurial Spirit Specialists, samarbeider vidaregåande skular med andre samfunnsektørar om å støtte lokale ungdomsinitiativ. Det kan vere til dømes møteplassar eller sosialt entreprenørskap.

I 2021 fekk fylkeskommunen finansiert eit ekstra år med P-IRIS-prosjektet. Der vil vi sjå på korleis koronapandemien har påverka rurale innovasjonsnettverk og styringsverktøy.

RIGHT-prosjektet (INTERREG Nordsjøprogrammet)

Begge dei to prosjekt-pilotane i Vestland vart ferdigstilte i 2021:

- **RAS-pilot:** Gjennom kartlegging av kompetansebehov i regionen, fekk vi skreddarsydd korte og fleksible utdanningstilbod for å dekke kompetansebehova i sjømatnæringa.
- **Mongstad-piloten:** I dette prosjektet avdekkja vi gapet mellom eksisterande omstillingsevne og innovasjonsgrad og kompetansebehovet i omstillingsprosessar i ulike industribedrifter.

Oppstart av EØS-prosjekt med Riga

Riga-regionen har i samarbeid med Vestland fylkeskommune starta prosjektet "Entrepreneurship support measures in the Riga Planning Region". Prosjektet hadde digital kick-off-samling 9. desember, der blant anna den norske ambassadøren til Latvia deltok.



Vestland fylkeskommune har flere tilskotsordningar som skal hjelpe oss å nå måla og strategiane i utviklingsplanen, blant anna mål tre om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Bildet er frå utsiktspunktet Naustdalskamben mellom Stårheim og Nordfjordeid i Stad kommune.

Foto: Stig Roger Eide

Tilskotsordningar

LivOGLyst

I tråd med strategi 3.1 i utviklingsplanen vil fylkeskommunen vidareutvikle lokalsamfunna basert på stadeigne ressursar og kvalitetar. Det var med 13 prosjekt i lokalsamfunnsprogrammet LivOGLyst i 2021, fire eittårige og ni treårige prosjekt. Målet er å styrke identitet, lokalt næringsliv og bulyst.

Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar

Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar skal legge til rette for omstilling, og styrke næringsgrunnlaget i utsette område. Totalt vart fem mill. kr tildelt sju utviklingsprosjekt innanfor mellom anna reiseliv, desentralisering av utdanning og kompetanseheving i lokalsamfunn.

Breiband

Vestland fylkeskommune har forhandla fram over 40 kontraktar på utbygging av breiband rundt om i kommunane i Vestland. Fylkeskommunen har overoppsyn med omlag 75 mill. kr i tilskot og godt over 100 utbyggingsprosjekt.

Vestland fylkeskommune er sentral i leiinga av Nasjonalt Breibandråd. Rådet er eit fagleg administrativt organ, som skal koordinere og fremme synspunkt frå fylkeskommunane i spørsmål knyttte til breibandutbygging.

Areal til næringsutvikling

Invest in Bergen

Invest in Bergen bidreg til å etablere industri og verksemder på interessante næringsareal. I tråd med satsinga på Grøn region Vestland er det utarbeidd ein brosjyre som presenterer totalt 16 areal. Desse er presenterte ut frå eigenskapar, og kva for industriar som særleg vart ønska velkomne. Dei mest sentrale tema i kravspesifikasjonane er arealstørrelsar, type areal, infrastrukturtilknyting, tilgang på kompetansearbeidskraft, fiber og ikkje minst rimeleg grøn kraft.

Innspel til kommunale planar

Fylkeskommunen er i tett dialog med kommunane på arealsida. Gjennom planforum har vi gitt innspel til ti kommunar og regionråd. Døme på planinnspel er planprogram til arealdel, samfunnsdel og til klima-, energi- og miljøplan.

Fylkeskommunen har hovudansvar på regionalt nivå for forvaltinga av haustbare, ikkje truga viltarter. Vi har mellom anna hatt dialogmøte med kommunane, gitt innspel til kommunale forvaltningsplanar for hjort og arealplansaker og fordelt ein million kroner i tilskotsmidlar til vilttiltak.

Fylkeskommunen har gitt råd til kommunar og gitt innspel til kommunale arealplanar om forvalting av mineralressursar.



Fylkeskommunane har hovudansvar for hjort, elg og rådyr på regionalt nivå. Ein viktig funksjon er å rettleie og samordne kommunar innan regionen.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Forvaltingsoppgåver

Regional plan for vassforvalting 2022–2027

Fylkeskommunen er vassregionsstyremakt for Vestland vassregion. Saman med statlege sektorstyresmakter og kommunane har vi utarbeidd regional plan for vassforvalting 2022–2027 for Vestland vassregion, med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram. Planen set miljømål og skal sikre heilskapleg og berekraftig bruk av vassførekommstane. Vestland vassregionutval slutta seg til oppdatert vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram 7. oktober 2021. Fylkestinget skal behandle plandokumenta i mars 2022.

Vestland vassregion er delt inn i ni vassområde. Vassområdeutvala er leia av kommunane og er eit samarbeidsforum knytt til vassforvaltningsplanen. I 2021 vart kommunane i Hordaland med i samarbeidsforumet.



I 2021 jobba vi mykje med den første regionale planen for vassforvalting for det nye fylket. Fylkestinget skal vedta planen i 2022.

Foto: Sveinung Klyve/Vestland fylkeskommune

Folkehelse

God sysselsetting og inkludering i arbeidslivet er eit særskilt tiltak for god folkehelse. Fylkeskommunen arbeider for å sikre gode levevilkår til innbyggjarane ved å bidra til auka lokal verdiskaping og å sikre arbeidsplassar i heile fylket. Karriererettleiing til vaksne og programmet for karriere-rettleiing for flyktningar er målretta tiltak som bidreg til at kompetansen i befolkninga vert nytta til beste for samfunnet og for den enkelte.

Arbeidet fylkeskommunen gjer for berekraftig næringsutvikling gir grunnlag for arbeidsplassar både direkte og indirekte. Det bidreg slik til aktivitet og busetnad i heile fylket. Eit reint og rikt miljø er eit premiss for gode liv. Fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre ei heilskapleg og berekraftig bruk av naturressursar, som vassførekostane, er særskilt viktig i eit folkehelseperspektiv.



Gode levekår, saman med sysselsetjing og inkludering, er vesentleg for å sikre ei god folkehelse for innbyggjarane i fylket.

Foto: Stig Roger Eide

Klima

I regional plan for innovasjon og næringsutvikling er det eit uttalt mål at næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2030. Nokre av aktivitetane i 2021:

- Grøn region Vestland, samarbeid for det grøne skiftet
- oppstart for regional plan for fornybar energi
- tilskot til hurtigladeinfrastruktur
- tilskot og mobilisering til forskningsprosjekt for grøne løysingar gjennom RFF Vestland og FORREGION
- prioriterte satsingsområde i utlyste utviklingsmidlar: energi, sirkulære forretningsmodellar, grøn konkurranseskraft og verdikjeder knytt til plast og berekraft
- tiltak i tråd med handlingsplanen for reiseliv «Attraktivitet gjennom berekraft»
- vertskap for sekretariatet til Klimapartnere Vestland
- forprosjektet Redusert klimaaavtrykk frå vestlandsjordbruksel



Fylkesordførar Jon Askeland opna 6. mai 2021 verdas første kombinasjonsladdar i Florø, ein ladar for både bilar og båtar. Vestland fylkeskommune bidrog med økonomisk støtte til utgreiing av ladeinfrastruktur.

Foto: BKK

Oppfølging av utviklingsplanen for Vestland avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 set strategisk retning for utviklinga av fylket. Planen har fire mål med tilhøyrande strategiar, som sektorane i fylkeskommunen på ulikt vis jobbar for å nå. Her rapporterer avdelingane på kva tiltak dei har jobba med i 2021 for å nå måla i utviklingsplanen.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg	Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.	Tiltakspakke II for reiseliv 2021.	Tildelt 8,3 mill. kr til reiselivet, der 6,5 mill. kr går til innsats gjennom destinasjonsselskapene.	Grøn
		Bedriftsintern opplæring (BIO).	Delt ut ca. 42 mill. kr til ekstraordinær opplæring av tilsette i bedriftene og fagbrev på jobb.	Grøn
	Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.	Etablere eksterne utviklingsprosjekt for å realisere vedtekne regionale utviklingsplanar.	40 nye utviklingsprosjekt med 27 mill. kr i fylkeskommunal delfinansiering.	Grøn
		Grøn region Vestland.	Kartlagt over 250 prosjekt og identifisert 16 hubar med stort potensial for grøn næringsutvikling.	Grøn
		Etablert industrinettverk saman med Innovasjon Noreg for kommunar med same utfordringsbilete.	Sju industrikommunar har delteke på samlingar for å samarbeide om å løyse felles utfordringar.	Grøn
		Kurs og rettleiing for gründerar og entreprenørar via Etablerersenteret.	17 kurs, 14 samlingar og 76 individuelle rettleiinger i 2021.	Grøn
	Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidssetta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.	Etablert samarbeidsavtaler med næringsutviklingsaktørar.	36 avtalar etablert med 17 mill. kr i stønadssum.	Grøn
		Kompetansepilot Vestland.	Treårig prosjekt som skal identifisere og oppfylle kompetansebehova i distrikta. 2021 er første heile driftsår.	Gul
		Midlar til læreplassgaranti.	1,2 mill. kr til prosjekt for å sikre læreplassar eller marknadsføring av tilgjengelege plassar.	Grøn
		Kompetanseforum Vestland.	Oppretta to nye regionale kompetanseforum: eitt for Sunnfjord, Nordfjord og HAFS og eitt for indre Sogn i tett samarbeid med Hardanger.	Grøn

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 1: Vestland skal være et regionalt senter for innovasjon og teknologisk utvikling	Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.	Regionalt forskingsfond.	Tildelt støtte til 17 forprosjekt med ein samla sum på 8 166 000 kr. Det er også gitt støtte til 5 hovudprosjekt med ein samla sum på 12 619 000 kr.	Grøn
		FORREGION Vestland.	Arbeid for å mobilisere fleire bedrifter i fylket til å nytte forsking i innovasjonsarbeidet sitt.	Grøn
		RIGHT-prosjektet.	Utvikla og betra regional innovasjonskapasitet og konkurransekraft innan grøn og blå energisektor.	Grøn
Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp nullutslepp innan 2030.	Tilrettelegging for null-utsleppinfrastruktur.	Vestland er regionen i verda med høgaste del elbilar og miljøvennlege skip.	Grøn
			Vestland fylkeskommune vann den globale prisen E-Visionary Award.	Grøn
			Støtte til ladestasjonar inkludert fem hurtigladestasjonar for kombinert bruk for bil og båt.	Grøn
		Grøn region Vestland.	Kartlagt over 250 prosjekt og identifisert 16 hubar med stort potensial for grøn næringsutvikling.	Grøn
	Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.	Formidle informasjon om eigna næringsareal.	Utarbeidd brosjyre som presenterer totalt 16 areal.	Grøn
		Aktiv deltaking i Nordsjøkommisjonen.	Bidratt til EU-resolusjonar knytt opp mot plast og anna marin ureining.	Gul
		Pådrivar for å betre kraftsituasjonen i fylket.	Bidratt til å få kraftsituasjonen i Vestland på dagsorden, inkludert inn i Hurdals-plattformen, i møte med Statnett, høyningsfråsegn til regjeringa og NVE og faglege innspel.	Gul
		Vedtak om å utarbeide regional plan for vassforvalting 2022–2027 for Vestland vassregion.	Utarbeidd regional plan med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram.	Gul

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
	Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.			
Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagssliv	Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stedegne ressursar og kvalitetar.	Etablert nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar. LivOGlyst-programmet.	5 mill. kr er tildelt sju utviklingsprosjekt for å leggje til rette for omstilling og styrke næringsgrunnlag i lokalsamfunna. God aktivitet i lokalsamfunnsprogrammet med 13 prosjekt, fire eittårige og ni treårige.	Grøn
	Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.	Etablering av Havbyen Bergen.	Samhandling og profilering av det havretta marine miljøet i Vestland. Prosjektkontor finansiert med vedtak om 3 mill. kr i støtte over tre år.	Grøn
	Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.	Bidra til utbygging av breiband i heile fylket.	Forhandla fram 40 kontraktar på utbygging av breiband. Overoppsyn med 100 utbyggingsprosjekt med omlag 75 mill. kr i tilskot.	Gul
	Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.			
Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping	Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.	Karriererettleiing for vaksne. Karriererettleiing for nykomne flyktninger.	Opna nytt karrieresenter i Sogndal. Gjennomført 570 flyktning-samtalar, fordelt på 223 unike flyktninger.	Grøn
	Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.	REGALE-prosjekt. YESpecialists.	Utvikle nettverk og samarbeidsstrukturar mellom formell opplæring og sivil sektor og arbeidsliv. Samarbeid mellom vidaregåande skular og andre samfunnsaktørar for å støtte opp under lokale ungdomsinitiativ, til dømes møteplassar eller sosialt entreprenørskap.	Gul

Driftsutgifter – innovasjon og næringsutvikling

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	10 754	24 834
Grøn vekst, klima og energi	18 384	16 022
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	109 589	112 307
Naturressursar, landbruk og reiseliv	78 922	80 999
Verdiskaping byar og regionar	293 591	258 647
Utviklingsmidler	29 062	49 511
Sum	540 302	542 320
Netto meirforbruk 2021		404
Netto mindreforbruk 2020	3 040	



Värend



Kultur, idrett og inkludering

2021 var året der vi fekk på plass den første frivilligstrategien og den første strategien for e-sport, begge viktige tiltak for blant anna folkehelse, inkludering og integrering. Vi er også godt i gang med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Kunst i offentlege rom har vore eit viktig arbeid, der bybanekunst har stått sentralt i 2021. Koronapandemien har framleis prega kunst- og kulturlivet, og Vestland fylkeskommune har jobba for å motverke dei negative verknadane.


Frå venstre: fylkesordførar Jon Askeland, riksantikvar Hanna Geiran og ordførar i Kvam, Torgeir Næss, under opninga av bergkunstfeltet i Vangdal i Kvam herad. Området har rastepplass og publikumsplattform, der ein kan sjå den lyssette bergkunsten.
Foto: Tore Sløssing/Vestland fylkeskommune



«Vi fann gull i 2021! Dei dyktige arkeologane våre, som er ute i vêr og vind frå tidleg vår til sein haust, gjorde det største gullfunnet på Vestlandet på 50 år. Vi har eit vidt ansvarsområde, og i den andre enden av tidslinja, har arbeidet vårt med gaming og e-sport vekt oppsikt. I 2021 delte vi ut det første utviklingsstipendet til ein e-sportutøvar, og i den ferske strategien for e-sport og gaming set vi søkjelys på å hindre utanforskning og sikre sosial berekraft.»

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør kultur,
idrett og inkludering

Kultur, idrett og inkludering – organisasjonskart



Tal tilsette: 118

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2021 har vi blant anna

- etablert den første regionale stipendordninga i landet til tradisjonshandverkarar
- styrkt tilskotsordninga til kulturhus med regionale funksjonar
- gjennomført digital UKM-fylkesfestival (Ung kultur møtest), der spesielt «Unge Arrangørar» og medieredaksjonen knytt til festivalen fekk nye arbeidsoppgåver
- følgt opp fylkestingsvedtaket frå 2020 om at Vestland skal vere antirasistisk sone, blant anna ved å nytte mangfaldskompetanse aktivt i tilskotssaker og i styring og drift av kulturinstitusjonar
- oppretta nye tilskotsordningar til folkebiblioteka
- starta arbeidet med bevaringsplan for privatarkiv
- lansert den første strategien for e-sport og gaming

Regional plan og planarbeid

Fylkesutvalet vedtok planprogrammet for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i 2021. Til saman deltok om lag 300 personar på fire høyringsmøte, og vi fekk inn 78 høyringssvar då planprogrammet var ute på høyring. Det er oppretta ei styringsgruppe for planarbeidet, og seks arbeidsgrupper med om lag 100 deltakrar gav innspel. Inntil den nye regionale planen er på plass frå 2023, er dei regionale kulturplanane for dei gamle fylka styrande i Vestland.

På plansida har vi gitt innspel til kommunale planstrategiar, samfunnssdelar og fleire sektorplanar, der kultur, fysisk aktivitet, friluftsliv og inkludering vert løfta fram.

Kulturarv

Vestland fylkeskommune bidreg til å forvalte kulturarven vår i eit langsiktig perspektiv. Vi gjorde i 2021 68 arkeologiske registreringar i samband med reguleringsplanar, saker for vassdrag og energi, landbruk og mindre private tiltak. I 26 av sakene fann vi nye automatisk freda kulturminne, med spenn frå steinalder til mellomalder. Betalingsringane i gull frå eldre



Lars Jølle Berge var ein av arkeologane til Vestland fylkeskommune som var med og grov fram betalingsringane i gull frå eldre jernalder.
Foto: Vestland fylkeskommune



Slik så gullfunnet ut då det var reinsa. Det er sju ulike ringar som er festa til ein stor oval og løkkeforma ring. Ringane vart brukte som betalingsmiddel. Slike ringar er ofte daterte til yngre romartid (200–400 e.Kr.) og folkevandrings-tida (400–550 e.Kr.).

Foto: Adnan Icagic © Universitetsmuseet i Bergen. (CC BY-SA 4.0)

jernalder som vart funne på Espeland utanfor Bergen, er det største gullfunnet på 50 år på Vestlandet.

Vi innvigla 34 dispensasjonar frå kulturminnelova. 25 av lokalitetane er frigjevne i samband med detaljregulering, og 9 var knytte opp til mindre private tiltak. 12 av dispensasjonane var i samband med statleg plan for E16.

Vi har teke meir aktivt i bruk drone som dokumentasjonsverktøy, med oversiktsfoto og grunnlag for å lage 3D-modellar av kulturminne.

Hospiteringsordninga, eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen, vart utsett på grunn av pandemien.

Skjøtsel og tilretteledding

Ei rekke prosjekt med støtte frå Riksantikvaren, gjennom bevaringsprogramma for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) og bergkunst (BERG), vart ferdigstilte og avslutta i 2021. Vestland fylkeskommune dreiv skjøtsel av bergkunst mellom anna i Vingen i Bremanger og i Leirvåg i Askvoll. Over fleire år har vi samarbeidd med Nasjonale turistveger, Universitetsmuseet i Bergen og Kvam herad om lysetsetting av bergkunst i Vangdal i Kvam. Bergkunsten er lagt til rette med opprusta rastepllass,sti og ny publikumsplattform. Det nye anlegget opna i oktober i 2021.



I samband med bygging av ny E16 mellom Arna og Stanghelle, har Vestland fylkeskommune gjort arkeologiske registreringar i Dalehagen i Vaksdal kommune i 2021.

Foto: Robert Stormark/Vestland fylkeskommune

Det vart drive skjøtsel på gardsanlegget på Modvo i Luster, ein del av nordmannsslepa i Ulvik herad vart restaurert, og to kulturminnetavler vart opna i Fresvik i Vik. Kulturminneløype i Botnane i Bremanger opna, og prosjektet er gjennomført i samarbeid med kommune, grändalag og grunneigar.

Fartøy og bygningsvern

Vestland fylkeskommune er forvaltingsmynde for over 1100 freda bygningar og andre freda kulturminne frå nyare tid. Vi forvaltar tilskotsordninga til freda kulturminne i privat eige og fordele 21,8 mill. kr i tilskot til 44 ulike istandsettingstiltak i 2021.

Vi har forvaltingsmynde for 53 verna og freda fartøy, den største verneflåten i Noreg. 26 ulike fartøy fekk til saman 10,8 mill. kr til sikring og istandsetting, medan 14 fartøy fekk til saman 2 mill. kr til forvalting og drift.

Vestland fylkeskommune har frå 2021 forvaltingsansvar for tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, noko som tidlegare har lege til Riksantikvaren. Om lag 9,3 mill. kr vart fordele til 17 ulike tiltak, mellom anna til Indre Ofredal



Gamle Innvik Ullvarefabrikk har historie tilbake frå 1890, og anlegget var mellom kulturminna som fekk tilskot i 2021.

Foto: Ole Vegard Skauge/Vestland fylkeskommune

«Ne fø' sjøen» og Innvik gamle ullvarefabrikk. Odda Smelteverk, Salhus Tricotagefabrik og Tyssedal kraftstasjon fekk midlar til forvalting, drift og vedlikehald.

16 tiltak på verdsarvstaden Bryggen fekk om lag 23,6 mill. kr i 2021, og fylkestinget sluttar seg til den nye forvaltningsplanen for 2021–2025. I verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, fekk ti ulike tiltak om lag 3,7 mill. kr. Restaureringsplanen vart også ferdigstilt. Vi sende fredningssaka for Stranges stiftelse i Bergen over til Riksantikvaren og markerte fredinga av Singerheimen i Stryn. 15 fagskulestudentar og fem bachelorstudentar har fått opplæring på læringsarenaen for tradisjonelt bygghandverk i Nordheimsund.

Museum og verdiskaping

Vestland fylkeskommune fordelte i 2021 om lag 70 mill. kr i driftsmidlar til musea. Arbeidet med fellesmagasin for musea i Hordaland har vore prioritert. Oddvar Gangstø fekk det første utviklingstipendet i tradisjonshandverk. Han er femte generasjon bokkar med tønneproduksjon. Verdiskapingsprosjektet «Vasskrafta sine anlegg og landskap som opplevingsverdiar» vart etablert med eit treårig hovudprosjekt. Fylkeskommunen

har også etablert ei ny tilskotsordning for dei fire regionalparkane og lyser ut tilskot i 2022.

Kulturminnekompétanse i kommunane

Kommunane har gjort eit stort og grundig arbeid for å få oversikt over kulturrikdomen i Vestland gjennom arbeidet med å lage lokale kulturminneplanar/kulturmiljøplanar. Kommunane Bergen, Askøy, Kvinnherad, Bremanger og Hyllestad vedtok kulturminneplanar i 2021. Til saman 29 kommunar i fylket har no vedteke slike planar. Nemninga kulturminneplan vert erstatta med kulturmiljøplan, der ein ser enkeltobjekt i ein større samanheng.

Tilskot til verneverdige kulturminne

Det var i 2021 sett av i underkant av 1,8 mill. kr til tilskotsordninga for kulturminne med regional verdi. Målet er å sikre kulturminne og kulturmiljø, som grunnlag for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. 87 prosjekt fordelt på 27 kommunar søkte tilskot for til saman ca. 20,2 mill. kr.

Kunst- og kulturutvikling

Vestland fylkeskommune arbeider for kulturlivet i fylket gjennom tilrettelegging, mobilisering og tilskotsordningar. Vi har ikkje trekt attende løyvde tilskot ved endringar i budsjett og planar grunna koronapandemien. Fylkestinget løyvde 9,2 mill. kr ekstra til organisasjonar, verksemder og kunstnarar til å dekke tap og stimulere til vidare aktivitet i samband med pandemien.

Fylkeskommunen løyvde 81 mill. kr i driftstilskot til om lag 100 verksemder i det regionale kunst- og kulturlivet i 2021. Fylkestinget videreførte ordninga kulturelt utviklingsprogram, og 23 utviklingsprosjekt fekk til saman 7,2 mill. kr.

Vi støttar både det frivillige og det profesjonelle kunst- og kulturlivet gjennom tilskotsordningane for prosjekt og tiltak. I 2021 fekk 35 frivillige aktørar om lag 1,2 mill. kr, medan

85 profesjonelle aktørar fekk om lag 3 mill. kr. 41 kunstnarar fekk stipend på 40 000 kr kvar. Til saman delte vi ut om lag 1,6 mill. kr i kunstnarstipend, der 700 000 kr var ekstra-løyvingar knytt til koronakrisa.

Fylkeskommunen har ansvar for å fordele spelemidlar til kulturbrygg. 16 av i alt 46 godkjende kulturbryggprosjekt fekk om lag 6,1 mill. kr i 2021. Vi tildelte også 15 mill. kr i tilskot til fem regionale kulturarenaer. Dei største tilskota gjekk til Hardanger Fartøyvernssenter i Nordheimsund og Lindehuset i Odda.

Frivilligstrategi for Vestland 2021–2022 vart vedteken i dialog med frivillige organisasjonar, og slår fast at det skal vere enkelt å vere frivillig. Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Frivillighet Norge arrangert tre digitale konferansar. Tema for konferansane har vore Frivilligetas år 2022, kommunal frivilligheitspolitikk, inkludering, og korleis få med fleire deltakarar og frivillige.

Årets kulturkonferanse var i Førde 18. november. Tema for konferansen var «Felles grunn. Rom for kultur?».



Dette er ein stjernehimmel djupt under bakken, sa kunstnar Inger Johanne Rasmussen då det underjordiske bybanestoppet på ved Haukeland sjukehus vart vist fram for første gong hausten 2021. Rasmussen har utsmykka haldeplassen.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Kunst i offentlege rom

Fylkestinget har vedteke at fylkeskommunen skal setje av 1,2 prosent av entrepriserkostnad til kunst i fylkeskommunale nybygg. Fleire sektorar arbeider saman om dette, og dei to største prosjekta i 2021 var Åsane vidaregåande skule og kulturhus og kunst for byggetrinn fire til Fyllingsdalen for Bybanen i Bergen. I Åsane er det det plassert kunst både inne i og rundt bygget, noko som gjer kunsten lett å sjå og oppleve for både elevar ved skulen og besökande til kulturhusdelen. Bybanekunsten spenner frå skulpturar på haldeplassar til lydspor og kunst på takplatene inne i bybanevognene.

Store nye prosjekt for kunst i offentlege rom er fylkeshuset i Bergen, nye vidaregåande skular i Førde og på Askøy og den nye avdelinga til Sogndal vgs. på Kaupanger.

Kulturformidling

Gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) får barn og unge oppleve kunst av fremste kvalitet der dei bur. Ung kultur møtest (UKM) er ein arena der ungdom får delta i eit kulturelt fellesskap på eigne premissar. Fagområdet kultur og helse handlar om korleis kultur kan bidra til betre folkehelse. Fylkeskommunen støttar opp om fagområdet ved rådgjeving, nettverksarbeid og kunnskapsformidling. Vi skal også syte for at eldre får oppleve profesjonell kunst- og kultur i nærmiljøet sitt. Det gjer vi i hovudsak i ordninga Den kulturelle spaserstokken, der kommunane i fylket får tilskot til å gjennomføre lokale tiltak. Gjennom musikarordningane styrkjer fylkeskommunen det profesjonelle og frivillige musikklivet i fylket.

Den kulturelle skulesekken

Pandemien og tiltak på skulane har påverka gjennomføringa av DKS-programmet. Vi planla 93 produksjonar i grunnskule og vidaregåande skule i 2021. Turnéane til 32 produksjonar vart gjennomførte som planlagt, resten vart delvis eller heilt avlyste.

For skuleåret 2021/22 fekk Vestland fylkeskommune knapt 36 mill. kr til DKS. Rundt 26 mill. kr av dette var til program i grunnskulen og rundt 10 mill. kr til program i vidaregåande skule. Midlane til grunnskulen var grunnlag for fordeling til lokale tiltak i kommunane. I tillegg fekk vi rundt 360 000 kr til utvikling av nye produksjonar.

Vestland fylkeskommune leiar det nasjonale prosjektet «Meir nynorsk i DKS», der målet er fleire produksjonar på nynorsk over heile landet. 2021 var også året der vi vidareutvikla samarbeidet mellom kultursektoren og vidaregående opplæring. DKS og Kulturtanken presenterte seg på dei to skulemiljø-konferansane i november.



UKM Vestland fylkesfestival vart digital i 2021, som i 2020. Det vart gjort opptak ulike stadar i fylket, og resultatet vart synt fram under den digitale festivalen i oktober.

Foto: Bergen Live

Ung kultur møtest

UKM Vestland fylkesfestival 2021 vart ein digital festival med ein omreisande videoproduksjon og aktivitet på sosiale medium. Landsfestivalen vart avlyst. Fylkesfestivalen gav UKM Vestland nye erfaringar og ferdigheter i digital formidling av kunst- og kulturuttrykk. Spesielt «Unge Arrangørar» og medieredaksjonen knytt til festivalen fekk nye arbeidsoppgåver. Dei unge arrangørane var reporterar og intervjuar deltagarane på scena, dei var artistvertar og planla videoproduksjon saman med Bergen Live gjennom digitale møte. Medieredaksjonen oppretta ein Discord-kanal for UKM Vestland og administrerte denne sosiale møteplassen under framsyning av sendingane. Dei hadde også blant anna «take over» på Instagram-kontoen til UKM Vestland, klippe råmaterie og filma deltagarar til bakom-film.

Musikarordningane

Distriktsmusikarordninga er eit samarbeid med fem verkskommunar, og vi arbeider med å utvide ordninga til heile fylket. Musikarane har utøvande verksemder som del av stillinga, i tillegg til undervising. Ein del av den utøvande verksemda går inn i fylkeskvoten, som er ein musikarressurs der utøvarane vert stilte til disposisjon for regionale musikkprosjekt etter søknad.

Inkludering og integrering

Fylkeskommunen har oppgåver innan busetjing, kvalifisering og tiltak mot negativ sosial kontroll og ekstremisme. Vi har ei tverrfagleg integreringsgruppe med representantar frå kultur, næring og opplæring. Den operative gruppa tek seg av den nye integreringslova, karriererettleiing for målgruppa frå 18 til 55 år og tiltak for elevar frå 18 til 25 år på vidaregåande skular. Saman med Integrerings- og mangfalldirektoratet (IMDi) ser vi på kriterium for å løyve midlar til kommunane og korleis informere dei.

Fylkeskommunen har gitt innspel om busetjing av flykningar, og 24 kommunar vart bedne om å busetje flykningar i 2021. Vi har fordelt midlar til opplæring med seks tiltak innan etablering og fire for mentor- og traineeordning. Midlar frå IMDi til «Jobbsjansen del B» er til arbeid med kombinasjons-

klassar i vidaregåande skular. I ordninga for inkludering og mangfald har vi gitt tilskot til åtte aktørar.

Fylkestinget har tidlegare vedteke at Vestland skal vere antirasistisk sone. Mangfaltskompetanse kan nyttast positivt i tilskottssaker og i styring og drift av kulturinstitusjonar. Minoritetsrådgivarane på fire vidaregåande skular i Vestland arbeider mellom anna med førebygging av negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Regionalt kompetansesenter mot vold og traumatisk stress (RVTS) er ein viktig samarbeidspart.

Bibliotek

Vestland fylkeskommune driv bibliotekfagleg rettleiing og kompetanseheving av bibliotektilsette, gir råd til kommunane og utviklar folke- og skulebibliotek.



Aktivitet på folkebiblioteka i kommunane er eit mål for Vestland fylkeskommune, som bidreg med kompetanseheving, råd, rettleiing og tilskotsordningar. Fleire folkebibliotek hadde i 2021 besøk av Halvor Folgerø, som fortalte om boka si "Vestlandsvegar", blant anna her på Kvinnherad bibliotek.

Foto: Trude Hege Bergesen

Tilskotsordningar og prosjekt

Vi etablerte tre tilskotsordningar for bibliotekutvikling i 2021:

- utvikling av folkebiblioteklokale
- prosjekt og kompetanseheving
- mobile bibliotektilbod

Til saman fordelte vi 1,6 mill. kr. Sju kommunar fekk til saman 650 000 kr til biblioteklokale, 16 kommunar fekk til saman 250 000 kr til prosjekt og kompetanseheving, og to kommunar fekk til saman 500 000 kr til mobile tilbod.

Prosjekta våre dette året handla mellom anna om bibliotek-samarbeid, kombinasjonsbibliotek, integrering, digitale litteratursider for barn og felles drift av digitale innhaldstjenester. Alle vart støtta av Nasjonalbiblioteket, som gav 6 mill. kr til Vestland og ni andre fylke for å styrke formidlingskompetansen i folkebiblioteka. Norsk filminstitutt løvvde 200 000 kr til kompetanse om dataspel og spelformidling.

Digital utvikling og samarbeid

Fylkeskommunen har i 2001 etablert og drifta biblioteknett-stadar, drive kompetanseheving og produsert artiklar til deling. I ei nasjonal satsing har vi delteke med lokale samlingar for e-læringskurset «23 ting om formidling på nett».

Vi kjøper inn og legg til rette for e-bøker, digitale tidsskrift og aviser i folkebibliotek og bibliotek i vidaregåande skular. Kommunane bidreg til ordninga, der det vart lånt ut om lag 80 150 e-bøker i 2021.

Turnear

Tre turnear har hatt 23 framsyningar og om lag 500 tilskodarar. I tillegg har vi samarbeidd med bibliotek og Den norske turistforeningen om barnearrangement på dagsturhytter.

Klassesett

Seksjon for bibliotekutvikling har ei samling klassesett for å simulere til leselyst i skulane. Hovudvekta er på nynorsk. Samlinga tel 356 boktitlar, og vi lånte ut om lag 12 000 bøker i 2021.

Arkiv

Vestland fylkeskommune tek vare på og formidlar ein samla samfunnssdokumentasjon. Fylkestinget løvvde i 2021 midlar til å bygge eit nytt arkivmagasin på Leikanger. Magasinet vil auke kapasiteten vesentleg, ha fasilitetar for muggsanering og spesialmagasin for særleg sårbart materiale. Prosesen med å kartlegge, greie ut og gi råd om framtidig organisering av dei kommunale arkivinstitusjonane starta opp i 2021. Eit

heilskapleg perspektiv på bevaring ligg til grunn for arbeidet, som såleis inkluderer det regionale arbeidet med privatarkiv.

Kommunearkivordninga i Vestland

Kommunearkivordninga legg til rette for at arkiva til dei 19 medlemskommunane vert tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova. Samarbeidet leverer tenester for papirbaserte og elektronisk skapte arkiv, og det utfører digitalisering- og ordningsoppdrag.

Av prosjektsatsingar vil vi trekke fram digitalisering av fylkestingsforhandlingane for Sogn og Fjordane, og tilsegn på prosjektet Møtebokregisteret – ein kjeleopnar til lokalhistorie. I prosjektet skal vi vurdere utviklinga av eit nasjonalt fellesregister for møteprotokollar frå kommunestyre og formannskap.

Ikkje-offentlege arkiv

Vestland fylkeskommune bevarer og formidlar arkiv og kulturmateriale fra privat sektor. Eit nytt prosjekt er å samle inn og digitalisere den store Ekrheim-fotosamlinga frå Etne. I samarbeid med kommunen og det lokale sogelaget vil ei rekke frivillige vere med og gje opplysningar. Vi har etablert eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av levande bilde, og den første delen av samlinga etter filmselskapet Vest Vision vart digitalisert i 2021.

Arbeidet med å etablere nye webarkiv for bevaring og formidling av privatarkiv i Vestland heldt fram i 2021. Vi tok også initiativ til å skipe Nettverket av folkemusikkarkiv i Vestland, som vil styrke arbeidet med bevaringa av tradisjonsmusikk.

Idrett og friluftsliv

Fylkestinget vedtok den første strategien for e-sport og gaming i Vestland i 2021. Han handlar mellom anna om å arbeide mot utanforskap, sikre sosial berekraft og utvikle tilbod i breidde, topp og i vidaregåande opplæring. I samhandling med aktørane i Idrettsklynge Vest og organisasjonen Vestlandet E-sport arbeider vi med kompetanseutvikling og inkludering. Det første utviklingsstipendet for e-sport i Vestland vart delt ut til Vetle Faret Tønnesen på Aktive Gamere-konferansen i Bergen i november.

Friluftsliv

Koronapandemien har ført til ein kraftig auke i bruken av tilrettelagte friluftsområde. Mange er nye brukarar, og behovet for kunnskap er stort. Fylkeskommunen bidreg til å informere om rettar og plikter som følgjer av allemannsretten. Vi har

samla relevant informasjon på nettstaden vår, mellom anna informasjon om allemannsretten på sju språk.

Anleggsutvikling og spelemedilar

Vestveggen i Åsane Arena fekk i 2021 prisen for Årets idrettsanlegg, som blir delt ut av Noregs idrettsforbund, Kulturdepartementet og Bad, Park og Idrett. Vestveggen er det største innandørs klatreanlegget i Norden, med 3200 m² klatreflate.

Vestland fekk 216 mill. kr i spelemedilar i 2021. Vi hadde 676 søknadar frå 42 kommunar om spelemedilar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og samla godkjend søknadssum var på vel 950 mill. kr. 96 av 439 søknadar om spelemedilar til ordinære anlegg vart innvilga, og det same vart 109 av 237 søknadar om spelemedilar til nærmiljøanlegg.

Spelemidlane er overskotet frå spela til Norsk Tipping. Kulturdepartementet fordeler spelemidlane ut til fylka, og fylkeskommunane fordeler så denne summen ut til kommunar, lag og organisasjonar som har søkt. Vestland har lang ventetid på utbetaling av spelemedilar. I gjennomsnitt må søkerar söke



Endå fleire dagsturhytter vart opna og tilgjengelege for turgårar i 2021, blant anna her i Os i Bjørnafjorden kommune.

Foto: Britt Karen Spjeld/Vestland fylkeskommune



Friidrettsutøvar Salum Kashafali fekk heider av fylkestinget for gullet han tok på 100 meter under Paralympics i Tokyo i august.

Foto: Rune Åland/Vestland fylkeskommune

i 4,7 år før dei får tildeling til ordinære anlegg. For nærmiljø-anlegg er ventetida 2,3 år.

Heider til OL- og VM-medaljørar

Fylkestinget gav i 2021 heider til ni idrettsutøvarar frå Vestland. Dei har anten fått medalje i meisterskap som senior verdsmeisterskap, olympiske leikar, sett ny verdsrekord eller vunne verdscupen samanlagt.

Dagsturhytter

52 av 57 dagsturhytter var på plass i Vestland ved utgangen av 2021. Mange kommunar hadde opningsfestar for hytter dette året.

Internasjonalt arbeid

Avdeling for kultur, idrett og inkludering samarbeider med avdeling for innovasjon og næringsutvikling og avdeling opplæring og kompetanse om to internasjonale prosjekt.

Det eine er Erasmus+ 2021–27, med vekt på inkludering, mangfold og grøn og digital omstilling. Fylkeskommunen lyser ut midlar til formell og uformell vaksenopplæring for



Vestland fylkeskommune bidreg med råd og rettleiing for kommunane for å gjere turstiar og andre naturopplevingar tilgjengelege for alle.
Eit døme er denne turstien i Kinn kommune. .

Foto: Hanne Espe/Vestland fylkeskommune

læring gjennom mobilitetsprosjekt. 18 bibliotektilsette brukte midlar frå tidlegare løying til å besøke Sverige og Finland i slutten av året, då koronasituasjonen gjorde det mogleg.

Det andre prosjektet er Regale (2021–2024), som står for Regional Capacity for Adult Learning and Education. Det er eit samarbeid mellom ti land om læring for vaksne. Målet er å styrke voksenopplæring i kvar region, ved å utvikle nettverk og kvalifisere innvandrarar til arbeidsmarknaden. Arbeidet er delt opp i åtte arbeidspakkar, der vi skal koordinere «Pilot Case Vestland», og samarbeide om kompetansetiltak i regionen. Partnarar for samarbeidet internasjonalt er Vuxenutbildningen i Borås i Sverige og Varaždin County i Kroatia.

Folkehelse

Kultur- og idrettssektoren arbeider for å motverke inaktivitet og utanforsk og er representert i det interne nettverket Folkehelseringen. Det skal samordne arbeidet med folkehelse i dei ulike sektorane i fylkeskommunen. Folkehelse er ei lovpålagt oppgåve for fylkeskommunen, og vi er særleg opptekne av å utjamne sosiale skilnadar og gjere tilbod og tenester tilgjengelege for alle.

Eit døme på eit prosjekt med låg terskel for kultur, er metoden Shared Reading. Bibliotektilsette er kursa i å lese høgt og dele tekstar i grupper, og deltakarane kan velje om dei berre vil lytte, eller om dei også vil delta i samtale.

Universell utforming

Vestland fylkeskommune har i 2021 kartlagt tilgjengelighet og universell utforming av 62 turvegar, 10 badeplassar og 23 fiskeplassar i 22 kommunar i fylket. Det har vi gjort i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag og Bergen og Omland Friluftsråd. Rapporten skal vi bruke som grunnlag for meir tilgjengelige naturopplevingar. Kartverket bidrog med 80 000 kr, i tillegg til fylkeskommunale ressursar.

Klima

Grønt vegkart for kunst- og kulturfeltet har som mål å vise status, setje konkrete mål og få fram tiltak for å redusere klimaavtrykket frå kunst- og kultursektoren.

Berekraftig anleggsutvikling

Vestland fylkeskommune signerte i 2021 ein fireårig samarbeidsavtale med Vestland idrettskrets om berekraftig anleggsutvikling. Målet er å styrke innsatsen for berekraft i anlegg og utvikle grøne idrettsarrangement i fylket.

For å få betre tilgang til kompetanse på feltet har Vestland fylkeskommune meldt seg inn i International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic). Dette er ei ideell foreining for berekraftig utvikling, etablering og drift av idrett- og fritidsanlegg.

Oppfølging av utviklingsplanen for Vestland avdeling for kultur, idrett og inkludering

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 set strategisk retning for utviklinga av fylket. Planen har fire mål med tilhøyrande strategiar, som sektorane i fylkeskommunen på ulikt vis jobbar for å nå. Her rapporterer avdelingane på kva tiltak dei har jobba med i 2021 for å nå måla i utviklingsplanen.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 1: Vestland som det leiane verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg	Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverkna-dane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.	Fylkestinget løyvde 9,2 mill. kr ekstra til kulturorganisasjo-nar, verksemder og kunstnar-ar. Under pandemien kunne budsjett og planar endrast.	Betre økonomiske vilkår i kultursektoren.	Grøn
	Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeids-plassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.			
	Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidssretta og inkluderande arbeidsog næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.			
	Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.	Innført nye oppgåver innan kulturminneforvalting.	Tatt ansvar for dispensa-sjonssaker og forvaltinga av verna og freda fartøy, forskriftsfreda eigedomar i statleg og privat eige og freda tekniske og industrielle anlegg, inkl. tilskotsfordeling. Fått tilført store nye statlege midlar til området.	grøn
		Minoritetsrådgjevarar.	Jobbe for å overføre ansvaret til fylkeskommunen. Dei fire minoritetsrådgjevarane er i dag tilsette i Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI), men har arbeidsstaden sin på vidaregåande skular.	Gul
		Innført nye oppgåver på friluftslivsfeltet.	Tatt ansvar for oppgåver knytt til forvalting av statleg sikra friluftsområde og skjer-gardstenesta.	Grøn

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
		Har fått overført integrerings- og inkluderingsoppgåver fra IMDi.	Tatt ansvar for busetjing, kvalifisering og tiltak mot negativ sosial kontroll og ekstremisme.	Grøn
Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.	Rettleiing om sirkulærøkonomi i planuttalar, miljøtiltak om bevaring av gamle bygningar.	Måle resultat i kommunale planar.	Grøn
	Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.	Prosjekt i samarbeid med Riksantikvar og andre, til dømes lyssetjing og tilrettelegging av område med bergkunst i Vangdal i Kvam. Etablert første regionale stipendordninga i landet til tradisjonshandverkarar. Verdiskapingsprosjektet Vasskrafta sine anlegg og landskap som opplevingsverdiar vart etablert med eit 3-årig hovudprosjekt. Ny tilskotsordning for dei fire regionalparkane vart etablert, med utlysing i 2022. Fylkeskommunen leiar prosjektet «Meir nynorsk i DKS», der målet er fleire produksjonar på nynorsk over heile landet. Vi tok initiativ til å skipe Nettverket av folkemusikkarkiv i Vestland, som vil styrke arbeidet med bevaringa av tradisjonsmusikk.		Grøn
	Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.	Vestland fylkeskommune signerte ein fireårig samarbeidsavtale med Vestland idrettskrets om berekraftig anleggsutvikling.	Styrke arbeidet med berekraftig utvikling av idrettsfeltet.	Grøn

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv	Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stad-eigne ressursar og kvalitetar.	Oppfølging av vedtaket om Vestland som antirasistisk sone.	Bevisstgjering og tiltak mot utanforskarp og strukturell ulikskap i samfunnet.	Grøn
	Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.			
	Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.	Gjennomført digital UKM-fylkesfestival (Ung kultur møtest). Lansert første strategi for e-sport og gaming.	Gir nye erfaringar og ferdigheter i digital formidling av kunst- og kulturuttrykk.	
Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping	Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.	Tilskot til inkludering. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Vedteke frivilligstrategi for Vestland. Styrkt tilskotsordninga til kulturhus med regionale funksjonar.	Styrkt eit mangfold av opne og inkluderande arenaer i Vestland.	Grøn
	Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.	Tilskot til Den kulturelle spaserstokken.	Sikrar tilgang til kunst og kulturoppleving for alle aldersgrupper i Vestland.	
	Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.	Tilskota til og arbeidet med Den kulturelle skulesekken (DKS) og Ung kultur møtest (UKM).	Sikrar at alle born og unge i Vestland har moglegheit til å delta og oppleve profesjonell kunst i lokalsamfunnet.	

Driftsutgifter – kultur, idrett og inkludering

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Stab	7 269	7 715
Inkludering, strategi og analyse	10 213	10 010
Arkiv	19 925	16 928
Bibliotekutvikling	18 658	15 610
Kulturformidling	41 408	47 079
Kulturarv	173 392	195 783
Kulturutvikling	152 371	139 005
Idrett og friluftsliv	289 881	286 724
Sum	713 117	718 854
Netto meirforbruk 2021		3 115
Netto mindreforbruk 2020	617	





Mobilitet og kollektiv- transport

Fleire reiste kollektivt i 2021 enn i 2020, men sektoren var framleis sterkt prega av koronapandemien. Elles har klimaomstilling og ei grøn framtid for kollektivtrafikken stått i sentrum også dette året. 19 av totalt 25 ferje-samband i fylket går no hovudsakleg på elektrisitet. I tillegg nærmar det seg opning av bybanetraseen til Fyllingsdalen, der det har vore svært omfattande byggeaktivitet i 2021.

Innføring av låg- og nullutsleppsteknologi for buss og ferje har bidrøye positivt til klimabudsjettet til Vestland fylkeskommune, og vi kan no sjå ein heilårseffekt av satsinga i Bergen. Bildet viser depotet på Mannsverk, som er lagt til rette for elektrisk bussdrift.


Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



«2021 var nok eit år prega av pandemien og låge reisetal i kollektivtrafikken. Sjølv om vi har fått dekt tapte inntekter, må vi byrje å tilpasse oss ein «ny normal». I denne utfordringa ligg også mogelegheiter for utvikling og innovasjon mot ein meir tilpassa, grønare og forhåpentleg meir ressurseffektiv mobilitet for innbyggjarane i Vestland.»

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør mobilitet
og kollektivtransport

Mobilitet og kollektivtransport – organisasjonskart



Tal tilsette: 161

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2021 har vi blant anna

- arbeida med digital bestillingstransport som del av eit heilskapleg mobilitetstilbod
- sørga for at 19 av totalt 25 ferjesamband i Vestland i hovudsak nyttar elektrisitet til framdrift
- jobba vidare med prosjektet grønare Bybane, som blant anna inneber at vi nyttar 96 prosent fornybar energi på anleggsplassane på linja til Fyllingsdalen
- inngått kontrakt for hybridelektriske fartøy i Florabassenget og på enkelte samband i Sognefjorden
- realisert eit pilotprosjekt med sjølvkøyrande buss i Førde

Klimaomstilling

Ifølge Cicero sin utsleppsanalyse (januar 2022) kjem 15 prosent av utsleppa i Vestland frå vegtrafikk. Avdeling for mobilitet og kollektiv har eit særskilt ansvar for å legge til rette for dei miljøvennlege reisealternativa i tråd med nasjonale og regionale føringer. Gjennom byekstavtalen for Bergen er vi som part forplikta til å følgje opp målet om at veksten i persontrafikken skal takast med kollektivtrafikk, sykling og gonge.

Grønare bybane

Grønare bybane inneber at Bybanen skal prosjekterast, byggest, driftast og haldast ved like med lågast mogleg klimagassutslepp og påverknad på ytre miljø. Det betyr at Bybanen Utbygging skal vere ein pådriver for og jobbe kontinuerleg med å fremje gode løysingar med omsyn til klima og ytre miljø.

- Ved utgangen av året var 96 prosent av grunnarbeida for bygginga av Bybanen til Fyllingsdalen utførte som fossilfri anleggsplass. Det gir ei innsparing på 80 500 tonn CO₂-ekvivalentar, som er det same som årsforbruket til 31 000 fossibilar.
- På anleggsområda kjem satsinga på fossilfrie byggeplassar særleg til synne gjennom elektrifisering av anleggsmaskiner. I 2021 fekk vi ein elektrisk lastebil

og ei elektrisk kostemaskin i Fyllingsdalen. I tillegg er ei rekke andre store elektriske anleggsmaskiner framleis i drift, eller har vore det, for å bygge Bybanen.

- I 2021 blei dei første av totalt 140 store tre som er tekne vare på frå anleggsområda, planta tilbake i Fyllingsdalen og i Fløen.
- Bybanen Utbygging har etablert eit eige klimagassbudsjett. Det synar at berekna klimapåverknad av bybaneutbygging for byggetrinn 4 for dei største innsatsfaktorane, ligg på ca. 150 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Klimagassbudsjettet inkluderer livsløpsstadium knytt til produkt, gjennomføring og bruk, men ikkje sluttstadiet.

Utfordringar for kollektivtransporten

Koronapandemien med redusert mobilitet, smitteverntiltak og bruk av heimekontor har hatt stor innverknad på reisevanane til folk. Konsekvensar for kollektivtrafikken har vore store i både 2020 og 2021. Sjølv om pandemien var mindre akutt i 2021, vart passasjertala for kollektivtrafikken også dette året langt lågare enn normalt.

Undersøkingar tyder på fleire av kollektivreisene er overførte til personbil. Det var rekord for nybilsalet i Noreg i 2021, og det er elbil som har drive utviklinga. Heile 64,5 prosent av nye bilar var elbilar. I 2019 og 2020 var tala høvesvis 42,7 prosent

og 53,8 prosent. Undersøkingar gjort av Transportøkonomisk institutt viser at drivaren for nybilkjøp er elbilinsentiva, som gjer bilkjøp, bruk og parkering rimelegare. Samanfallet av forbetra elbilteknologi og auka rekkevidde, dei mange elbilinsentiva og koronapandemien kan syne seg skjebnesvangert for kollektivtrafikken. Reisande som har bytt frå kollektivtransport til privatbil, er spesielt krevjande å vinne tilbake.

Ein varig etterverknad av pandemien ser ut til å vere at heimekontor blir ein meir integrert del av arbeidslivet. Det fører til at ein del reiser sjeldnare til jobb enn før, også etter at pandemien er over. Kollektivtrafikken vil ha behov for omstilling i tråd med dei nye reisevanane for å gjøre det attraktivt å velje kollektivreiser, mellom anna når det gjeld betalingsløsingar. Det er noko ein har starta arbeidet med både på nasjonalt nivå og i dei enkelte fylka.

Ferjesamband

Etter planen skulle alle fylkesvegferjesambanda i Hordaland vore elektrifiserte frå andre halvår i 2020. Årsaka til at det ikkje skjedde, var forseinka leveransar frå nettselskapa, manglande godkjenning av byggeløyve og konsekvensar av covid-19-pandemien. Av dei 17 ferjesambanda var 16 samband fullelektrifiserte ved årsskiftet 2021/2022. Manglande byggeløyve for oppsett av teknisk bygg i Våge er hovudårsaka til forseinkinga for sambandet Halhjem–Våge. Operativ lading på Våge vart klar vinteren 2022. Konsekvensen av forseinkingane var høgare kostnader og større CO₂-utslepp enn det som var berekna for 2021.

Av dei totalt 25 fylkesvegferjesambanda i Vestland nyttar 19 av sambanda i hovudsak elektrisitet til framdrifta. Elektrifiseringa av fylkesvegferjene i hordalandsområdet inneber ein betydeleg reduksjon i miljøbelastninga frå ferjetransporten i Vestland. Alle ferjene på sambanda er hybridferjer, som kan operere både med diesel og elektrisk drift. Erfaringane så langt syner at drifta går som føresett.

Omstilling i drosjenæringa

Fylkestinget vedtok i mars 2020 å innføre nullutslepps krav til drosjenæringa i kommunane i tidlegare Hordaland frå 1. april 2024. Avdeling for mobilitet og kollektiv fekk i oppdrag å greie ut moglegheitene for tilsvarande krav i kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane. Konklusjonen er at det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg å innføre krav om nullutslepp frå drosjenæringa i desse kommunane frå 1. oktober 2025. Ved å innføre nullutslepps krav til drosjenæringa i alle kommunar i Vestland, kan vi vente eit utsleppskutt i klimagassar per år på 11 850 tonn CO₂-ekvivalentar. Om vi tar omsyn til indirekte utslepp, altså heile klimafotavtrykket til drosjene, kan vi vente ein reduksjon av klimagassar på inntil 85 prosent for heile næringa. Miljøkravet vil også medføre eit årleg utsleppskutt av NO_x på 32,5 tonn.

Forskriftsforslaget var på høyring våren og sommaren 2021, og vart behandla av fylkestinget i september 2021. Saka vart då sendt tilbake til administrasjonen for at rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal få gje fråsegn i saka. Saka skal behandlast politisk att i 2022.



16 av 17 ferjesamband i Hordaland var fullelektrifiserte ved årsskiftet 2021/22.

Vinteren 2022 slutta ferja Kommandøren mellom Halhjem og Våge den elektriske ferjeringen i denne delen av fylket.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Klima- og miljørekneskap 2021

CO₂-utslepp frå fylkeskommunal kollektivtransport i Vestland

Transportmiddel	2019 (tonn CO ₂)	2020 (tonn CO ₂)	2021 (tonn CO ₂)	Endring 20-21
Buss	45 500	30 200	17 600	-42 %
Båt	46 800	44 500	45 200	2 %
Ferje	67 600	50 300	33 500	-33 %
Bybane	200	200	100	-50 %
Totalsum	160 100	125 200	96 800	-23 %

Det samla CO₂-utsleppet frå fylkeskommunal kollektivtransport gjekk ned med om lag 23 prosent frå 2020 til 2021.

Historiske tal er korrigerte for feil i tidlegare berekning.

For ferjedrifta er utsleppsreduksjonen stor. Fleire samband er blitt elektrifiserte i 2021, noko som har redusert utsleppa frå fossilt brennstoff i desse kontraktane. Alle ladeanlegg er no sette i drift, og heilårseffekten frå ferjeelektrifisering i Hordaland kjem frå 2022.

Den største reduksjonen i CO₂-utslepp frå buss heng saman med elektrifiseringa av bussar i ruteområdet Bergen sentrum og overgangen til biogass i Bergen nord i 2020. Det gir heilårseffekt for 2021. I tillegg brukte resten av bussane i bergensområdet berekraftssertifisert og palmeoljefritt biodrivstoff. Trolleybussane bidreg også positivt til nullutsleppsdrifta i dette området.


Skyss avslutta bruken av biodrivstoff ved utgangen av 2021 og går tilbake til diesel etter anbefaling frå Miljødirektoratet. Det har i praksis ingen effekt å kjøpe 100 prosent biodrivstoff, når dette inngår i eit nasjonalt krav til innblanding av biodrivstoff i all diesel som vert seld i Noreg. Som følgje av kravet vert det i dag blanda inn om lag 15,5 prosent biodrivstoff i diesel. Kjøp av 100 prosent biodrivstoff har bidratt til ei positiv utvikling i Skyss og fylkeskommunen sitt klimarekneskap dei siste åra. Når dette no vert fasa ut, kan ein vente eit hopp i klimagassutsleppa neste år. Desse variasjonane er altså vurderte til å ikkje påverke den globale klimapåverknaden. Vestland fylkeskommune kjøper inn all straum til buss og bybane med opphavsgarantiar. Bybanen reduserte CO₂-utsleppet sitt ved hjelp av vasskraft med endå lågare CO₂-utslepp i 2021 enn tidlegare.

Det er ikkje gjort utsleppsreduserande tiltak for båtdrifta. Elektrifisingsgraden for køyretøy og fartøy i transportkon-

CO₂-utslepp etter transportmiddel 2019–2021 i tonn



traktane til Skyss har auka dei siste åra. Alle bybanevognene går på straum, medan 22 av 28 ferjer no er hybridfartøy med hovudsakleg elektrisk framdrift. 20 prosent av bussane i fylket er gassbussar eller elektriske bussar på fornybar energi. Alle båtar vert per i dag drifta på konvensjonelt drivstoff, men dei første hybridelektriske fartøya vil kome i drift frå 2023/24.



Føresetnader:

- Alle energital er i utgangspunktet baserte på rapportert forbruk av drivstoff.
- Alle CO₂-tal er i utgangspunktet baserte på rapporterte energital og omrekningsfaktorar frå Miljødirektoratet og Det Norske Veritas (DNV).
- For fossilt drivstoff i forbrenningsmotor er berre lokale CO₂-utslepp inkluderte.
- For biodrivstoff, biogass og straum er berekning av CO₂-utslepp inkludert i energiproduksjonen.
- For innblanda biodrivstoff i autodiesel og biodrivstoff er det føresett ein redusert klimapåverknad samanlikna med fossilt drivstoff i tråd med lovpålagte minstekrav i produktforskrifta .



Bybanen har frå dag ein gått på rein, fornybar energi, og har vore eit formidabelt klima- og miljøtiltak i Bergen sidan opninga i 2010.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Folkehelse

Mange forhold påverkar helse og livskvalitet, noko som krev samarbeid på tvers mellom ulike tenestetilbydarar og forvaltningsnivå. Tiltak for å fremme helse og trivsel er ikkje berre viktige for den enkelte, men har òg betydning for samfunnsutviklinga. Det grunnleggande arbeidet for avdeling for mobilitet og kollektiv er å sikre mobilitet gjennom kollektivtjenester og å legge til rette for sykkel og gonge. Desse reisealternativa bidreg til å redusere transportutsleppa og gjer det enklare å velje aktive transportløysingar.

Eit lett tilgjengeleg og brukarvennleg kollektivtilbod er særleg viktig for å sikre at dei utan eigen bil kan delta i arbeidslivet og fritidsaktivitetar. For mange i dei yngste og eldste aldersgruppene er tilgjengeleg kollektivtransport avgjerande for å ha eit aktivt liv utanfor heimen. Menneske med nedsett funksjonsevne har behov for tilrettelagt transport til arbeid og fritidsreiser.

Talet påstigingar i kollektivtrafikken i Vestland var litt høgare i 2021 enn i 2020, men var likevel sterkt påverka av covid-19-pandemien.

Totalt var det 61,7 millionar påstigingar på buss, båt og bybane i 2021, mot 53,9 millionar i 2020. I 2019 var talet 82,5 millionar. Talet for 2021 var dermed 14 prosent høgare enn 2020, men framleis kring 25 prosent lågare enn normalåret 2019.


12 prosent oppgang for Bybanen

I 2021 var det nær 14 millionar påstigingar på Bybanen. Det er framleis mykje lågare enn toppåret 2019, då det var 18,7 millionar, men ein auke frå 12,4 millionar i 2020. Bybanen utgjorde 27 prosent eller over ein fjerdedel av alle kollektivreisene i bergensområdet i 2021. Totalt føregjekk 85 prosent av kollektivreisene i Vestland her.

Statistikken over påstigingar syner ein gjennomsnittleg oppgang på 16 prosent for buss samanlikna med 2020.

Lite endring for båt

Båtrutene hadde nær 1,2 millionar reisande i heile Vestland i 2021. Det er ein auke på berre 3 prosent frå 2020, og reisetallet er 34 prosent lågare enn normalåret 2019. Mange båtruter har tilnærma same reisetall som i 2020, noko som kan skuldast at mange av dei som pendlar med båt, er arbeidsreisande som har bytt ut reiser med heimekontor.



Tilrettelegging for sykkel og gonge for alle grupper er eitt av dei viktigaste folkehelsetiltaka vi har.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Ferjetrafikken normalisert

På fylkesvegferjene var det 5,1 millionar passasjerar i 2021. Her vart situasjonen nær normalisert dette året. Ferjetrafikken vart aldri like sterkt råka av pandemien som kollektivtrafikken, og trafikktalet for 2020 var berre 7 prosent under 2019-nivået. I 2021 var talet på både køyretøy og passasjerar på ferjene tilbake til same nivå som i 2019.

Ferjedrifta i fylket har svært god driftsregularitet, med eit gjennomsnitt utanom force majeure på 99,87 prosent.

Påstigingar, statistikk

Hordaland	2019	2020	2021	Endring frå 2020	Endring frå 2019
Bybane	18 655 000	12 425 000	13 901 000	12 %	-26 %
Buss Bergen kommune	46 153 000	29 465 000	33 050 000	12 %	-28 %
Buss bergensområdet	50 477 000	32 462 000	37 967 000	17 %	-25 %
Totalt bergensområdet*	69 804 000	45 320 000	52 303 000	15 %	-25 %
Buss Hordaland eks. bergensområdet	8 568 000	5 760 000	5 794 000	1 %	-32 %
Båt Kleppestø–Strandkaien	672 000	433 000	435 000	0 %	-35 %
Båt Hordaland eks. Kleppestø–Strandkaien	687 000	424 000	431 000	2 %	-37 %
Totalt Hordaland	79 059 000	51 504 000	58 527 000	14 %	-26 %

* Bybanen, kontraktområda for buss i Bergen nord, Bergen sør, Bergen sentrum; Vest og båt Kleppestø–Strandkaien

Sogn og Fjordane	2019	2020	2021	Endring frå 2020	Endring frå 2019
Buss Sogn og Fjordane	3 000 000	2 112 000	2 878 000	36 %	-4 %
Båt Sogn og Fjordane	445 000	306 000	330 000	8 %	-26 %
Totalt Sogn og Fjordane	3 445 000	2 418 000	3 207 000	33 %	-7 %

Påstigingar kollektivtrafikk	2019	2020	2021	Endring frå 2020	Endring frå 2019
Vestland buss	62 045 000	40 334 000	46 639 000	16 %	-25 %
Vestland bybane	18 655 000	12 425 000	13 901 000	12 %	-26 %
Vestland båt	1 803 000	1 163 000	1 195 000	3 %	-34 %
Totalt kollektiv Vestland	82 503 000	53 922 000	61 735 000	14 %	-25 %

Ferje – heile Vestland	2019	2020	2021	Endring frå 2020	Endring frå 2019
Passasjertal	5 107 000	4 787 000	5 100 000	7 %	0 %
Personbileiningar (PBE)	3 942 000	3 651 000	3 910 000	7 %	-1 %
Tal køyretøy	2 730 000	2 483 000	2 733 000	9 %	0 %



Bybanen hadde om lag 13,9 millionar påstigingar i 2021, ein liten auke frå 2020, men vesentleg lågare enn i "normalåret" 2019.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Økonomiske nøkkeltal Skyss

Brutto kostnad for drift av kollektivtrafikken var på 4,1 mrd. kr i 2021, ein nedgang på 3,3 prosent samanlikna med 2020. Driftsinntekter inklusive statlege beløningsmidlar til bymiljø/byvekstavtalar og statlege tilskot til reduserte billettprisar til kollektiv, var på 1,5 mrd. kr i 2021. Det var ein auke på 1,8 prosent samanlikna med 2020. I 2021 var netto driftskostnader på 2,6 mrd. kr, ein nedgang på 5,9 prosent samanlikna med 2020. Hovudårsaka til at netto driftskostnader vart lågare i 2021 enn i 2020, var lågare kontraktskostnader til ferje og båt, i tillegg til høgare billettinntekter.

Finansieringskjeldene til kollektivdrifta kom i all hovudsak frå tre kjelder i 2021: billettinntekter på 816,4 mill. kr, belønningsmidlar til bymiljø/byvekstavtaler på 239,0 mill. kr og tilskot til reduserte billettprisar til kollektiv på 50 mill. kr. Vestland fylkeskommune bidrog med 2,6 mrd. kr i 2021.

Sjølv om billettinntektene i 2021 var høgare enn i 2020, var billettinntektene i 2021 lågare enn i eit normalår. Dei reduserte billettinntektene, korrigert for kostnadsinnsparinger som følgje av pandemien, vart kompensert med fleire krisepakkar frå staten. Krisepakkane utgjorde til saman 411,7 mill. kr i 2021 mot 414,3 mill. kr i 2020. Av desse beløpa vart 347,2 mill. kr i 2021 og 357,8 mill. kr i 2020 inntektsført saman med billettinntekter. Resterande beløp frå respektive år vart ført på fond.

Rekneskap i kr	2020	2021
Brutto driftskostnader	4 272 654 000	4 133 257 000
Driftsinntekter	1 472 781 000	1 499 802 000
Netto driftskostnader	2 799 873 000	2 633 455 000

Omlegging av linjenettet i Bergen

25. mai 2021 sette Skyss i verk ei av dei mest omfattande omleggingane i busstrafikken i Bergen på ti år. Endringane av rutetilbodet og linjenettet var knytt til oppstart av to busskontraktar i Bergen (Bergen nord i 2019 og Bergen sentrum i 2020). Det grunnleggande målet var å gjøre bussnettet meir effektivt med tydelegare linjeføring og betre utnytting av ressursane. I Trafikkplan Bergen er det omtalt slik: «Målet er at kundane opplever å kunne reise «saumlaust» i heile bergensområdet, også på reiser som ikkje er sentrumsretta eller som inneber byte undervegs. Når kundane har ei slik oppleveling, er målet om å gi kundane fleire reisemoglegheiter nådd.»

Tidmessig vart oppstarten koordinert med gjenopninga av Olav Kyrres gate, som er hovudgata for busstrafikken i Bergen sentrum. Gata hadde vore stengd i to år grunna oppgradering av gategrunn og infrastruktur i regi av Miljø løftet. I stengeperioden var det til dels store omkjøyringar for bussane gjennom sentrumskjernen.

Skyss sette allereie i 2019 i gang eit prosjekt for å handsame gjennomføringa av omleggingane. Arbeidet omfatta mellom anna tilbodsplanlegging, rutedata og ruteinformasjon, kundeinformasjon og kampanjar, haldeplassutrusting, skilting og linjekart. Det var i tillegg opplæring og koordinering med alle involverte samarbeidspartnerar og operatørar. Prosjektet var vellukka, og oppstarten gjekk som planlagt.



Omlegging av busstrafikken gjennom Bergen sentrum var eit av dei store samferdsletiltaka i byen i 2021.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Sal og billettar

Med samanslåinga av fylka har vi fått behov for å samordne takstar og billettløysingar. Fylkestinget vedtok felles takst- og sonesystem for buss og bybane i desember 2021, og det blir sett i verk i 2022. Når det er ferdig implementert, får vi felles betalingsløysingar for buss i heile fylket, med billettapp, nettbutikk og ombordkjøp både kontant og med bankkort. Det vart innført nettbutikk for billettar i Hordaland i 2021, og Skyss arbeidde gjennom året med eit prosjekt for bankkortbetaling på bussane i dette området. Smitteverntiltak gjorde at bussane her køyrd med stengde framdører i store delar av 2021, noko som gav ekstra utfordringar for reisande som har pleidd å kjøpe billett av sjåføren. For å bøte på problema dette skapte, innførte Skyss betaling med SMS-billett. I Sogn og Fjordane var det berre ein kort periode med stengde framdører.

Prisar

15. januar sette Skyss ned prisen på alle periodebillettar (7-, 30- og 180-dagarsbilettar) for bybane og buss (medrekna Askøybåten) i Hordaland. Til dømes vart 30-dagarsbillett for vaksen redusert frå 800 til 735 kroner. Nedsette prisar var eit resultat av byvekstavtalen, der regjeringa gjennom bompengeforsliket hadde sett av pengar til billegare billettar på kollektivtrafikk i dei store byane. Gjennom Miljøløftet får bergensområdet 50 millionar i året i tilskot til dette i perioden 2020–2029. Fylkestinget har vedtatt at pengane skulle brukast til å gjøre periodebillettar for buss og bybane billegare i heile Hordaland.

Ungdomsbillett/ungdomskort er gjort felles med lik pris og lik aldersgrense i heile Vestland. Prisen på ein 30-dagars ungdomsbillett vart redusert tilsvarende andre periodebillettar i Hordaland, som følgje av bompengeforsliket. Ny pris vart 370 kr, ein reduksjon frå 400 kr (Skyss) og 375 kr (Kringom). Aldersgrensa vart samordna til å gjelde frå 16 til og med 20 år i heile Vestland, noko som var ein auke på eitt år for ungdom i Sogn og Fjordane.

Prisen på andre billett-typar for buss i Sogn og Fjordane vart auka med 2,5 prosent, i takt med den ordinære prisauken i samfunnet. På same måte vart alle prisar for båt i Vestland auka med 2,5 prosent.

Ferjepris

Ferjetakstane gjekk opp med 3,2 prosent frå og med 1. januar 2021, som følgje av justeringa av AutoPASS-regulativet for ferjetakstar. Frå 1. juli 2021 gjekk prisane ned med 25 prosent for fylkesvegferjene, etter at fylkesutvalet følgde opp Stortinget si løyving til reduserte ferjeprisar i revidert nasjonalbudsjett. I tillegg vart det vedtatt at ordninga med ei ekstra takstsone ikkje skulle vidareførast, og dermed gjekk prisen ytterlegare ned.



Når det nye felles takst- og sonesystemet for buss og bybane er fullt ut teke i bruk i 2022, får vi felles betalingsløysingar for buss i heile fylket.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Med sonereguleringa vart prisane for fylkesvegferjene igjen harmoniserte med Statens vegvesen sine regulativ for ferjetakstar. Frå 1. oktober vart meirverdiavgifta sett tilbake til 12 prosent, i tråd med at alle nasjonale koronatiltak vart avvikla. Momsen hadde vore redusert til 6 prosent sidan april 2020, som eit ledd i den statlege krisepakka for korona.

Nye og betre løysingar

Digitalisering i transportbransjen gjer det mogleg med nye og betra tenester. Gjennom stadig meir og betre data og kompetanse innan kvalitet og databruk, har Skyss i 2021 gjennomført digitale kundeundersøkingar i Hordaland via reiseplanleggaren. Slike publikumstenester gir ny kunnskap om behova og reisevanane til kundar, som igjen kan generere nye tenester. Skyss er oppteken av å nytte desse moglegheten, men er avhengig av at organisasjonen har tilgjengeleg kompetanse og kapasitet.

Gjennom 2021 har Skyss tatt i bruk fleire datakjelder i planlegginga av tilbodet og i informasjonen til publikum. Til dømes kan reisande i Hordaland no sjå om det er trengsel på bussen dei ventar på, i kapasitetsindikatoren på haldeplass-

skilta og i reiseplanleggar-appen Skyss Reise. Tilbodet blir vidareutvikla i 2022.

Digital bestillingstransport

I Sogn og Fjordane tilbyr vi tenesta serviceskyss, ei i stor grad manuell bestillingsteneste. Tilbodet er lite brukt og relativt lite kjent. Skyss legg vekt på å gjøre denne typen tenester meir tilgjengelege for fleire. For å sikre effektivitet er det ein føresetnad at bestillingstransport blir digitalisert, både i ruteplanlegging og i bestilling.

Tilbodet HentMeg i Odda er eit slikt digitalt tilbod. I løpet av nesten to års drift er det fullført nesten 10 000 bestillingar og gjennomført i underkant av 12 500 reiser. Skyss opplever at pilotprosjektet har skapt eit godt engasjement for kollektivtransport lokalt. Det har også gitt oss viktig lærdom for vidare utvikling av digital bestillingstransport, der vi enno ikkje har fått tatt ut effektiviseringsgevinstane. HentMeg i Odda vert vidareført i 2022.

I 2021 starta Skyss arbeidet med vidare tilrettelegging av digital bestillingstransport. Eit mål er mellom anna å få innsikt i korleis automatisk planlagt bestillingstransport kan bli del av eit heilskapleg mobilitetstilbod. Konkret jobbar vi med eit prøveprosjekt for ei fleksibel transportløysing på Tertnes i Bergen. Transporten vil bli tilrettelagt for eldre og brukarar med spesielle behov. Det skal gi eit transporttilbod til kundar



Den førarlause bussen Olai i Førde var eit pilotprosjekt saman med fleire andre aktørar. Olai køyrd rundt i Førde sentrum i tre månadar i 2021, og målet var blant anna å lære om ny mobilitet og å involvere studentar og lokalt næringsliv.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

som av ulike årsaker ikkje har tilgang til, eller ikkje kan nytte, det vanlege kollektivtilbodet.

Førarlaus buss i Førde

Hausten 2021 realiserte Skyss eit pilotprosjekt med ein sjølvkøyrande buss i Førde, i tett samarbeid med Sunnfjord kommune, Høgskulen på Vestlandet, Helse Førde og MUST. Bussen var i drift i tre månader, og i tillegg vart det gjennomført ein rekke aktivitetar retta mot publikum i Førde. Prosjektet gav verdifull kunnskap om korleis vi kan samarbeide om eit slikt prosjekt, og korleis publikum vil ta imot sjølvkøyrande teknologi. Piloten vart avslutta før jul, og evalueringa blir klar i 2022.

Samarbeid om nye løysingar

Gjennom heile 2021 har Skyss deltatt aktivt i innovasjonsarbeid i regi av Kollektivtrafikkforeningen. Innovasjon er sentralt for å klare den digitale transformasjonen og for å få fram nye mobilitetsløysingar, og samarbeid mellom offentlege kollektivaktørar og private aktørar blir stadig viktigare. Det er gjennom samarbeidet delt erfaringar og kunnskap om tema som mobilitetspunkt, fleksible billettssystem og prismodellar, vidaresal av produkt og tenester, bil som teneste, mobilitetenester i eldrebølgja, Smart city og datadeling. Konkret vert det no mellom anna jobba med ein nasjonal standard for merking av mobilitetspunkt. Arbeidet held fram i 2022.

Skyss har òg stilt data til disposisjon for Entur og har samarbeidd med dei om å utvikle ein modell for venta passasjertal

per avgang og haldeplass fram i tid. Ei slik løysing vil gjøre det mogleg for publikum å sjå kva avgangar som vil ha god kapasitet og kor det kan vere fullt, når dei skal planlegge reiser.

Gjennom året har Skyss fått ei rekke førespurnader frå ulike partar som treng transportdata. For å sikre effektive prosesser og gode data har Skyss i 2021 arbeidd med å legge til rette for sjølvbetent datahenting for passasjertal og reisetider gjennom opne tilgjengelege kjelder (ope API). Dette er eit pågående arbeid, der vi stadig gjer nye datakjelder tilgjengelege.

Digitalisering av søknad om TT-kort

Vestland fylkeskommune fekk i 2021 1,3 kr frå Digitaliseringsdirektoratet (StimuLab) til å betre transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga). I samarbeid med Eggs design har avdeling for mobilitet og kollektiv designa ei ny løysing. Denne skal gjøre det enklare og betre for brukarane, skape ein meir effektiv søknads- og handsamningsprosess og leggje til rette for ei felles løysing på tvers av fylkeskommunane. I august 2021 konkluderte prosjektet med ein ny digital søknadsflyt, der legen sender søknaden direkte frå pasient- og journalsystemet til fylkeskommunen via Helse Norge. Søknadsflyten legg opp til at ein minimerer behovet for helseopplysningar, då legane i ein stor del av sakene gjennomfører vurderinga ved hjelp av eit digitalt vurderingsverktøy. Hausten 2021 har vi arbeidd med å validere konseptet og testa ut prototype av vurderingsverktøyet med fastlegar. Vi har også opprettet samarbeid med andre fylkeskommunar, Vigo, EPJ-løftet og Norsk HelseNett.

Transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga)

Vestland si løyving til TT-ordninga i 2021 var på 43,903 mill. kr, og det var 15 012 godkjende brukarar av ordninga i fylket i 2021. TT-brukarane får tildelt midlar to gonger i året og må betale eigendel på kr 30 per tur. Det vart utført totalt 257 636 TT-reiser i 2021.

Vestland fylkeskommune deltek i den utvida statlege TT-ordninga, og tilskotet frå staten i 2021 var på 61,165 mill. kr. Den statlege løyvinga skal saman med deler av den fylkeskommunale løyvinga, sikre at brukarar med utvida TT-ordning får dekka inntil 200 turar per år. Vestland har 2931 brukarar i den utvida TT-ordninga. Dette fordeler seg på 1623 brukarar som er blinde/sterkt svaksynte eller som har manuell rullestol, og 1308 brukarar med elektrisk rullestol.




Menneske med nedsett funksjonsevne som ikkje kan reise med kollektiv transport, kan søke om TT-kort for økonomisk støtte til drosje.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Oppfølging av drosjenæringa

Ny yrkestransportlov med frislepp av drosjemarknaden har ført til fleire drosjesøknader. Vestland fylkeskommune tildelte 345 drosjeløyve og 8 ruteløyve i 2021.

Avdeling for mobilitet og kollektiv oppretta også ei tipsside og har følgt opp ein del lovbroter i næringa dette året. Vi har i tillegg hatt ansvar for å koordinere nasjonalt forum for persontransport (PeTra). I forumet deltek alle kontrollatatarar som



Med den nye yrkestransportlova har Vestland fylkeskommune fått inn fleire søknadar om drosjeløyve.

Foto: Gro Sivertsen/Vestland fylkeskommune

har mynde på drosjeområdet, i tillegg til Samferdselsdepartementet. Forumet var samla to dagar i Bodø i oktober 2021.

Dersom vi finn det nødvendig, har fylkeskommunen mynde til å gjøre inngrep i den frie drosjemarknaden i kommunane ved å tildele einerett til ein eller fleire løyvehavarar. Tildelt einerett gjev løyvehavaren eksklusiv rett til å drive i præie- og bestillingsmarknaden i kommunen, men ikkje eksklusiv rett til kontraktskøyring. Innføring av einerett må skje i forskrifts form, men myndet er delegert frå fylkestinget til avdeling for mobilitet og kollektiv. Etter ønske frå politikarane leverte vi våren 2021 ein utgreiingsrapport som skildrar eineretta tiltak, i tillegg til andre moglege tiltak med vurderingar og eksempel. Rapporten inneholder også forklaring til gjeldande regelverk og ei breiare undersøking av drosjetilboden i dei 13 kommunane som ein antek hadde därlegast drosjetilbod. Undersøkinga synte at drosjetilboden i kommunar med lågt innbyggjartal kan variere frå år til år. Det er ikkje innført eineretta tiltak i Vestland i 2021.

Avdeling for mobilitet og kollektiv har også fått i oppdrag av Samferdselsdepartementet å greie ut behov og kostnad ved etablering av nytt løyveregister. Vi har i samband med det opprettet eit forprosjekt der vi har gjennomført ei behovskartlegging. I tillegg har vi vore i dialog med Brønnøysundregistrene for å undersøke moglegheitene for å utvikle eit nytt register på deira plattform.

Infrastruktur

Utbygging av Bybanen

Enkelte dager var meir enn 1000 tilsette hjå entreprenørane på jobb fordelt på dei ulike skifta eller arbeidsoppgåvene dei tilsette har i løpet av dagen. Dette er eit høg tal og viser kor omfattande arbeidet er. I 2021 vart grunnentreprisane både i sentrum og i Fyllingsdalen ferdige. I mars var det gjennomslag i bybanetunnelen frå Fløyen til Haukeland Sjukehus haldeplass, og sommaren 2021 vart det gjennomslag både i bane- og sykkeltunnelen gjennom Løvstakken. Rundt halvparten av skinnene er lagde på plass i sporet. I november vart det bestemt at linje 2 opnar for passasjerar 21. november 2022.

Bybanen byggesteg 4 hadde i 2021 eit meirforbruk på 953 mill. kr i høve budsjettet på 1848 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at tidlegare etterslep er henta inn, samstundes som pådraget har vore høgare enn planlagt. Det igjen skuldast blant anna vassinntrenging i Fyllingsdaltunnelen, større mengde utskifting av forureina massar og høgare prisstigning på innsatsfaktorane enn føresett.


Planlegging av Bybanen mot Åsane

Byrådet i Bergen vedtok i 2018 oppstart av reguleringsplanar for Bybanen og hovudsykkelrute frå sentrum til Åsane og forlenging av Fløyfjellstunnelen til Eidsvåg. I 2020 vart det

bestemt at det skulle greia ut ei tunnelløysing gjennom Bergen sentrum som skulle samanliknast med den vedtekne dagløysinga. Samstundes skulle reguleringsplanarbeidet med dagløysing halde fram. På grunn av dette har bybane-prosjektet hatt særskilt høg produksjon gjennom heile 2021.

Med ansvar for den samla kollektivtrafikken i fylket har Vestland fylkeskommune særlege interesser i traséval og reguleringsplan for Bybanen til Åsane. Fylkeskommunen er tiltakshavar, eigar av anlegget og ansvarleg for teknisk drift av Bybanen. Dette omfattar også forvaltning av jernbaneova sine krav til risiko og tryggleik. Fylkeskommunen har brei deltaking inn i bybaneprosjektet, og mange avdelingar har vore involverte gjennom tett dialog underveis i prosessen. Som vegstyremsmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkomst langs fylkesveg. Som kulturminnemynde i saker etter plan- og bygningslova, har vi ansvar for å samordne nasjonale og regionale kulturminneinteresser.

Avdeling for mobilitet og kollektiv var sentral i planlegginga og gjennomføringa av eit fagseminar med politikarar frå Bergen bystyre og Vestland fylkeskommune 27. september. Tunnelutgreiinga vart lagt fram for politisk handsaming i hovudutval for samferdsle og mobilitet og fylkesutvalet i oktober 2021. Begge møta resulterte i fleirtal for dagløysinga. Bergen bystyre fatta endelig vedtak i desember 2021.



Det har vore stor byggeaktivitet ved Mindemyren haldeplass i 2021. Her legg entreprenør Steconfer spor i kaldt vær.

Foto: Espen Trøen Tellnes/Bybanen Utbygging

Bystyret vedtok då å vidareføre dagløysinga med bane framom Bryggen, medan arbeidet med tunneltrasé vart avslutta. Reguleringsplanarbeidet for Bybanen til Åsane er planlagt lagt ut på offentleg høyring hausten 2022, med endeleg vedtak våren 2023.

Opprusting av haldeplassar og knutepunkt

Vi arbeider kontinuerleg med oppgradering av haldeplassar, knutepunkt og tilretteleggingar, der bussane har endepunkt på linjetraseane sine. Målet er betre kvalitet for dei reisande, kortare reisetid og eit meir driftseffektivt kollektivnett.

I 2021 fullførte vi det omfattande arbeidet med å oppgradere Olav Kyres gate, hovudgata for buss i Bergen sentrum. Målet med prosjektet var å opprioritere areal frå køyrefelt til fortau og passasjerareal. Tiltaket innebar mellom anna heva kantstein for trinnlaus tilkomst til bussane, ledelinjer for synshemma og betre venteareal. Opprusting av Olav Kyresgate var eit tiltak i Miljøloftet, og Statens vegvesen stod for gjennomføringa. Haldeplassane i Småstrandgaten og Lars Hilles gate vart også rusta opp med nye leskur og kantstein. Skyss retablerte sanitidsskilt og infosøyler, og sette i tillegg ut totalt tolv interaktive informasjonsskjermar ved sju perrongar. Skjermane syner avgangstider, linjekart, kart over haldeplassane i sentrum, informasjon om bisyklar og om turistmål i Bergen på norsk og engelsk.

For at det skal vere så enkelt som mogleg å bytte transportmiddel undervegs, arbeidde Skyss mykje med å forbetre informasjon ved byte, både med fysisk skilting, i reiseplanleggaren og i linjekarta. I samband med ruteomlegginga rydda Skyss opp i perrongfordelinga i sentrum og teikna perrongkartet på nytt. Alle haldeplassane i sentrumskjernen fekk samlenamnet "Bergen sentrum". Det betyr at reisande no kan søkje etter det i reiseplanleggaren, og ikkje treng å vite akkurat kva gate bussen går frå. Bybanestoppet i Byparken vart også inkludert, og skiltinga på bybanevognene vart endra frå Byparken til Bergen sentrum, for å vere meir intuitivt forstääleg også for tilreisande.

I samband med forlenginga av trolleybusslinja, har det vore naudsynt å auke kapasiteten på endehaldeplassen på Birkelundstoppen og å etablere ny endehaldeplass/snullysing på Lyngbø. Dei nye løysingane var klare til bruk i 2021.

I samband med endringar av linjenettet for kollektivtilboden, har det vore naudsynt å auke talet på samtidige bussar på endepunkta ved Vadmyra snuplass og Sletten snuplass. Nye ombygde løysingar med auka busskapasitet stod klare i 2021.

I Olsvik-området vart det i 2021 starta prosjektering av ei rekke haldeplassar som er tenkt oppgradert i 2022.

Langs fv. 5050 frå Leirvik sentrum til høgskulen på Stord, er alle dei 20 haldeplassane oppgraderte til universell utforming dei siste åra. Dei siste vart ferdige i 2021.

Selbjørn bru i Austevoll kommune er så smal at det er plass til berre eitt køyrefelt i tillegg til gang- og sykkelveg. Det har skapt utfordringar når bussar og andre køyretøy som kjem frå kvar sin retning, skal passere kvarandre. Ofte må eitt av køyretøyene rygge til ein av dei to møteplassane på den omlag 400 meter lange bru. Som avbøtande tiltak har vi etablert signalregulering over bru, og oppstillingsplassar ved signallysanlegga for dei som må vente.

Innfartsparkering i Bergen

Innfartsparkering har tradisjonelt vore sett på som ein del av kollektivtilboden. Difor har fylkeskommunen hatt det overordna ansvaret for innfartsparkeringsplassar. Ettersom dette er eitt av fire satsingsområde i Miljøloftet, er det føremålstøyset at alle partane i avtalen får vere med og vurdere framtidige anlegg i avtaleområdet. I januar 2021 vart det satt ned ei arbeidsgruppe i Miljøloftet, leia av fylkeskommunen, med mandat å utarbeide overordna føringer for fagområdet innfartsparkering og heile avtaleområdet. Det overordna målet i strategien er at innfartsparkering skal redusere sentrumsretta arbeidsreiser i rush, når kø, luftforurering og støy er mest utfordrande. Primært gjeld dette arbeidsreiser som har det sentrale Bergen som målpunkt.

Ny strategi for innfartsparkering vart ferdigstilt ved årskiftet og klargjort for politisk handsaming hjå partane i Miljøloftet tidleg i 2022.



Vestland fylkeskommune har det overordna ansvaret for innfartsparkering, som her utanfor Bergen. Dette er eitt av fire satsingsområde i Miljøloftet.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Planar og avtalar

Regional transportplan

Avdeling for mobilitet og kollektivtransport og avdeling for infrastruktur og veg har samarbeidd om å lage Regional transportplan for Vestland 2022–2033. Fylkestinget vedtok planen 16. desember 2021. Planen set strategisk retning for samferdselssektoren i Vestland og er eit viktig grep for å sikre ei heilskapleg utvikling av fylket. Dette er den første regionale transportplanen for det nye fylket. Vi har tatt med oss det beste frå planane i dei to tidlegare fylka og vidareutvikla det.

Planen byggjer på mål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland, i tillegg til berekraftsmål til FN. Hovudmålet for planen er at «Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidssretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling».

Til saman består planen av fire dokument:

- **Regional transportplan for Vestland 2022–2033**
- **Strategi for mjuke trafikantar**
- **Strategi for berekraftig mobilitet**
- **Handlingsprogram**

Vi inviterte til innspelsmøte i den tidlege fasen og til offentleg høyring med høyringsmøte sommaren 2021.

Miljøløftet

Miljøløftet er partnarskapen der staten, fylkeskommunen og kommunane saman skal bygge bybane, tryggare og betre vegar, sykkelvegar, fortau, miljøgater og ei rekke andre tiltak. Miljøløftet er også gjennomføringsorganet for byrekstavtalen for bergensområdet.


Gjennom byrekstavtalar inngår stat, fylkeskommunar og kommunar eit forpliktande samarbeid om å finansiere eit meir miljøvenleg transporttilbod i storbyområda. Kommunar og fylkeskommunar som inngår byrekstavtale med staten, skal legge til rette for arealbruk som blant anna byggjer opp under investeringane staten gjer i kollektivtransport, sykling og gonge. Avtalen forpliktar partane i avtaleområdet til å nå målet om nullvekst i personbiltransporten. Staten på si side har forplikta seg til å bidra med 13,3 milliardar 2020-kr gjennom heile avtaleperioden. Utanom finansiering av Bybanen til Fyllingsdalen, sikrar avtalen 722 mill. kr årleg til programområdetiltak og belønningsmidlar. Saman med eit fylkeskommunalt bidrag på 270 mill. kr årleg har avtalen ei totalramme på 15 802 mrd. 2020-kr. Byrekstavtalen har totalt ni partar: Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden. Det geografiske området til dei fem kommunane utgjer også avtaleområdet. Avtalen gjeld for perioden 2019–2029.

Det overordna målet for Miljøløftet og byrekstavtalen er nullvekstmålet: I bergensområdet skal klimagassutslepp, kø,



Olav Kyrres gate var stengt for trafikk i samband med arbeidet med å gjøre gata meir attraktiv, trafikksikker og funksjonell for kollektivtrafikken. Den opprusta gata opna 7. mai 2021.

Foto: Vestland fylkeskommune




Den nye sykkelkulverten under Minde allé opna i samband med Mobilitsveka 16. september 2021.

Foto: Vestland fylkeskommune

luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk, og ved at veksten i persontransporten vert teken med kollektivtransport, sykling og gonge. Gjennom byrekstavtalen har avtalepartane forplikta seg til å legge til rette for ei areal- og transportutvikling som samla bidreg til nullvekstmålet.

Reisevanane våre har endra seg dramatisk gjennom pandemien. Særleg har det gått ut over kollektivsektoren, som har opplevd ein stor reduksjon i tal passasjerar. Vi har også opplevd ein auke i personbilandelen i bergensområdet, noko som på sikt kan utfordre nullvekstmålet. I 2021 har covid-19 prega både måloppnåing og aktivitetsnivå i Miljøløftet. Partane i samarbeidet har likevel jobba godt saman for å få best mogleg resultat. Av større infrastrukturprosjekt som vart opna i 2021 kan nemnast opprusting av Olav Kyrresgate og sykkelkulvert under Minde allé.



Hjertesone

Hjertesone-prosjektet har gått føre seg sidan 2017. Det er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Bergen kommune og Trygg Trafikk. Målet er å gjøre området rundt skulane tryggare for elevane. Vi vil nå målet hovudsakleg gjennom åferds- og haldningstiltak for å redusere foreldrekjøring av elevar, og auke delen elevar som går og syklar til og frå skulen. Det vil bidra til å auke trafikktryggleiken rundt skulane, gje betre helse blant elevar og styrke nærmiljøet. Prosjektet har hatt som føremål å auke kunnskap og bevisstgjering kring trafikktryggleiksarbeid, og etablere mindre fysiske tiltak og reguleringar kring skulane i Bergen.

Evalueringa syner at av totalt 66 skular i Bergen, har 51 gjennomført synfaring, 57 har utarbeidd trafikktryggleiksplan, 45 har gjennomført Hjertesoneskilt og oppmerking, og 39 har formelt opna Hjertesone.

Hjertesone-prosjektet har bidrege til å rette søkjelyset på trafikktryggleik for elevar som går og syklar til skulen. Skulane som har følgt opp alle fasane av prosjektet har vore aktive pådrivarar for at flest mogleg elevar, tilsette og foreldre skal

gå og sykle til skulen. Skulane har vidare bidrege til auka merksamhet på og bevisstheit om den trafikale situasjonen ved området til skulen og bidrege til å auke trafikktryggleiken rundt skulen.

Prosjektet vart avslutta ved årsskiftet og går no over i ein driftsfase, leia av Bergen kommune.

MUST – Mobilitetslab for smarte transportløysingar

MUST står for Mobilitetslaboratorium for utvikling av smartare transport. Nettverket er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Skyss, Bergen kommune og Statens vegvesen. Det er delfinansiert med totalt 12,5 mill. kr av Samferdselsdepartementet etter ein nasjonal konkurranse. Finansieringa frå departementet går fram til 2023, der det står att i alt 2,5 millionar for 2022 og 2023.

MUST skal vere ein katalysator for teknologiutvikling, næringsutvikling og samfunnsutvikling knytt til mobilitet og transport. Gjennom forsking, innovasjon, samhandling og brukarinvolvering skal ein omsette gode idear til ei effektiv, attraktiv og berekraftig mobilitetsframtid. I 2021 har MUST lagt vekt på å utvikle kompetanse og bruk av "Living Lab" som verktøy og metode.

MUST Living Lab har i 2021 mellom anna arbeidd med Bergen kommune sitt prosjekt for regulering av mikromobiliteit, Skyss sitt prosjekt for autonom buss i Førde og Skyss sine prosjekt for digital bestillingstransport. MUST har også gjennomført ein innovasjonskonkurranse i samarbeid med Skyss og Bergen kommune. Formålet med konkurranse er å komme i kontakt med entreprenørar som kan utvikle ei brukarvennleg bestillings- og informasjonsteneste for eldre og/ eller ikkje-digitale brukarar. Dette arbeidet går framleis føre seg.

Ein viktig del av arbeidet til MUST er å legge til rette eit mobilitets-dashbord, som samlar data frå ulike kjelder og har mange bruksområde. Bergen kommune har tatt dashbord i bruk i rapporteringa frå kommunen sitt samvirkesenter.

Vegen vidare

MUST blei etablert med ein avgrensa tidshorisont. Ambisjonen for prosjektet har vore at MUST LivingLab skal bli etablert med ei meir langsiktig rolle, men at det skal byggjast opp stevvis og justerast etter erfaringar. Dagens roller, mandat og ansvar for gjennomføring av planar, tiltak og prosjekt i arbeidet med mobilitet, vert ikkje endra med MUST. MUST LivingLab skal legge til rette for samarbeid og dialog på tvers av aktørar. Etter meir enn tre år med tilrettelegging og bruk av MUST, ser vi no at samarbeidet bør endre form for å gi nautsynt nytte. Vi må sjå på arbeidsform, mål i samarbeidet, finansiering og bemanning.



Fylkestinget vedtok i 2021 den nye strategien for mjuke trafikantar, som slår fast korleis fylkeskommunen skal jobbe vidare for best mogleg forhold for gåande og syklande.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Sykkelby og nettverk for mjuke trafikantar

I samband med regionreforma har trepartssamarbeidet om sykkelbyavtalar og finansieringa av sykkelsatsinga vorte endra dei siste åra. I 2021 gjekk avtalane for sykkelbyane Straume (Øygarden kommune) og Førde (Sunnfjord kommune) ut. Sykkelbyavtalen med Flora kommune går ut i 2022.

Fylkeskommunane har gjennom rolla som regional utviklingsaktør eit særskilt ansvar for å koordinere arbeidet med å auke talet gåande og syklande. Strategi for mjuke

trafikantar, som er eitt av dokumenta i regional transportplan, legg føringer for vidare satsing og skal lage retningslinjer for vidare arbeid med sykkelbyavtaler. Det har vore viktig å etablere ein samarbeidsarena med kommunane, og det første nettverksmøtet for mjuke trafikantar var i mai 2021. Målet med nettverket er å spreie informasjon og dele erfaringar og gode idear. Etter innspel frå kommunane har tema på seinare møte mellom anna vore snarvegar og trygge skulevegar (Hjartesone-prosjektet).

Vi jobbar vidare med samarbeidsavtaler og etablering av eventuelle støtteordningar for å få fleire til å gå og sykle i samband med handlingsprogrammet for regional transportplan.

Oppfølging av utviklingsplanen for Vestland avdeling for mobilitet og kollektivtransport

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 set strategisk retning for utviklinga av fylket. Planen har fire mål med tilhøyrande strategiar, som sektorane i fylkeskommunen på ulikt vis jobbar for å nå. Her rapporterer avdelingane på kva tiltak dei har jobba med i 2021 for å nå måla i utviklingsplanen.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■■ for ikkje starta.

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg	Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.		Pågående arbeid.	Gul
	Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.	Bidra til å synleggjere kompetanseutvikling innan låg- og nullutslepp på båt (pilot), og hjelpe næringa til å få dette marknadsført internasjonalt gjennom medlemskap i Nord-sjøkommisjonen.	Pågående arbeid.	Gul
	Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.		Pågående arbeid.	Gul
	Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.			
Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	Strategi 2.1: Vestland skal vere ein på-drivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.	I samarbeid med andre fylkeskommunar, gjennomføre pilot for nye energikjelder og redusert energiforbruk på hurtigbåt. Utarbeide forskrift om utsleppsfree drosjer i Vestland. Avdelinga skal syte for at tiltaka i handlingsprogram for Miljøloftet samla bidreg til nullvekstmålet for heile avtaleområdet. Avdelinga skal koordinere Vestland fylkeskommune sine interesser i planlegginga av bybanen til Åsane (byggetrinn 5).	Pågående arbeid.	Gul

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
	Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdier.			
	Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.			
Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardeagsliv	Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stedegne ressursar og kvalitetar.	Avdelinga skal syte for at det er god koppling mellom strategi for mjuke trafikantar (INV) og strategi for berekraftig mobilitet (Skyss).	Pågående arbeid.	Gul
	Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.	Synleggjere behov for auka statlege midlar til kollektivtransport i byområdet.	Pågående arbeid.	Gul
	Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.	Digitalisere tenester, søknadsskjema og saks-handsaming (stimulab). Utvikle løyveweb.	Pågående arbeid.	Gul
Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping	Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.			
	Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.			
	Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.			

Driftsutgifter – mobilitet og kollektivtransport

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	98 448	97 731
Buss	2 321 934	2 191 197
Bane	208 704	232 701
Båt	399 174	360 075
Ferje	1 189 650	1 038 143
Fellestenester - TT, serviceskyss, innfartsparkning	155 065	305 512
Sum	4 372 975	4 225 359
Netto mindreforbruk 2021		151 707
Netto meirforbruk 2020		26 520

Mobilitet og kollektiv fekk eit netto mindreforbruk på 151,7 millionar kroner i 2021. Hovudårsaka til dette var lågare kontraktskostnader til ferje og båt, i tillegg til høgare billettinntekter. Som i 2020, kompenserte staten i 2021 for billettinntektsbortfallet som følgje av pandemien.





Opplæring og kompetanse

For skulane blei 2021 ei fortsetjing av året då korona prega alle aktivitetar. Behovet for omstilling og utvikling for å møte nye krav skildrar læringsarbeidet i vidaregåande opplæring i 2021 meir enn nokon gong tidlegare.


Det var til saman 20 233 søkerar med ungdomsrett til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune i 2021.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



«Eg er imponert over skular, elevar og lærlingar som trass i nok eit krevjande år med pandemihandtering og trafikklysmodell, har klart å halde læringstrykket oppe, og i tillegg få gode resultat både på gjennomføring og karakterutvikling.»

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør opplæring og kompetanse.

Opplæring og kompetanse – organisasjonskart



Tal tilsette: 4158

inkludert tilsette ved dei vidaregåande skulane

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2021 har vi mellom anna

- innført nytt skuleadministrativt system
- laga handlingsprogram til strategidokumentet Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring
- sett i gang arbeidet med å opprette Nettskulen i Vestland
- hatt stor digital kompetanseheving og omstillingsevne hos både elevar og tilsette
- oppretta 21 kompetansenettverk for å styrke profesjonsutviklinga både på enkeltskular og på tvers av skular
- sett i gang ulike tiltak, som Kraftak for psykisk helse, for å motverke effektar av koronapandemien
- hatt tre skular som deltok i noregsmeisterskap i klima, og tolv skular som deltok i plastutfordringa, der elevar og lærarar konkurrerte i å redusere eigne CO₂-utslepp og eigen plastbruk i kvardagen
- gjennomført pilotprosjektet «Berekraftige, sunne kantiner» for å utvikle eit sunnare og meir berekraftig mattilbod i skulekantiner
- opna ny avdeling på Sogndal vidaregåande skule, i samarbeid med næringslivet, der delar av bygget er brukt av vitensenteret ViteMeir

Utvikling og omstilling

Digital undervisning

Trafikklysmodellen og hybrid undervisning har blitt kjende omgrep for alle i opplæringssektoren. Vi innførte i 2021 det nye skuleadministrative systemet Visma InSchool, skulane jobba vidare med innføring av fagfornyinga, og ordinær eksamen blei avlyst for andre år på rad.

Til saman har dette ført til både utfordringar og viktige drøftingar rundt arbeidsmetodikk og vurdering av elevarbeid. Digital planlegging og gjennomføring av læringsarbeidet, og val av arbeidsmåtar, læremiddel og verktøy blei viktigare enn nokon gang. Det digitale blei stilt opp mot det analoge, og tradisjonelle undervisningsmetodar blei utfordra av behovet for å tilpasse seg pandemien og fagfornyinga. Vi kjøpte inn nye, digitale samhandlingsverktøy for å betre kvaliteten i den nettbaserte opplæringa.

Nytt handlingsprogram

Handlingsprogrammet til mål- og strategidokumentet «Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring» blei utforma og vedtatt i 2021. Handlingsprogrammet inneheld konkrete tiltak

som skal sikre eit likeverdig opplæringstilbod til alle elevar og lærlingar i Vestland, og legg grunnlaget for det vidare arbeidet med systematisk kvalitetsutvikling i sektoren.

Innvolering har vore eit grunnleggande prinsipp i arbeidet med å utforme tiltaka og prosessane i handlingsprogrammet. Det har særleg blitt lagt vekt på elev- og lærlingstemma.

Kompetanse- og profesjonsutvikling

Vidaregåande opplæring er i ein endringsprosess. Medverknad og samhandling står sentralt i arbeidet med å utvikle kompetansen elevar og lærlingar treng i møte med krav og utfordringar i studie-, samfunns-, og arbeidsliv.

Eit utviklingstrekk er at det blir meir samarbeid mellom lærarprofesjonen og andre profesjonar for å bygge eit tverrprofesjonelt lag rundt eleven og lærlingen. Vi har difor etablert nettverk for å styrke profesjonsutviklinga på den enkelte skule og på tvers av skulane i tråd med intensjonane i «Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring». Hausten 2021



Fylkestinget vedtok fem overordna prinsipp for tilpassa opplæring i 2021, blant anna at alle elevar skal møte eit inkluderande læringsmiljø.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Fullføringsreforma har mål om at fleire skal fullføre og bestå vidaregående opplæring, og hausten 2021 vedtok politikarane fem overordna prinsipp for tilpassa opplæring:

- Alle elevar skal møte eit inkluderande læringsmiljø.
- Godt tilpassa opplæringsløp for elevar, lærlingar og lærekandidatar kvalifiserer til etterspurt kompetanse.
- Auka læringsutbytte ved bruk av fleire fleksible og ulike relevante opplæringsarenaer.
- Vurderingspraksis som fremjar læring og utvikling.
- Bygge ein sterk kultur for kompetansedeling om tilpassa opplæring – laga rundt elev og lærling.

Nettskule

I 2021 blei det sett i gang eit forprosjekt for å utvikle Nettskulen i Vestland. Forprosjektet har sett på kva for fag- og opplæringsområde som kan vere aktuelle for nettilbod. Det har også sett nærmere på ulike moglegheiter for kunne tilby meir fleksibel, likeverdig og desentralisert opplæring for alle elevgrupper i Vestland.

Vi har allereie godt etablerte nettilbod innan språkfag, studieførebuande utdanningsprogram for vaksne elevar, og eit særskilt nettilbod til elevar som har for store helseutfordringar til å følge ordinær opplæring. Etablering av Nettskulen i Vestland vil gjere det enklare for fleire å få tilgang til ei større mengde fag, sjølv om desse ikkje kan tilbydast fysisk ved alle skular.

Rettleiingstenesta

To år etter oppstart er rettleiingstenesta (RLT) på god veg til å finne form og rolle i arbeidet med å hjelpe unge og vaksne både i og utanfor opplæring. Den viktigaste oppgåva til rettleiingstenesta er å bidra til auka gjennomføring. RLT samarbeider med skular og bedrifter, og er ein viktig og aktiv medspelar på laget rundt elevar og lærlingar. RLT har også ansvar for rettleiing av vaksne som ikkje har fullført vidaregåande opplæring.

Nye samarbeidsavtalar mellom NAV Vestland og Vestland fylkeskommune har gitt grunnlag for godt samarbeid mellom rettleiingstenesta, lokale NAV-kontor og skulane. Rettleiingstenesta har òg deltatt i ulike utviklingsprosjekt saman med NAV.

Med samlokalisering av ulike faggrupper har det blitt enklare å samarbeide, og det er etablert ulike faglege møteplassar mellom leiarar og rådgivarar, på tvers av dei ulike rettleiingseinngangane. Slik samhandling bidrar til fagleg utvikling og likeverdige tenester.

starta 21 kompetansenettverk opp. Kvart nettverk består av utøvande pedagogar, leiarrepresentant og representantar frå arbeidsliv/UH-sektor (universitet/høgskule).

Vi har òg ansvar for å godkjenne lærebodriftar og faglege leiarar, og for å nemnde opp og administrere prøvenemndene. Som eit ledd i kvalitetsarbeidet har vi utvikla eit to-trinnsopplæringskurs for faglege leiarar, instruktørar i bedriftene og prøvenemndene. Tema for kursa er regelverk, rolleforståing og erfaringsdeling.

Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring er eitt av satsingsområda vi har arbeidd med i 2021. Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadenes hos den enkelte. Gjennom å styrke opplæringa til fleire, og tilpasse opplæringa betre til mangfoldet, kan vi ha fleksible løysingar som kjem alle til gode. Elevar som har behov for spesialundervisning vil få større valfridom.

Gjennomføring

Gjennomføring av vidaregåande opplæring er viktig for den enkelte ungdommen, men òg i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Innsatsen frå skuleeigar, rettleiingstenesta og skulane er retta mot ungdommane, og der dei er i opplæringsløpet. Det er to viktige mål for gjennomføring: fullført og bestått per skuleår, og fullført og bestått med sluttkompetanse etter 5/6 år.

Gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring var på 88,7 prosent i skuleåret 2020/21, noko som er ein auke frå tidlegare år. Talet på elevar som slutta i skulen gjekk ned frå 3,3 prosent i 2019/20 til 2,9 prosent i 2020/21. Vidare ser vi at det samla karakterresultatet har auka dei siste fire åra.

Fullført og bestått

	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande utdanningsprogram	90,3	90,1	87,0	87,6
Påbygging til generell studiekompetanse	85,3	79,9	69,5	71,2
Yrkesfaglege utdanningsprogram	87,3	85,8	81,8	82,8
Totalt	88,7	87,6	83,7	84,5

Sluttarar

	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande utdanningsprogram	1,7	2,0	2,2	1,9
Påbygging til generell studiekompetanse	5,0	5,2	6,9	6,8
Yrkesfaglege utdanningsprogram	4,1	4,5	4,9	5,5
Totalt	2,9	3,3	3,7	3,7

Samla karakterresultat

	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande utdanningsprogram	4,35	4,33	4,17	4,15
Påbygging til generell studiekompetanse	3,98	3,99	3,66	3,58
Yrkesfaglege utdanningsprogram	4,05	4,00	3,94	3,85
Totalt	4,20	4,17	4,04	3,99

Gjennomføring 2014-kullet

Når vi vurderer kor mange av elevane som fullfører og består vidaregåande opplæring, måler vi frå det året dei starta vidaregåande skule (vg1) og fem eller seks år fram. Tabellen under viser ei oversikt over elevar som starta vidaregåande opplæring i 2014 og status etter fem år for studieførebuande og etter seks år for yrkesfag. Tidlegare viste statistikken gjennomføring i løpet av fem år. Sidan yrkesfaga hovudsakleg har eitt år lenger utdanningsløp, er måletidspunktet for yrkesfaga endra til seks år. Grupperinga følgjer fylkesstrukturen frå 2014.

Gjennomføring 2014-kullet

Fylke	Samla	Studie-førebuande	Yrkesfag
Nasjonalt	79,6	89,1	68,3
Akershus	82,5	91,5	68,3
Aust-Agder	78,8	87,5	69,4
Buskerud	78,8	86,2	70,5
Finnmark	69,1	82,1	58,3
Hedmark	78,3	88,5	67,7
Hordaland	80,0	89,9	69,1
Møre og Romsdal	80,5	91,9	70,0
Nordland	75,5	87,8	64,8
Nord-Trøndelag	77,2	89,0	68,1
Oppland	77,8	88,7	66,8
Oslo	81,1	86,6	66,0
Rogaland	83,3	91,1	75,2
Sogn og Fjordane	83,3	92,7	72,7
Sør-Trøndelag	79,1	89,0	69,0
Telemark	78,4	87,5	69,4
Troms	75,2	88,8	61,8
Vest-Agder	77,8	88,1	67,7
Vestfold	80,0	89,5	66,4
Østfold	76,3	88,7	63,3

Læringsmiljø

Eit godt læringsmiljø har stor betydning både for å gjennomføre og fullføre vidaregåande opplæring. Trivel og motivasjon dannar grunnlaget for læringsvilkår og meistring.

Eit læringsmiljø med høg grad av inkludering og involvering fremjar ikkje berre læring, men medverkar også til at elevane og læringane blir trygge, kreative og sjølvstendige. Det er eigenskapar som er viktige for framtidas samfunns- og arbeidsliv.

Skulemiljøkonferansen

Kvar haust arrangerer vi ei samling for skuleleiing og elevråd ved alle skulane i Vestland. Deltakarane på samlinga deler erfaringar og får ny kompetanse innan feltet læringsmiljø.

Skulemiljøkonferansen 2021 blei arrangert 2. november i Bergen og 3. november på Skei. Tema var korleis kultur og sosiale medium kan vere del av læringsmiljøet.

Den kulturelle skulesekken blei presentert som ein viktig ressurs for skulane. Det blei peika på at det er behov for tettare samarbeid og meir elevmedverknad for at Den kulturelle skulesekken skal bli meir relevant for elevane. Vidare handla konferansen om sosiale medium og ungdom sin trivel og psykiske helse. Mange av elevane våre deltar i eit stort forskingsprosjekt der dei arbeider med å utvikle ein digital læringsressurs, som alle vidaregåande skular skal kunne nytte frå komande skuleår. Gjennom dette arbeidet vil elevar og lærarar bli meir bevisste, og få verktøy til å snakke om både positive og problematiske sider ved å bruke sosiale medium.



Skulemiljøkonferansen 2021 vart arrangert over to dagar og to stadar. Bildet er frå arrangementet i Bergen 2. november. Dagen etter stod Skei for tur.

Foto: Laila Kleppe/Vestland fylkeskommune



11. november var det klart for høgtidleg opning av det nye bygget til Sogndal vgs. på Kaupanger, der Vestland fylkeskommune er byggherre og eigar. Her blir det undervisning i blant anna transport og logistikk og yrkessjåfør, medan store delar av bygget også er leigd ut til vitensenteret ViteMeir. F.v. Tage Rickard Sundell, prosjektleiar; Jostein Fjærstad, eigendomsdirektør; Jorunn Felde, rektor; Jon Askeland, fylkesordførar.

Foto: Birthe Johanne F. Finstad/Vestland fylkeskommune

Rett kompetanse for framtida

Tett og gjensidig samarbeid mellom skule, samfunns- og arbeidsliv medverkar til ei framtdsretta opplæring. Elevane og lærlingane vil få relevant utdanning i reelle situasjoner, og kompetanse som arbeidslivet etterspør. Kjennskap til arbeidslivet og systematisk formidlingsarbeid lettar overgangen frå opplæring til arbeidsliv. Læreklassrekneskapet er eit sentralt verktøy i formidlingsarbeidet vårt.

Samarbeid skule-arbeidsliv

Rett dimensjonering av opplæringstilbodet er viktig for å sikre god balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Vestland. Dialog med opplæringskontor, større lærebedrifter og andre partar gir viktige bidrag i arbeidet med dimensjonering. I dialogmøte med samarbeidsaktørane blir utfordringar knytt til rekruttering til ulike fagområde drøfta. Møta er sentrale i arbeidet med å tilpasse det vidaregåande opplæringstilbodet best mogleg etter lokale og regionale kompetansebehov.

Som eit resultat av samarbeid og arbeidskraftsbehov i lokalt arbeids- og næringsliv, ønskte fleire skular i 2021 å lyse ut

nye opplæringstilbod ved skulen. Nye tilbod som blei lyste ut var vg1 naturbruk ved Austrheim vgs., vg2 transport og logistikk ved Kvam vgs., og vg2 kulde, varmepumpe- og ventilasjonsteknikk ved Slåtthaug vgs. Lokale bedrifter vil her vere sterkt involverte i opplæringa i programfaga og gjennom yrkesfagleg fordjuping (YFF).

Ny avdeling ved Sogndal vidaregående skule

«Vi er i det tøffaste bygget i heile fylket og det mest klimavenlege bygget i heile Vestland fylkeskommune si eige», sa fylkesordførar Jon Askeland, før han gjennomførte ei flammande opning av nybygget 11. november 2021.

Bygget er eit samarbeidsprosjekt med lokalt næringsliv, med Vestland fylkeskommune som byggherre og eigar. Sogndal vgs. nyttar omkring halvparten av dei 4000 kvadratmeterane i nybygget til undervisning i transport og logistikk, yrkessjåfør og tunge køyretøy. Resten av bygget er leigd ut til vitensenteret ViteMeir. Bygget er bygd i 90 prosent tre, og berekraftsperspektivet har gjennomsyra heile byggeprosjektet.



Fagskulen i Vestland var klar for drift 1. januar 2022. Då vart fagskulane i dei to tidlegare fylka slått saman.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Høgare yrkesfagleg utdanning

I 2021 starta arbeidet med å slå saman Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane for å sikre at den nye fagskulen skulle vere klar til drift frå 1. januar 2022. Fagskulen tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning innan ei rekke fagfelt. Gjennom tett samarbeid med næringslivet sikrar skulen at kompetansen studentane får, er etterspurt i arbeidslivet.

Hausten 2021 fekk Fagskolen i Hordaland akkreditering for tekniske fagområde, som gjer at fagskulen sjølv kan godkjenne utdanninger innan det tekniske fagområdet utan å soke NOKUT.

Statssekretær i Kunnskapsdepartementet, Oddmund L. Hoel, besøkte Fagskolen i Hordaland i november 2021. Han ønskete å lære meir om fagskulesektoren, og potensialet som ligg her. Hoel blei imponert over dei moderne laboratoria fagskulen disponerer.

I 2021 var det omlag 180 fleire studentar ved dei to fagskulane enn året før. Delar av veksten er eit resultat av fleire korte og fleksible utdanninger gjennom bransjeprogram og industrifagskule.

Folkehelse

Alle elevar og lærlingar skal trivast på skulen og arbeidsplasen sin. Opplæringslova § 9a understrekar korleis helsefremjande arbeid skal vere del av skulekvardagen. Eit godt og inkluderande læringsmiljø der alle trivst, er positivt for både den sosiale og personlege utviklinga til elevane og lærlingane.

Open skule

For å motverke effekta av koronapandemien, blei det i 2021 sett i verk ulike tiltak knytt til sosiale og psykososiale høve, fagleg oppfølging og fullføring. Skular, opplæringskontor og lærebedrifter blei oppmoda om å initiere tiltak og arrangere sosiale aktivitetar for elevar og lærlingar.

Eit tiltak som blei godt mottatt var open skule. Skulane hadde faste tider på utvalde ettermiddagar der elevane både kunne få fagleg oppfølging gjennom leksehjelp eller rettleiing frå faglærarar, i tillegg til at dei kunne delta i ulike sosiale aktivitetar. Nokre av aktivitetane var bordtennis, yoga, dataspel, musikkverkstad og turar i nærmiljøet. Elevane fekk òg servert eit enkelt måltid. Mange av skulane hadde også liknande tiltak i samband med vinter- og påskeferien.

Krafttak for psykisk helse

Mange skular har også hatt auka ressursar til miljøarbeidarar på skulen for å kunne ha ei tettare oppfølging av elevane og vere meir til stades og synlege i fellesområda på skulen. Ifølgje rektor på Fitjar vgs. har dette tiltaket vore svært viktig. Han seier at «Auka ressurs til rådgjevar og miljøarbeidarar i skuletimar og friminutt, har betydd at vi har kunne vere tettare på elevar som slit med ulike negative følgjer av pandemien. Det har betydd at elevar har hatt eit større ressursapparat å lene seg på i gjennomføringa av året».

I april blei det invitert til digitalt foreldremøte med tema Krafttak for psykisk helse. Kontakttelefon for elevar og lærlingar i Vestland blei òg reetabla. Psykologistudentar frå Universitetet i Bergen betjente telefonen fram til august. I tillegg blei det laga eit obligatorisk webinar om psykisk helse for lærarar, rådgjevarar og leiarar. Skulepsykologar tilsette i fylkeskommunen laga også korte videoar om psykologiske verktøy som kunne brukast i undervisninga.

Ordninga med skulefrukost til alle elevar i Vestland blei vidareført også i 2021.



Opplæringslova § 9a slår fast at helsefremjande arbeid skal vere ein del av skulekvardagen. For å motverke effekta av koronapandemien med tidvis heimeskule, sette fleire skular i verk sosiale og psykososiale tiltak i 2021.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Klima

Berekraft er eit sentralt tema i skulen. Ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt er å gjere elevane i stand til å ta ansvarlege val, og å handle etisk og miljøbevisst. Dei vidaregåande skulane i Vestland er opptekne av klima og miljø i undervisninga, og av å finne meir berekraftige løysingar i kvardagen. 20 vidaregåande skular i Vestland er sertifiserte som Miljøfyrtårn.

Parsellhage og sykkelparkering

Det var 13 vidaregåande skular som fekk tildelt klima- og miljømidlar i 2021. Firda vgs. fekk midlar til å lage ein parsellhage, og elevar i naturfags- og biologiklassane starta arbeidet med å etablere han. Elevar og tilsette kan forsyne seg fritt i

parsellhagen, som er eit velkomment tilbod for dei rundt 160 elevane ved skulen som bur på hybel og dermed har lett tilgang på både frukt og grønsaker.

Austevoll vgs. søkte i samarbeid med Fagskulen om midlar til å lage sykkelparkering. Prosjektet utvikla seg vidare til å bli eit bygg med plass til sykkelparkering, elbillading og reiskapsbu.

Andre skular og tiltak som fekk innvilga klima- og miljømidlar:

- Dale vgs. fekk tilskot til elektriske motorsager til bruk i undervisninga.
- Nordahl Grieg vgs. fekk støtte til klekkeskåp for dronningbier.
- Årdal vgs. fekk støtte til å legge til rette for at fleire elevar skal bruke utearealet ved skulen.
- Osterøy vgs. fekk støtte til nye avfallstasjonar.



Elevar ved Firda vgs. på Sandane kunne seinsommaren og hausten 2021 fritt plukke med seg grønsaker frå den nyetablerte parsellhagen ved skulen.

Foto: Birthe Johanne F. Finstad/Vestland fylkeskommune

Berekraftige, sunne kantiner

Voss og Stryn vgs. er pilotskular i prosjektet Berekraftige, sunne kantiner. Gjennom prosjektperioden har skulane og kantinetilsette fått tilgang på ressursar og praktisk rettleiing frå Matvalget for å utvikle mattilboden sitt med omsyn til folkehelse og berekraft. Prosjektet har ført til at skulane lagar meir mat frå botn av, brukar meir grønsaker, belgvekstar og korn, er meir medvitne og flinkare til å redusere matsvinn. På Stryn vgs. bakar dei no 95 prosent av alle bakevarene sine sjølv. På Voss vgs. har dei etablert eit samarbeid mellom kantina og utdanningsprogramma naturbruk og restaurant og matfag. Slik vil dei nytte landbruksvarer som blir produseert på skulen og få prosjektet inn som ein del av sjølve opplæringa. Prosjektet bidreg til at kantina blir ein sosial og attraktiv plass for elevane, der dei får eit berekraftig og sunt mattilbod.

Plastutfordringa 2021

Elevar ved tolv vidaregåande skular i Vestland deltok med til saman 83 lag i det nasjonale prosjektet Plastutfordringa i oktober og november 2021. I løpet av to veker fekk elevarne lære meir om plastproblematikk og berekraft, og om å redusere eige plastforbruk. Samstundes konkurrerte dei i å gjennomføre flest tiltak og aktivitetar som bidrog til å reduse forbruket av plast i kvardagen.

Nøkkeltal

Fagopplæring

Det blei gjennomført 4555 fagprøvar fordelte på ulike opplæringsløp i Vestland fylke i 2021. Det er ein auke på omlag 950 frå året før. 91,4 prosent bestod fagprøven.

Vi hadde omlag 3760 nye lærekontraktar i 2021, som er ein auke frå året før. Til saman var det i overkant av 6760 løpane lærekontraktar i Vestland fylke ved utgangen av 2021.

Vidaregåande opplæring for vaksne

I 2021 var det totalt 1148 deltagarar, fordelte på 88 klassar, i vidaregåande opplæring for vaksne.

Privatistar

Vi hadde 11 763 privatistar som til saman var melde opp til 23 719 eksamenar i ulike fagkodar i 2021. 17 335 av eksamenane blei gjennomførte, og gjennomføringsprosenten var på 73,1. Det er ein auke frå året før.

Elev- og lærlingundersøkinga frå 2021

Elev- og lærlingundersøkinga blir gjennomført årleg. Undersøkinga gir elevane og lærlingane høve til å seie kva dei meiner om læring og trivsel på skule og lærebedrift. Resultata blir brukte av skulane, opplæringskontor og fylkeskommunen for å analysere og utvikle skule-, lærings- og arbeidsmiljøet.

77,2 prosent av elevane i fylket svarte på undersøkinga i 2021. Resultata viser at elevane ved dei vidaregåande skulane våre trivst, og opplever at dei får faglege utfordringar og støtte frå lærarane. Elevane svarte på ein skala frå ein til fem i fem ulike kategoriar, der fem er det beste resultatet. Resultatet er oppgitt i gjennomsnittskår for alle elevar.

	2021 /22	2020 /21	2019 /20	2018 /19	2017 /18
Motivasjon	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6
Meistring	3,9	3,9	3,9	3,9	4
Trivsel	4,2	4,2	4,2	4,2	4,2
Støtte frå lærarane	4,1	4,1	4,1	4,0	4,0
Faglege utfordringar	4,3	4,4	4,3	4,3	4,3
Læringskultur	3,9	4,0	3,9	3,9	3,9

Resultat frå lærlingundersøkinga viser gode og stabile tal for motivasjon og trivsel blant lærlingane. Dei svarte også på ein skala frå ein til fem, med fem som det beste resultatet. Fleire lærlingar melder om at dei har blitt mobba på arbeidsplassen dei siste månadene. For at ein lærling skal reknast som mobba må lærlingen ha svart at han blir mobba to eller tre gonger i månaden, omtrent ein gong i veka eller fleire gonger i veka.

Frå lærlingundersøkinga	2021	2020
Motivasjon	4,1	4,2
Trivsel	4,2	4,2
Mobbing på arbeidsplassen	4,2	2,5

Resultata frå elevundersøkinga viser mellom anna at det har vore ein liten auke i talet på elevar som melder at dei blir mobba. Tabellen viser kor mange prosent av elevane som har svart stadfestande på eitt eller fleire spørsmål om mobbing av elevar på skulen, av vaksne på skulen eller digital mobbing av andre elevar i klassen eller på skulen.

	2021 /22	2020 /21	2019 /20	2018 /19	2017 /18
Studieførebuande utdanningsprogram	2,0	2,2	2,8	2,8	3,5
Påbygging til generell studiekompetanse	2,7	1,9	2,9	2,7	2,6
Yrkesfaglege utdanningsprogram	4,1	3,5	4,8	5,2	5,6
Totalt	3,0	2,8	3,7	3,8	4,3

Oppfølging av utviklingsplanen for Vestland avdeling for opplæring og kompetanse

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 set strategisk retning for utviklinga av fylket. Planen har fire mål med tilhøyrande strategiar, som sektorane i fylkeskommunen på ulikt vis jobbar for å nå. Her rapporterer avdelingane på kva tiltak dei har jobba med i 2021 for å nå måla i utviklingsplanen.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg	Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimer skadeverkna-dane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.	Krafttak for psykisk helse.	Tiltak knytt til sosiale og psykososiale tilhøve, fagleg oppfølging og fullføring.	Gul
	Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.	Utvikle opplæringstilbod basert på behov i arbeidslivet.	Tilfører arbeidslivet god og riktig kompetanse.	Gul
		Samarbeid mellom skule og nærings-, arbeids- og samfunnsliv.	Tett samarbeid med opplæringskontor. Det er lagt til rette for prosesser mellom skule og arbeidsliv for å utvikle opplæringsmodellar.	Gul
	Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.	Handlingsprogram 2021.	Handlingsprogrammet til temaplanen Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring, skal rullerast årleg. Overordna tiltak i handlingsprogrammet er at elevar og lærlingar skal delta i eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring, og møter eit raust og støttande opplæringsmiljø.	Grøn
		Utvikle opplæringstilbod basert på behov i arbeidslivet.	Tilfører arbeidslivet god og riktig kompetanse.	Grøn
		Fleksible og differensierede opplærings- og undervisningsordningar.	Tilpassa opplæring og legge til rette for ulike læringsarenaer og læringsaktivitetar, slik at alle får best mogleg utbyte av opplæringa.	Gul
		Samarbeid skule og nærings-, arbeids- og samfunnsliv.	Tett samarbeid med opplæringskontor, og det er lagt til rette for prosesser mellom skule og arbeidsliv for å utvikle opplæringsmodellar.	Gul
		Etablere Nettskulen i Vestland.	Fleksibelt og likeverdig opplæringstilbod.	Gul

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
		Gode overgangar og systematisk formidlingsarbeid (t.d. læreplassrekneskapen).	Samarbeid mellom kommunen og fylke, og å sikre gode overgangar mellom skule og arbeidsliv.	Gul
	Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.			
Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.	Sertifisere skular til Miljøfyrtaarn.		Gul
		Implementering av fagfornyinga.	Berekraftig utvikling er eit overordna og tverrfagleg tema som skulen skal legge til rette for i opplæringa.	Gul
	Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.			
	Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.			
Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv	Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadegne ressursar og kvalitetar.	Omgjevnadane til skulane blir brukte både som kunnskapskjelde og læringsarena.	Sosialt og fagleg utviklingsmiljø, der dei vidaregåande skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsområde.	Gul
		Samarbeid mellom skule og nærings- og samfunnsliv.	Tett samarbeid med opplæringskontor, og det er lagt til rette for prosessar mellom skule og arbeidsliv for å utvikle opplæringsmodellar. Elevar/lærlingar får både læring og samfunnsnyttig læring i samband med yrkesfagleg fordjuping (YFF).	Gul
		Samlokalisering og sambruk av vidaregåande skular.	Skulen, i samspel med kommunen, har fleire funksjonar og blir knutepunkt i samfunnet.	Gul
	Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.	Samlokalisering og sambruk av vidaregåande skular.	Skulen, i samspel med kommunen har fleire funksjonar og blir knutepunkt i samfunnet.	Gul

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
	Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.			
Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping	Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.	Omgjevnadane til skulane blir brukte både som kunnskapskjelde og læringsarena.	Sosialt og fagleg utviklingsmiljø, der dei vidaregående skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsmiljø.	Gul
	Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.	Entreprenørskap.	Vidaregående opplæring som utviklingsarena.	Gul
	Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.	Implementere fullføringsreforma.	Fullføringsrett, lære heile livet, tilpassa opplæring og fleksible løysingar.	Gul
		Implementere fagfornyinga.		Gul
		Handlingsprogram 2021.	Handlingsprogrammet til temaplanen Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring, skal rullerast årleg. Overordna tiltak i handlingsprogrammet er at elevar og lærlingar skal delta i eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring, og møter eit raust og støttande opplæringsmiljø.	Grøn
		Kvalitetsmeldinga 2021.	Årleg melding bygd opp rundt strategidokument. Vurderer og evaluerer tiltak/arbeid i temaplan og tilhøyrande handlingsprogram.	Grøn
		Plan for kompetanse og profesjonsutvikling.	Styrka profesjonskompetanse og meir samarbeid mellom lærarprofesjonen og andre profesjonar, og mellom skular og lærebedrifter for å nå mål for vidaregående opplæring.	Gul
		Kompetansenettverk.	Styrke profesjonsutviklinga på den enkelte skule og på tvers av skulane.	Grøn
		Plan for tilpassa opplæring.	Opplæringa legg til rette for evnene og føresetningane til den enkelte, gjennom ulike læringsarenaer og læringsaktivitetar.	Gul

Driftsutgifter – opplæring og kompetanse

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Vidaregående skular	3 435 597	3 218 258
Opplæring i bedrift	628 826	644 006
Vaksenopplæring	48 932	58 163
Fagskule	193 176	192 252
Andre føremål opplæring	137 810	126 360
Administrasjon av opplæring og kompetanse	32 855	30 872
Sum	4 477 196	4 269 911
Netto mindreforbruk 2021	46 966	40 513





Organisasjon og økonomi

Den interne chatboten Botolf har vore eit kjærkome tilskot til heile Vestland fylkeskommune i 2021. I tillegg til IKT-spørsmål, kan han også svare på spørsmål om HR, HMS og kvalitetsstyring, som er viktige ansvarsområde for avdeling for organisasjon og økonomi. Året har elles vore prega av blant anna fleire store byggeprosjekt, der vi legg vekt på å byggje så klimavenleg og framtidsretta som mogleg.

Vestland fylkeskommune sette seg høge klimamål med nybygget til Sogndal vgs. på Kaupanger og nådde dei. 90 prosent av bygget er bygt i tre, i praksis er det berre brukt betong i fundamentet. 98,99 prosent av alt avfallet frå byggeprosessen er sortert, kravet var 85 prosent. Og rundt bygget er det ikkje asfalt, men drenerande belegningsstein, eit såkalla permeabelt dekke med titandioxidbelegg.


Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



«I organisasjons- og økonomiavdelinga er visjonen nyskapande og berekraftig rettesnor for arbeidet gjennom året. Vi er opptekne av å gå frå ord til handling, og vere kompetente, opne og modige i det vi seier og gjer. Avdelinga er ein viktig brubryggjar mellom avdelingane i fylkeskommunen, der gode samarbeidsevner og høg fagkompetanse er viktige faktorar for god tenesteyting.»

Ingrid Holm Svendsen
avdelingsdirektør organisasjon
og økonomi

Organisasjon og økonomi – organisasjonskart



Tal tilsette: 511
inkludert hovudtillitsvalde og
reinhaldarar og driftsleiarar ved
dei vidaregåande skulane

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2021 har vi mellom anna

- lagt til rette for ei prøveordning der tilsette etter avtale dels kan arbeide heimanfrå og dels på basekontoret, etter at heimekontor som nasjonalt smitteverntiltak vart oppheva. Ordninga skal evaluerast sommaren 2022
- utvikla eit nytt konsept for å byggje felles kultur for leiing og styrke leiarane sin endringskompetanse inn mot ein meir hybrid arbeidskvardag
- tatt i bruk den interne chatboten Botolf for å svare på aktuelle spørsmål innan HR, HMS og kvalitetssstyring
- jobba vidare med å forenkle og digitalisere arbeidsprosesser
- lansert eit digitalt klimamagasin som presenterer breidda i fylkeskommunen si satsing på det grøne skiftet
- starta arbeidet med å byggje Noregs største molo målt i volum i Langevåg sør på Børmlø
- opna nytt bygg for Sogndal vgs., avdeling Kaupanger og ViteMeir i heiltre/tre. CO₂-avtrykket er berre halvparten av eit normalbygg. 99 prosent av avfallet frå byggeprosessen er sortert, og bygget har både geovarme og 460 m² solceller
- arbeidd vidare med å byggje eit nytt og framtidsretta fylkeshus i Bergen. Det vil både legge til rette for vidare utvikling av organisasjonen og vere eit offentleg føregangsbygg basert på bruk av lågkarbonbetong, resirkulert stål og kortreist treverk i, tillegg til energieffektive installasjoner

Organisasjonsgjennomgang

Konsulentelskapet PwC hadde første halvår 2021 organisasjonsgjennomgang av mellom anna avdeling for organisasjon og økonomi. Gjennomgangen er oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i budsjettet for 2021. Der fekk fylkessdirektøren i oppdrag å gå gjennom organisasjonen med sikte på å effektivisere drifta, forenkle arbeidsprosessane, sikre robuste fagmiljø og ta omsyn til geografisk balanse. PwC sin gjennomgang er delt i fire bolkar, der stabsavdelingane var først ute.

Rapporten frå PwC peikar på aktuelle tiltak og handlingsrom som kan utvikle verksemda vidare. I tillegg gjev PwC tilrådingar om drifta innan avdelinga sine tenesteområde

mellom anna basert på innspel frå leiarar og medarbeidarar i organisasjonen. Seksjonsleiarane i avdelinga, avdelingsdirektøren og representantar for medarbeidarar, tillitsvalde og verneombod har vore intervjua. I tillegg er det etablert ei digital forslagskasse på intranettet, der alle tilsette har hatt høve til å kome med innspel.

PwC la også fram ein rapport om digitaliseringspotensialet i fylkeskommunen. Rapporten er følgd opp med blant anna kartlegging innan løn, rekneskap og innkjøp, med sikte på å få best mogleg flyt i prosessane mellom desse fagområda. Arbeidet med å setje i verk tiltak som følge av organisasjonsgjennomgangen vil gå føre seg utover i 2022.

Økonomiseksjonen

Økonomiseksjonen har til saman 20,4 årsverk fordelt på einingane budsjett og rekneskap. Det er 1,5 færre årsverk enn i 2020.

Budsjett

Vestland fylkeskommune har innretta budsjettarbeidet etter finansutvalsmodellen, der finansutvalet leier budsjettarbeidet gjennom året. Finansutvalet er samansett av medlemmene i fylkesutvalet, hovudutvalsleiarane og gruppeleiarane for parti som ikkje er representerte i fylkesutvalet. Det var fem møte i finansutvalet i 2021. Til kvart møte utarbeiddde fylkesdirektøren eigne arbeidsdokument. På bakgrunn av desse gjorde finansutvalet prosessvedtak, før utvalet la fram endeleg budsjettinnstilling på det siste møtet i november. Fylkestinget vedtok budsjettet for 2022 på møtet i desember.

Som del av budsjettet vedtok fylkestinget å vidareføre det administrative innsparingsprogrammet. Opphaveleg var målet å redusere administrative kostnader med 100 mill. kr. Dette målet vart nådd i budsjett for 2021. Programmet er vidareført for økonomiplanperioden 2022–2025 med mål om å spare inn ytterlegare 100 mill. kr. Programmet skal vurdere innsparingar innanfor mellom anna desse områda:

- drift av bygg og eigedommar
- IKT og digitalisering
- personalforvalting

Gjennom budsjettvedtaka for 2020 og 2021 er driftsutgiftene til organisasjons- og økonomiavdelinga reduserte med 32 mill. kr. Det er resultat av målretta arbeid med å forenkle og effektivisere arbeidsprosessane.

Budsjetteininga har utover å stå for budsjettarbeidet gjennom året, også ansvar for utgreiing av økonomiske saker til politiske organ. Tertiarrapportar og finansrapportar er viktige saker for å følgje den økonomiske utviklinga. Budsjetteininga har også ansvar for tilrettelegging av rapporteringsarbeidet frå avdelingane til fylkesdirektøren som vert gjennomført kvartalsvis. Vidare står eininga for finansiering av investeringane gjennom mellom anna låneopptak og har ansvar for likviditetsstyringa.

Rekneskap

Rekneskapsseininga er ansvarleg for rekneskapsføring i Vestland fylkeskommune. Rekneskapen for 2021 er gjort opp med eit mindreforbruk på 350 mill. kr. Tilsvarande tal for 2020 var 216 mill. kr. Rekneskapen for 2021 vert lagt fram for godkjenning i fylkestinget i juni 2022.

Innanfor rekneskapsområdet går det føre seg kontinuerleg digitalisering, der vi jobbar med forenkling og automatisering av arbeidsprosessar.

Konsulentelskapet PwC har i samband med den pågående organisasjonsgjennomgangen òg sett på arbeidsprosessane innanfor løn, innkjøp og rekneskap. Siktemålet er å identifisere område for forenkling, unngå dobbeltarbeid og oppnå meir saumlaus flyt mellom dei ulike delområda.

Nytt ERP-system (Enterprise Resource Planning System) er under innkjøp og vil påverke arbeidet i fleire av seksjonane i avdelinga i tida framover. Nytt rekneskapssystem er ein viktig del av ERP-systemet, og rekneskapsseininga vil vere sentral i implementeringa av det nye systemet.

Innkjøpsseksjonen

Innkjøpsseksjonen har til saman 16 årsverk fordelt på faggruppene operative innkjøp, strategiske innkjøp og administrasjon. Tal årsverk er uendra frå 2020.

I 2021 kjøpte fylkeskommunen varer og tenester for 11 mrd. kr (inkludert investeringar). Tilsvarande sum i 2020 var 9,6 mrd. kr (inkludert investeringar).

All innkjøpsaktivitet i fylkeskommunen skal ta omsyn til innkjøpsprinsippa som går fram av vedtatt innkjøpspolitikk og utviklingsplanen for Vestland. Det har vore særleg merksemld på tiltak relaterte til miljø og samfunnsansvar. Rutinar, malar og andre innkjøpsdokument er oppdaterte i samsvar med innkjøpspolitikken. Det kan her nemnast at vi i 2021 arbeide vidare med sirkulære anskaffingar av møblar, og at det i kantineavtalar er sett krav til sunn mat i samsvar med dei faglege retningslinjene til Helsedirektoratet.

Innkjøpsseksjonen har eit særleg ansvar for å sikre god koordinering og intern samhandling av verksemdsomfattande oppgåver og prosessar innanfor innkjøpsområdet. I samband med dette har innkjøpsseksjonen i 2021 gjennomført samarbeidsmøte og etablert samarbeidsavtalar med alle einingane i fylkeskommunen.

For å effektivisere innkjøpa i fylkesadministrasjonen og sikre bruken av rammeavtalene, har det vore merksemld på at alle vare- og tenestekjøp blir melde til sentrale innkjøparar. Det sikrar at bestillingane vert registrerte i e-handelssystemet, og at vi nyttar rammeavtalar for vare- og tenestekjøp. Det er mål om at alle vare- og tenestekjøp blir gjennomførte i dette systemet. I 2021 vart det registrert 24 500 bestillingar i e-handelssystemet. Tilsvarande tal i 2020 var 21 500 bestillingar.

Anbod for nytt sak- og arkivsystem var ein av dei største innkjøpsprosessane vi gjennomførte i 2021. Etter ein grundig prosess vart det inngått avtale med Sikri A/S. Andre store anskaffingar har vore forvalting av konsesjonskraft og juridiske tenester. I tillegg til dette er innkjøpsseksjonen pålagt av NKOM (Nasjonal kommunikasjonsmyndighet) å gjennomføre anbodskonkurransar på breiband for kommunane. Vi lyste ut 39 delkontraktar i til saman 11 kommunar i 2021, og



Organisasjons- og økonomiavdelinga skal levere gode fellestenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Avdelinga er sett saman av seks seksjonar og ei eiga eigedomsavdeling.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

det var ein tidkrevjande prosess. Covid-19 har gjort det meir krevjande å gjennomføre anbodskonkuransar, og leverings-situasjonen har vorte meir usikker.

Seksjon for juridiske tenester

Seksjon for juridiske tenester har til saman sju årsverk, eitt mindre enn i 2020. Talet inkluderer fire årsverk knytt til funksjonane som mobbeombod og elev- og lærlingombod. Som følgje av vakansar har funksjonen som personvernombod vore ivaretake av personvernrådgjevaren i HMSK-temaet i HR-seksjonen store delar av året. Frå 2022 er begge desse stillingane flytta frå organisasjons- og økonomiavdelinga til avdeling for strategisk utvikling og digitalisering med mål om å etablere eit sterkt, samla fagmiljø for personvern, bered-skap og IKT-sikkerheit.

Seksjonen følgjer mellom anna opp fylkeskommunen sine eigarskap og medlemskap i ulike selskap, samvirkeføretak m.m. I 2021 selde fylkeskommunen seg ut av aksjeselskapene Lutelandet Utvikling AS og Sarsia Development AS. Fylkes-

kommunen melde seg ut av samvirkeføretaket OKOS Sogn og Fjordane SA. Det var ei oppfølging av fylkestinget sitt vedtak ved handsaminga av eigarskapsmeldinga i 2020.

Ved utgangen av 2021 var fylkeskommunen eigar i 43 selskap, medlem i tre samvirkeføretak og deltar i tre interfylkeskommunale samarbeid.

Fylkestinget vedtok i samband med handsaminga av ei-garskapsmeldinga for 2021 å be fylkesdirektøren starte ein prosess for å avvikle fylkeskommunen sin eigarskap i Skyttel AS og Gulen og Masfjorden Utvikling AS.

På eigarskapsområdet har seksjonen elles arbeidd med å få på plass eigarstrategiar for enkelte av selskapa fylkeskom munen er eigar av. Det er eit arbeid som held fram i 2022.

Seksjonen etablerte i 2021 juridisk fagforum, ein fagleg arena for dei over 40 juristane i fylkeskommunen. Seksjonen arrangerer tre møte i fagforumet, der interne krefter bidrog med innlegg om ulike tema, som til dømes reglane i personopp-lysningslova, inkludert personvernforordninga, og normene for god forvaltingsskikk.

Årsmeldingar frå mobbeomboda og elev- og lærlingomboda vart skrivne med utgangspunkt i skuleåret 2020–2021 og lagt fram for fylkestinget i september 2021.

Politisk sekretariat

Seksjonen har til saman 29,2 årsverk fordelt på einingane politisk sekretariat og dokumentsenter. Det er ein reduksjon på eitt årsverk frå 2020.

Politisk sekretariat

Politisk sekretariat har ansvar for planlegging, førebuing og gjennomføring av møte i folkevalde organ i Vestland fylkesskommune. Det er gjennomført i alt 141 slike møte i 2021, mot 149 året før. Det omfattar fylkesting, fylkesutval, finansutval, fire hovudutval og tolv andre folkevalde organ.

Som følgje av koronapandemien er det i all hovudsak gjennomført digitale møte i folkevalde organ i 2021. Dei positive erfaringane med slike møte har òg ført til at digitale møte er sette opp på møteplanen for 2022, i ein venteleg normal-situasjon.

Politisk sekretariat har i 2021 hatt stor aktivitet med opplæring og rettleiing av både folkevalde og sakshandsamarar i reglement, system og rutinar. Sekretariatet har også gjennomført ei brukarundersøking blant dei folkevalde i fylkesskommunen. Resultata viser at folkevalde er godt nøgde med korleis arbeidsvilkåra for å drive med fylkespolitisk verksemd er tilrettelagt.

Sekretariatet har også vore ansvarleg for fylkesskommunen sitt arbeid med gjennomføring av stortingsvalet 2021, med mellom anna godkjenning av vallister og valresultatet.

Det juridiske kompetansemiljøet i sekretariatet har bidrege med vurderingar og rådgjeving inn mot internt regelverk og

aktuelle lover, særleg kommunelova og forvaltingslova/habilitetsvurderingar. Sekretariatet har dessutan ansvar for førebuing og utgreiing av saker som skal handsamast av den fylkeskommunale klagenemnda.

Dokumentcenteret

Dokumentcenteret har ansvar for arkivdanninga i fylkesadministrasjonen, inkludert mottak, arkivavgrensing, fordeling og journalføring av fysisk og elektronisk post. Det inkluderer også ansvaret for fylkesskommune sitt saks- og arkivsystem og langtidsbevaring av elektroniske data.

Dokumentcenteret er først og fremst ei driftseining, der det meste handlar om løpende handtering av dokumentasjon som kjem inn eller vert skapt i sakshandsaminga i fylkesskommunen.

Vestland fylkesskommune har stor aktivitet og handterer 800–1000 journalpostar dagleg.

Ved sidan av drift har innkjøp og innføring av nytt saks- og arkivsystem vore den dominerande aktiviteten i 2021. Frå og med 15. desember 2021 vart ePhorte erstatta av Elements som fylkesskommunen sitt saks- og arkivsystem. Det var tilgjengeleg for alle brukarar 3. januar 2022.

Vidare arbeid med implementering av det nye systemet og opplæring av brukarane vil skje utover i 2022. Systemet er sentralt i digitaliseringsarbeidet til fylkesskommunen.

Dokumentcenteret har også hatt viktige leveransar innan andre prosjekt, til dømes Visma InSchool som vart rulla ut på skulane i august 2021.



Kommunikasjonsseksjonen produserte i 2021 det digitale magasinet "Klimakappløpet mot 2030. Den grøne leiartrøya". Fylkesordførar Jon Askeland stilte til intervju som børktar heime på småbruket på Radøy. Der fortalte han korleis han gjennom denne hobbyen med eigne øye ser korleis globale klimaendringar påverkar biene på nektarinnsamling.

Foto: Martin Håndlykken/Vestland fylkeskommune

Kommunikasjonsseksjonen

Kommunikasjonsseksjonen har til saman tolv årsverk fordele på faggruppene kommunikasjonsrådgjeving, grafiske tenester og resepsjon/sentralbord. Talet på årsverk er uendra frå 2020.

I 2021 har seksjonen arbeidd med å vidareutvikle nettstaden vestlandfylke.no, arenaer for internkommunikasjon og fylkeskommunen sine kanalar i sosiale medium. Målet for kommunikasjonsarbeidet er å bygge omdøme og sørge for at innbyggjarane i fylket kjenner til og har tillit til tenestene, rollene og ansvaret til Vestland fylkeskommune.

På dei eksterne nettsidene vart det publisert 283 nyheitssaker i 2021, omrent same tal som i 2020. Seksjonen utarbeider nyheitssaker om og kommuniserer ut dei viktigaste politiske sakene frå fylkestinget, fylkesutvalet og dei fire hovudutvala. I tillegg kjem ei rekke nyheitssaker som syner rolla fylkeskommunen har som samfunnsutviklar, teneste-


leverandør og forvaltningsorgan. På nettsida er det i 2021 i tillegg formidla ut informasjon knytt til koronapandemien, og også stortingsvalet var sentralt på nettsida dette året.

Kommunikasjonsseksjonen produserte i 2021 det digitale magasinet «Klimakappløpet mot 2030. Den grøne leiartrøya». Gjennom 19 artiklar og reportasjar fekk publikum eit innblikk i kva som skjer av klimatiltak på byggeplassane våre, på dei vidaregåande skulane, og når vi bygger veg. Det var også saker frå kollektivtrafikken, der Vestland ligg langt framme og har fått internasjonal merksemd for elektrifisering, og om arbeidet med grøn næringsutvikling. Magasinet er tilgjengeleg på vestlandfylke.no.

Internt legg kommunikasjonsseksjonen saman med mellom andre digitaliseringsseksjonen til rette for brukarvenlege informasjonsløysingar som skal gje tilsette raskt svar på viktige brukaroppgåver. Interne nyheter skal vere opplysende, men også fremje kollegafellesskap og bidra til ønska organisasjonskultur.

Vestland fylkeskommune er til stades på dei sosiale media Facebook, LinkedIn, Instagram, Twitter og YouTube. Aktviten er størst på Facebook, og status ved utgangen av 2021

var 7124 følgjarar. Det er ein auke på vel 1000 følgjarar frå året før. Også LinkedIn viser vekst, med 2842 følgjarar. Facebook-kampanjen #vestlandsbeste vart ein stor suksess. Publikum delte med tekst og bilete kva som er Vestlands beste innan seks kategoriar, til dømes beste badeplass, sommarmat og turtips. Postane hadde alt frå 4 600 til 25 000 visingar kvar.



Det kom inn mange flotte bilde under Facebook-kampanjen #vestlandsbeste sommaren 2021. Innsendarane tipsa kvarandre om blant anna turplassar, matopplevingar og badeplassar, som her ved Peparen i Skånevik i Etne kommune.

Foto: Magne Sandnes/Vestland fylkeskommune

Grafisk faggruppe gjev råd og står for grafisk produksjon på fleire ulike flater og format.

Koronasituasjonen har også i 2021 påverka arbeidet i resepjonane til administrasjonsbygga på Leikanger og Sandsli. Fylkeshusa har vore stengde for publikum i periodar, men sentralbordet har alltid vore tilgjengeleg for publikum. Resepasjonen tok i 2021 imot om lag 30 000 telefonsamtalar.

HR-seksjonen

Seksjonen har 31 årsverk fordelt på faggruppene rådgjeving og utvikling, løn og HMS og kvalitetsstyring. Dette er ein reduksjon på eitt årsverk frå 2020. I tillegg har HR-direktøren ansvar for oppfølging av frikjøpte hovudtillitsvalde og fylkes-hovudverneomboda, totalt 16 årsverk.

Også i 2021 har HR-seksjonen arbeidd med å etablere rutinar, reglement og prosedyrar som del av den overordna arbeidsgjevarpolitikken. Arbeidet med harmonisering av stillingsnemningar og lønsnivå mellom tilsette frå dei tidlegare fylkeskommunane har vore ein viktig aktivitet i nært samarbeid med hovudtillitsvalde.

HR-seksjonen har laga retningsliner og avtalemal for ei prøveordning der tilsette etter avtale dels kan arbeide heimanfrå og dels på basekontoret, etter at heimekontor som nasjonalt smitteverntiltak vart oppheva i juni 2021 (seinare gjeninnført i desember 2021). Ordninga er ei prøveordning fram til juli 2022. Evalueringa vil vise om ordninga skal videreførast i heilskap, ev. i justert form. Ordninga er eit tilbod til tilsette som har moglegheit for å arbeide frå heimen.


Gjennom HR-forum arbeider seksjonen for å koordinere aktivitar og sikre godt samspel mellom den sentrale HR-staben og stabsleiarar og HR-ressursar i fagavdelingane. I 2021 har det vore sju møte i forumet.

HR-seksjonen har utarbeidd eit leiarprogram med mål om å bygge felles kultur og styrke endringskompetansen inn mot ein meir hybrid arbeidskvardag. Programmet starta i 2021 og held fram i 2022. HR har òg lansert eit program for å styrke prosjektkompetansen i organisasjonen.

HR støtter byggeprosjektet nytt fylkeshus i Bergen med å førebu tilsette på å jobbe i nytt arbeidsplasskonsept. På same måte deltek HR i arbeidet med utforming av nytt kontorkonsept for fylkeshuset på Leikanger.

Fylkeskommunen sin eigen, interne chatbot, Botolf, har fått opplæring innan HR, HMS og kvalitetsstyring. Målet er at Botolf skal hjelpe tilsette med å finne korrekt informasjon innan HR-området. Botolf kan svare på korte spørsmål, vise til informasjon og er tilgjengeleg døgnet rundt. Frå november og ut 2021 er det registrert 427 samtalar med ein løysingsgrad på 82,4 prosent.

HR-løn har delteke med lønsfagleg kompetanse i arbeidet med innføring av nytt skuleadministrativt system, Visma InSchool, som vart teken i bruk frå skuleåret 2021/2022.



Fylkesordførar Jon Askeland la ned grunnsteinen for nytt fylkeshus i Bergen 24. mars 2021. I grunnsteinen er det helsing frå alle ordførarane i dei 43 kommunane i Vestland, teikningar og foto av huset, pluss eit eksemplar av avisene BT og BA.

Foto: Hege Johansen/Vestland fylkeskommune

Eigedom

Eigedsavdelinga har 335 årsverk. Det er på same nivå som i 2020. Eigedom er organisert som ei eiga avdeling i organisa-sjons- og økonomiavdelinga med fire seksjonar: stab/forvalting, system og utvikling, utbygging og drift og vedlikehald.

Det har også i 2021 vore stor byggeaktivitet i regi av eigedsavdelinga. Store prosjekt som Førde vgs. og Askøy vgs. har hatt byggestart, og det nye fylkeshuset i Bergen reiste seg og vart tilnærma tett i løpet av året. Eigedom har også starta to prosjekt av sjeldan karakter: ny fiskerihamn på Bømlo og nytt opplæringsfartøy for fiske ved Måløy vgs. Kontrakten for bygging av ny, stor molo i Langevåg vart signert. Målt i volum vert moloen truleg den største i Noreg. Det vart også signert kontrakt for bygging av nytt opplæringsfartøy for Måløy vgs. på 102 millionar kroner. Bygging av båten starta sein i 2021, og han skal vere klar til bruk sommaren 2023. I tillegg til dei

nemnte prosjekta er det om lag 60 andre prosjekt knytt til nybygg og ombygging/rehabilitering i arbeid.

I november 2021 opna nybygget for Sogndal vgs., avd. Kaupanger og vitenserteret ViteMeir. Bygget er eit miljøbygg i tre/massivtre med 50 prosent CO₂-redusjon. 99 prosent av avfallet frå byggeprosessen er sortert, og bygget har både geovarme og 460 m² solceller. I oktober vart oppgåva for realisering av eit nytt skulebygg for Stord vgs. på Vabakken tildelt entreprenør. Bygget har omlag dei same føringane knytt til miljøenergi som bygget på Kaupanger, men har i tillegg krav til BREEAM excellent-sertifisering.

Eigedom forvaltar og driftar ein bygningsmasse på omlag 750 000 m², der fylkeskommunen sjølv eig 89 prosent. Det var i 2021 gjennomført 251 mindre prosjekt knytt til ekstraordinært vedlikehald av den eigde bygningsmassen. Eigedom står for bygningsdrifta på den eigde bygningsmassen og delar av den leigde bygningsmassen. I tillegg har eigedom

ansvaret for reinhald, og omlag 80 prosent av reinhaldet vert gjennomført i eigen regi. Saman med dei enkelte brukarane av bygga sikrar eigedom miljøfyrtaårnsertifisering av einingane/bygga. Tilført energi til bygningsmassen er i 2021 redusert med tre prosent på lik linje med fleire forutgåande år.

Eigedom starta sommaren 2020 prosjektet for innflytting i nytt fylkeshus i Bergen. Det er eit omfattande prosjekt som inkluderer alt frå møblering og sjølve flyttinga, til organisasjonsutvikling, fysisk innpllassering av tilsette, tilrettelegging for IKT-drift og smarthus-teknologi, utleige og organisering av drifta. Sjølve innflyttinga blir i februar 2023. Våren 2021 starta også prosjektet knytt til ombygging og rehabilitering av fylkeshuset i Leikanger med utgreiingar og vedtak av kontorkonsept i fylkestinget desember 2021. Prosjektet skal samle alle arbeidstakarane i fylkeskommunen på Leikanger i eitt bygg frå januar 2025.

Arbeid med utviklingsplanen

Utviklingsplanen gjev felles retning for Vestland fylkeskommune som organisasjon, og for vestlandssamfunnet som heilskap. God kopling mot økonomiplanen er viktig for å

kunne gjere økonomiske prioriteringar og følgje opp tiltaka i utviklingsplanen. Organisasjons- og økonomiavdelinga samarbeider tett med avdeling for strategisk utvikling og digitalisering for å sikre dette samspelet.

Sjølv om organisasjons- og økonomiavdelinga hovudsakleg har merksemd på intern drift og utvikling, har avdelinga ei rekke tiltak og aktivitetar som støttar opp om overordna mål og strategiar i utviklingsplanen. Status for tiltaka går fram av tabellen til slutt i kapittelet.

Arbeid med folkehelse

Arbeidet med folkehelse i organisasjons- og økonomiavdelinga går først og fremst på interne tilhøve som kan verke positivt inn på helse og trivsel hos tilsette. Vi prioritær systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerheit for å sikre eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for alle.

Det har også i 2021 vore særskilt merksemd på ulike aspekt ved det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet til tilsette i samband med koronapandemien. Fylkeskommunen har forsøkt å leggje best mogleg til rette i denne spesielle situasjonen.



Sunn, kortreist og berekraftig mat er stikkord for kantinene både i administrasjonsbygga og på dei vidaregåande skulane. To skular deltek også i eit prosjekt om sunne og berekraftige kantiner. Ein av dei er her på Stryn vgs., der dei bakar så godt som all brødmat til kantina sjølv.

Foto: Birthe Johanne Fredheim Finstad/Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen tilbyr ernæringsmessig sunn og kortreist mat i kantinene ved skular og i administrasjonsbygga. I kantinene stiller vi krav til eit sunt og variert tilbod, der også mellom anna økologi, berekraftige varer og lokale leverandørar er sentralt. I administrasjonsbygget på Sandsli er det tilbod om vegansk mat minst ein dag i veka.

Med rundt 6 000 tilsette er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgjevarane i fylket. Det er ein viktig del av samfunnsoppdraget og det overordna arbeidet med folkehelse å legge til rette for at flest mogleg får delta i arbeidslivet og vere med på den felles verdiskapinga i samfunnet. Dette speglar også utviklingsplanen for Vestland. Fylkeskommunen arbeider langs fleire spor for å legge til rette for eit inkluderande arbeidsliv, til dømes gjennom den overordna arbeidsgjevarpolitikken, rekrutteringspolitikken og samarbeid med NAV.

Arbeid med klima

Fylkeskommunen har ein stor bygningsmasse med mange bygg som varierer i alder og standard. For å oppretthalde venta levetid på bygga må eigedomsavdelinga ta omsyn til moglege verknader av auka klimabelastning. Berekraft skal vere gjennomgående i planlegging av utbygging/renovering og i drift av bygga. Det inneber arealbruk, materialval, energibruk, utslepp, bruk av ny teknologi og så vidare. Målet er at bygga skal vere tilpassingsdyktige og ta omsyn til behov både i dag og i framtida. Vestland fylkeskommune arbeider med å oppfylle berekraftsmåla til FN om reduksjon av negativ påverknad på miljøet med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandsaming. Det gjer vi gjennom følgjande krav og tiltak:

- Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal tilfredsstille krava til sertifiseringsstandarden BREEAM excellent.
- Investeringsprosjekt skal ha 90 prosent sorteringsgrad på bygningsavfall. Dette målet vart oppnådd i 2021.

- 90 prosent av alle skulebygga skal ha etablert rutinar og praktisering for avfallsortering. Dette målet vart nådd i 2021. Framover vil vi konsentrere oss om å etablere ein plan og prosess for sortering av avfall i fylkeskommunen sine bygg og måle resultata av dette arbeidet.

Vidare arbeider vi med å etterleve berekraftsmåla til FN om ansvarleg forbruk og produksjon gjennom følgjande krav og tiltak:

- Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal maksimalt ha CO₂-utslepp på 60 prosent av det som følgjer av den byggetekniske forskrifta.
- Alle prosjekt med investeringskostnad over 100 mill. kr skal vere fossilfrie og ha krav knytt til bruk av utsleppsfree anleggsmaskiner.
- Det skal nyttast tre i berekonstruksjonar på nybygg dersom den tekniske løysinga er akseptabel.
- Det er eit mål å oppnå årleg reduksjon på tre prosent i tilført ekstern energi i drifta av den totale bygningsmassen. Dette målet vart nådd også i 2021.

Fylkeskommunen kjøpte varer og tenester for 11 mrd. kr (inkludert investeringar) i 2021. Det gjev rom for å stille tydelege krav til leverandørane våre og påverke samfunnsutviklinga i ønska retning. Dette vert både spegl i innkjøpspolitikken og i nye seriøsitskrav til bygg- og anleggskontraktar, som fylkestinget vedtok i desember 2021.

Vestland fylkeskommune deltek i eit pilotprosjekt knytt til sirkulær anskaffing av møblar saman med Universitetet i Bergen og Bergen kommune. Miljødirektoratet bidrar med klimasatsmidlar til eit forprosjekt som undersøker klimaeffekten av deling og gjenbruk av møblar mellom dei tre organasjonane i eit sirkulærøkonomi-perspektiv. Forprosjektet vert avslutta i juni 2022. Parallelt jobbar vi med eit internt prosjekt for auka gjenbruk av møblar i fylkeskommunen.

Oppfølging av utviklingsplanen for Vestland avdeling for organisasjon og økonomi

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 set strategisk retning for utviklinga av fylket. Planen har fire mål med tilhøyrande strategiar, som sektorane i fylkeskommunen på ulikt vis jobbar for å nå. Her rapporterer avdelingane på kva tiltak dei har jobba med i 2021 for å nå måla i utviklingsplanen.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■■ for ikkje starta.

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 1: Vestland som det leiane verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg	Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.	Synleggjere inntektstap av pandemien på kort og lang sikt. Synleggjere varig auke i kostnadane av pandemien og peike på konsekvensar. Tiltak gjennom budsjett og økonomiplanarbeid.	Fokusområde i tertialrapportering og budsjett-dokument.	Grøn
	Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.			
	Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.	Praksisplassar: Greie ut om organisasjonen kan gje tilbod om praksisplassar, i samarbeid med NAV. Språkpraksis: Greie ut om organisasjonen kan gje tilbod om språkpraksis for flyktninger under 25 år, i samarbeid med NAV og deira nye tiltak.	Etablert samarbeid med NAV om programmet «Raskt i arbeid» for innvandrarar/flyktningar.	Gul
		Innfasing av arbeidstakrar med særskilde behov, der det er høveleg utan utlysing: Greie ut om organisasjonen kan gjere dette. Leggje til rette for bedrifter som har ansvar for attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar, der det er mogleg. Plan for likeverd og inkludering – utvikle ny plan for VLFK.	Ny likeverdsplan i arbeid.	Gul

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.	Utarbeide kompetansestrategi/-plan. Kompetanseleiing (av kunnskapsmedarbeidarar) vert tema i leiarutviklingsprogram. Tilbod om DigDirs kurs i kompetanseleiing digitalt publiserast i KS-læring. HR systematiserer «på tvers-læring» i organisasjonen, der vi lærer av kvarandre.	Utarbeidd leiarprogram med fokus på erfaringsdeling og leiing av kunnskapsmedarbeidarar.	Gul
		HR riggar webinar med aktuelle tema, som blir tilgjengeleg for alle.	Lansert webinar om etikk.	Gul
		Vere pådrivar overfor dei andre einingane for å sikre innovasjon i offentlege innkjøp.	Sjekklisten og malar er oppdaterte, fast diskusjonstema ved oppstart av kvar einskild anskaffing.	Grøn
		Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt söke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.	Brukundersøking blant folkevalde.	Brukarundersøking er gjennomført, med god tilbakemelding på dei fleste spørsmåla. Oppfølging av politisk informasjon på vlfk.no.
		Nye digitale verktøy for politisk verksemد.	IKT-prosjektet Den digitale draumen er utsett med oppstart våren 2022.	Gul
		Implementere ny innsyns-løysing.	Samarbeid om ny sentral innsynsløysing for innsyn og publisering av dokument i regi av Digitaliseringsdirektoratet frå 01.01.22. Løysinga opnar for fulltekstpublisering av saksdokument.	Grøn
		Synleggjere økonomiske klima- og miljøeffektar.	Fokusområde i budsjettet gjennom eige klimakapittel.	Grøn
		Klimaomstillingstiltak i budsjett- og økonomiplanarbeidet.	Prioriteringsliste for klimaomstillingstiltak i budsjettet.	Grøn
		Auka merksemd på klimatilpassa finansiering.	Pågåande arbeid med å ta opp «grøne» lån.	Grøn

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 2: Miljø og klima	Strategi 2.1: Vestland skal sikre miljø og klima i et bærekraftig og velfungerende samfunn.	Stille klare forventninger til verksemder fylkeskommunen har eigarinteresser i, om at verksemndene skal etterleve nasjonale og internasjonale miljøkrav og gjennomføre grep for å redusere negativ miljøpåverknad.	Fylkesordføraren har initiert at fylkeskommunen sine forventninger vert lagt fram som eiga sak på generalforsamlingar o.l. i 2022.	Gul
		Krav til BREEAM excellent på nybygg.	Kravet er innført på alle nybygg utlyste etter 01.01.22 og på tre nybygg utlyste før 2020.	Grøn
		Avfallssortering på alle prosjekt og skulebygg.	Det er frå 2021 innført krav til 90 prosent sortering på alle byggeprosjekt.	Grøn
		Redusere CO ₂ -utslepp på nybygg og byggeplassar.	Det frå 2021 innført krav på nybygg at CO ₂ -avtrykket skal maksimalt vere 60 prosent av eit normalbygg (gjeldande lover og forskrifter).	Grøn
		Redusert tilført energi på fylkeskommunale bygg.	Tilført energi til fylkeskommunale bygg blei i 2021 redusert med 3 prosent, som var målet. Det på lik linje med de siste åra.	Grøn
	Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.			
Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv	Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.	Medverke til å redusere skadeleg miljøpåverknad, og vurdere korleis dette skal ivaretakast og vektast.	Sjekklistar og malar er oppdaterte – fast diskusjonspunkt ved oppstart av kvar einskild anskaffing.	Grøn
	Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.	Vere pådrivar for at lokalsamfunn og opplærings-institusjonar sikrar seg kunnskap om korleis ein bygger trygge og gode oppvekstmiljø.	Elev- og lærlingomboda og mobbeomboda samarbeider med opplærings institusjonar og lokalsamfunn gjennom føredrag og informasjonsarbeid om å førebrygge ulykke miljø. Dei skal bruke årsmeldingane til å synleggjere dette arbeidet.	Gul
		Vere pådrivar for at lokalsamfunn og opplærings-institusjonar samhandlar for gode oppvekstmiljø for barn og unge.	Mobbeomboda og elev- og lærlingomboda oppmodar til samhandling mellom opplæringsinstitusjonar og lokalsamfunn gjennom årsmeldingar, enkeltsaker og informasjonsarbeid.	

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 3: Opprette et attraktivt og inkluderende samfunn		Legge til rette for at anbod og kontraktar vert utforma slik at lokale næringslivsaktørar kan delta i konkurransane.	Sjekklisten malar er oppdatert – fast diskusjonstema ved oppstart av kvar einskild anskaffing.	Grøn
	Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.			
	Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.			
Mål 4: Like moglegeheter til å delta i verdiskaping	Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.			
	Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.			
	Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.			

Driftsutgifter – organisasjon og økonomi

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Administrasjon av organisasjon og økonomi	160 553	157 521
Organisasjon og økonomi - tiltaksmidlar	788	172
Eigedom drift og vedlikehald	627 319	661 730
Sum	788 660	819 422
Netto mindreforbruk 2021	36 574	20 379





Strategisk utvikling og digitalisering

2021 var året vi retta merksemda mot strategiske og sektorovergripande utfordringar. Vi har etablert nye samarbeidsarenaer internt og lagt til rette for betre samhandling med eksterne samarbeidspartar.


Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering jobbar blant anna med å levere digitale samhandlingsløysingar både for lærarar og andre tilsette og for elevane i dei vidaregåande skulane.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



«Det er blitt sagt at 2021 var året der vi stort sett sat heime og venta på betre tider. Eg er stolt over at strategisk utvikling og digitalisering har bidrige til at 2021 ikkje vart slik. Vi har levert digitale samhandlingsløysingar, som knytte organisasjonen vår saman i ei krevjande tid. Vi har også bidrige til å samordne sakshandssaming, og strategisk planlegging har hjelpt til med å samordne oppgåveløysing på tvers av sektorane.»

Paal Fosdal
avdelingsdirektør strategisk
utvikling og digitalisering

Strategisk utvikling og digitalisering – organisasjonskart



Tal tilsette: 685
inkludert tilsette i tannhelsetenesta

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2021 har vi blant anna

- levert digitale samhandlingsløysingar
- jobba aktivt med klima- og miljødimensjonen av berekraft for å få til ei berekraftig samfunnsutvikling
- arbeidd med å styrke heilskapen i samfunnsplanlegginga i Vestland gjennom god samanheng mellom regional og kommunal planlegging

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har det andre året i Vestland fylkeskommune jobba med å utvikle digitale samhandlingsløysingar. Vi har også lagt til rette for eit godt samarbeid med kommunane, statlege etatar og andre aktuelle samarbeidspartar, slik at vi alle jobbar i retning måla som er sette i utviklingsplanen.

Utviklingsplanen gir ei felles retning for vidare utvikling av eit berekraftig og nyskapande Vestland. Mål og strategiar i utviklingsplanen vert operasjonaliserte gjennom dei regionale planane. Planen legg rammene for kva planar vi skal utarbeide, og kva planar som skal vidareførast. Her følgjer ei kortfatta omtale av dei regionale planane og strategiane avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har hovudansvar for, med søkjelys på handlingsprogramma. I kapittelet «Vi utviklar Vestland» er det gitt ei samla oversikt over nye regionale planar, som det er arbeidd med i 2020.

Samarbeid og kompetanse

Vi utviklar og følgjer opp dei regionale planane, i tillegg til å rullere handlingsprogramma, i samarbeid med kommunane, statlege etatar og andre aktuelle samarbeidspartar. Å legge til rette for eit godt samarbeid er ein føresetnad for å kunne jobbe i retning av måla i utviklingsplanen. Samarbeidet er òg lovfesta i plan- og bygningslova. Det er også viktige oppgåver for fylkeskommunen å sikre god kompetanse innan kommunal og regional planlegging internt, og å bidra med kompetansetiltak for kommunane.

Som eksterne samarbeidsforum har vi i 2021 etablert Folkehelseforum Vestland og eit regionalt bustadforum for bergensområdet. Internt i fylkeskommunen har vi etablert samarbeidsarenaer innan plan, stadutvikling, klima, folkehelse og universell utforming.

For å styrke kompetansen innan samfunnsplanlegging, og klimaomstilling har vi, saman med KS, etablert nettverka Samfunnssdelen som styringsverktøy og Klimanettverk for kommunane. I tillegg har vi arrangert eller bidrege i arbeidet med ulike samlingar og webinar. Blant desse er nasjonal klimaomstillingskonferanse og plan-, klima- og folkehelsekonferansen «Globale spørsmål – lokale svar». Vi sender òg ut nyhendebrev til kommunane, der vi informerer om ulike satsingar og arbeid som er på gang. For å styrke kompetansen innan fagområda våre deltek vi i ulike forskings- og utviklingsprosjekt. Nokre av desse er Field of Goals, knytt til regional implementering av berekraftsmåla, Klimabudsjett 2.0, Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur, og medverknadsmetodar for klimatilpassing.

Klimaomstilling

Vestland fylkeskommune jobbar for ei berekraftig samfunnsutvikling, og vi jobbar aktivt med klima- og miljødimensjonen av berekraft for å lukkast. I utviklingsplanen er det mål om at klima og miljø skal vere ein premiss for samfunnsutviklinga. Vi skal vere ein pådrivar for klimaomstilling, forvalte viktige natur, landskaps- og kulturverdiar, og vi skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Regional plan for klima

Arbeidet med regional klimaplan starta hausten 2020. I 2021 har vi gjort eit omfattande arbeid med utarbeiding av planprogram, som vart vedteke i fylkesutvalet i august, og vidare arbeid med sjølve planen.

Regional klimaplan skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland fylke til å bli eit nullutsleppssamfunn. Det inneber ei brei samfunnsendring, der vi reduserer klimagassutsleppa, tilpassar oss klimaet i dag og i framtida og tek vare på naturmangfaldet. Omstillingsprosessen gjeld heile vestlandsamfunnet: innbyggjarar, næringsliv, kommunar og fylkeskommunen. Planen skal skildre korleis vi skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, og tydeleggjere kva dette vil bety i praksis. Han vil vise strategisk retning i klimaarbeidet, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for

å vere pådrivar for klimaomstilling og netto nullutslepp innan 2030.

Planprogrammet slår fast at planen skal omhandle desse fem temaata:

- redusere klimafotavtrykket
- fjerne direkte utslepp
- trygt og robust Vestland
- klimarettferd og folkehelse
- sikre naturmangfald

Vidare har vi jobba med kunnskapsgrunnlaget til sjølve planen, og der har vi blant anna fått CICERO til å lage ein utsleppsanalyse. Analysen viser ulike framskrivingar av direkte klimagassutslepp for Vestland avhengig av kva tiltak som vert sette i verk fram mot 2030. Det er arbeidd godt både internt og eksternt med planen. Vi har etablert ei politisk samarbeidsgruppe og ei regional samarbeidsgruppe, i tråd med planprogrammet. Fylkestinget skal vedta planen hausten 2022.

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har også det overordna ansvaret for arbeidet med klima- og miljøleiing i fylkeskommunen. Dette er omtalt i samband med klima- og miljørekneskapen.



Trivselsskogen på Sandane i Gloppen kommune er eit frilufts- og folkehelsetiltak for både dei som bur i området og tilreisande. Her er det godt tilrettelagde turstiar, og på utsiktspunktet Draumekvila ligg det også ei dagsturhytte.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



Livskvalitet og psykisk helse for barn og unge er eitt av seks prioriterte innsatsområdet i handlingsprogrammet for folkehelsearbeid.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Oppfølging og planarbeid

Handlingsprogram folkehelse

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering er prosjekt-eigar for utvikling av det første felles handlingsprogrammet for folkehelse i Vestland. Som grunnlag for arbeidet identifiserte vi i 2021 område der folkehelsearbeidet treng meir merksemd. Slik skal vi sikre meir samla styrking av dette arbeidet. Prioriterte innsatsområde i handlingsprogrammet er

- kunnskapsbasert folkehelsearbeid
- sosial ulikskap i helse
- gode, trygge, deltagande nærmiljø/lokalsamfunn
- dei demografiske endringane i Vestland
- ei aldrande befolkning
- barn og unge – livskvalitet og psykisk helse

Handlingsprogrammet vart lagt til offentleg ettersyn i november 2021, og skal vedtakast av fylkestinget i mars 2022.

Det er ei viktig samordningsrolle innan folkehelsearbeidet å ta i vare ulike nasjonale folkehelsesatsingar, i tett samspel med kommunar og FoU-miljø. Vi følger opp den nasjonale forventinga om at psykisk helse skal inkluderast som likeverdig del av folkehelsearbeidet. I prosjekteigarrolla samordnar vi program for folkehelsearbeid i kommunane. Målet for satsinga er å arbeide kunnskapsbasert gjennom å utvikle og evaluere

tiltak for å fremje psykisk helse og livskvalitet for barn og unge. Vi gjennomførte siste opptak til programmet i 2021, og tre nye kommunar vart med. Dei 15 ulike tiltaka i satsinga, med ei samla kostnadsramme på rundt 56 millionar kroner, er geografisk spreidde i fylket.

Gjennom regionreforma fekk fylkeskommunen ansvar for tilskotsforvaltinga til dei kommunale frisklivssentralane i Vestland. Satsinga på friskliv er styrka i 2021. Vi etablerte saman med utviklingssentralen i Vestland ein ny digital møteplass for å støtte kommunane i arbeidet med å fremje helse og livskvalitet og førebyggje sjukdom.

Regional plan for senterstruktur og levande lokalsamfunn

Arbeidet med regional plan for senterstruktur og levande lokalsamfunn starta seinhaustes 2021. Planen skal vere eit strategisk verktøy for å legge til rette for balansert vekst og helsefremjande lokalsamfunn i fylket. Han skal byggje på måla i utviklingsplanen, særskilt mål nr. 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Berekraftsmål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn er også sentralt. Som grunnlag

for ny plan har vi gjort eit arbeid med å evaluere bruken, effekten og måloppnåinga av gjeldande planar og planføresegner. Formell planprosess startar opp i 2022.

Innan stadutvikling bidreg vi elles som samarbeidspart og rådgjevar for kommunar som har utviklingsprosjekt innan dette. Vi har også tilskotsordningar for området.

Regional areal- og transportplan for bergensområdet

Med bakgrunn i handlingsprogram for Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017–2028 (RATP), tiltak 6, har vi arbeidd med eit regionalt bustadprogram for Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden. Sluttrapport for dette prosjektet vart handsama i fylkesutvalet i juni. Her vart det avgjort at arbeidet med eit bustadbyggeprogram ikkje vert vidareført, men at det vert oppretta eit regionalt bustadforum med offentlege og private aktørar. Føremålet med forumet er å fremje ei heilskapleg bustadplanlegging som verktøy for ei berekraftig og framtidsretta samfunnsutvikling. Bustadforumet skal leggje til rette for at relevante private og offentlege aktørar kjem saman for felles informasjon, drøfting og kompetanseheving på tema knytt til bustadplanlegging og gjennomføring av planar.

Administrasjonen i fylkeskommunen har utvikla målindikatorar for regional areal- og transportplan. Målet har vore å finne

indikatorar som kan gi eit grovmaska bilet av utviklinga tilpassa det regionale plannivået. Det har vore ein føresetnad at indikatorane og analysane skal vere enkle og mogleg å oppdatere jamleg og av fylkeskommunen sine eigne analyseressursar. Målindikatorane skal inngå i kunnskapsgrunnlaget for regional planstrategi og vurdering av revisjonsbehov av areal- og transportplan for bergensområdet. Prosjektet har fått 300 000 kr frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Midlane er nytta til å få indikatorane testa og kvalitetssikra av konsulentar. Endeleg rapport vart levert hausten 2021.

Dei fire regionale villreinplanane

Det er eit mål i utviklingsplanen at klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutviklinga, og at dette skal skje innanfor tolegrensa til naturen. Vestland fylkeskommune har saman med andre fylkeskommunar eit særskilt ansvar for å sikre leveområda til villreinen. Gjennom dei fire regionale villreinplanane er det fastsett ei langsiktig arealforvaltning, som skal balansere bruk og vern av dei aktuelle fjellområda med influensområde.

Vi skal bidra til å sikre leveområde av tilstrekkeleg størrelse og kvalitet. Planane inneholder mål, retningslinjer om arealbruk, plankart og handlingsprogram. I 2021 er to av handlingsprogramma rullerte. Vi bidreg aktivt med å følge opp dei regionale planane og handlingsprogramma. Tiltak



By- og stadutviklingsgruppa hadde i august ei synfaring på Mindemyren i samband med alt arbeidet som skjer i området.
Foto: Liz Eva Tøllefsen/Vestland fylkeskommune

i handlingsprogramma er blant anna GPS-merkeprosjekt, ferdselskartlegging, felles sti- og løypeplan, vassdrags- og vilkårsrevisjonar, klimaendringane si effekt på villreinen sine leveområde, besøksstrategi og villreinfjellet som verdiskapar.

Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Hardanger

Den regionale planen skal sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona i sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. I tillegg skal planen sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa og sikre maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal. Planen følgjer opp utviklingsplanen, der klima og miljø er premiss for samfunnsutviklinga, og lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Som oppfølging av handlingsprogrammet arbeider vi med ein rettleiar for planlegging i strandsona. Rettleiaren skal vere til bruk og nytte for kommunane i planlegging av strandsona og tek utgangspunkt i nye statlege retningslinjer for strandsona. Rettleiaren vert laga i samarbeid med Statsforvaltaren og kommunane.

Plaststrategi

Tiltaka i plaststrategien spenner breitt. Det omfattar alt frå innkjøp til tannhelse, vegbygging og til samarbeid med næringslivet, plast i kunstgrasbanar, forureina massar og avfallsplanar for fylkeskommunale eigedomar. Kvar avdeling vurderer korleis plaststrategien best vert implementert i eigne arbeidsoppgåver og budsjett og følgjer opp sine tiltak i strategien. Arbeid med å rydde opp maritim/marin forsøpling frå plast er hovudmål i strategien. Difor løyvde vi 750 000 kr til arbeid med plastrydding i Vestland 2021:

- Bergen og Omland friluftsråd fekk 375 000 kr
- Friluftsrådet Vest fekk 187 500 kr
- Fjordane friluftsråd fekk 187 500 kr

Det var også løyvd 150 000 kr til Plastutfordringa, som vart gjennomført av elevar i tolv vidaregåande skular, og 100 000 kr til arbeidet med «grøne idrettsarrangement».

Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024

Strategi for internasjonalt samarbeid skal forsterke Vestland si evne til å møte internasjonale utfordringar og moglegheieter, på ein måte som bidreg til ønska utvikling i regionen. I 2021 har vi arbeidd med å styrke internasjonale perspektiv på samfunnsutviklinga i eigen organisasjon og i vestlands-samfunnet som heilskap. I oppfølginga av strategien har



Karen Louise Nybø (t.v.) og Lene Omdahl er klima- og miljøkoordinatorar i fylkeskommunen. Til rolla ligg blant anna å følge opp plaststrategien til fylkeskommunen og å fordele interne klima- og miljømidlar til gode tiltak i heile Vestland fylkeskommune. 13 vidaregåande skular fekk i 2021 til saman 554 000 kr til blant anna kjeldesortering, nye avfallstasjonar og andre klima- og miljøtiltak.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

sektorane styrka ei internasjonal tilnærming til oppgåveløysinga på alle arbeidsområde, arbeidsmåtar og regionalt planarbeid. Eit godt døme på det er arbeidet med dei globale berekraftsmåla.

Nokre av sektorane har lange tradisjonar for å nytte internasjonale samarbeid som verkemiddel. Sektorane næringsutvikling, opplæring og kompetanse og kultur, idrett og integrering har ei rekke prosjekt, tiltak og avtalar innan området. For desse sektorane er det fremja eigne statussakar om framtidig bruk av internasjonalt samarbeid i hovudutvala og i fylkesutvalet.



Vestland fylkeskommune gjev råd og rettleiing til kommunane i fylket når det gjeld blant anna stadutvikling, universell utforming, folkehelse og klima.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Kommunal planlegging

Vestland fylkeskommune rettleiar og gjev fagleg støtte til kommunane innan samfunns- og arealplanlegging. Det gjer vi mellom anna gjennom dialog med kommunane, i planforum og ved uttalar til kommunale planar. Ved uttalar til kommunale planar har vi ein samordningsfunksjon i fylkeskommunen. I 2021 har vi behandla 19 kommunedel-/kommuneplanar og 372 område-/detaljreguleringsplanar.

Planforum er eit lovpålagt forum som vi leier. Forumet skal kartlegge og samordne statlege, regionale og kommunale interesser i samband med arbeidet med statlege, regionale og kommunale planar. Vi gjennomførte 32 møte i 2021, i tillegg til ei årssamling for evaluering av planforum. Der deltok kommunar, regionale statsetatarar og fylkeskommunen. Vi ser at dei større kommunane brukar planforum meir aktivt enn dei mindre.

Ein premiss for å lukkast med inkludering er at menneske kan ta del i samfunnet uavhengig av funksjonsevne. Universell utforming er ein strategi for oppnå dette. Med vårt breie nedslagsfelt internt og ut mot kommunane, lukkast vi med å styrke fagfeltet. Det skuldast målretta arbeid over tid.


Dei regionale planane er viktige grunnlag ved uttalar til kommunal planlegging, og som grunnlag for vurdering av tilskot innan stadutvikling, folkehelse og klima.

IKT

Det har i 2021 vore betydeleg lengre leveringstid på IKT-utstyr som PC-ar, skjermar, AV-utstyr og anna. Det skuldast i hovudsak mangel på naudsynte komponentar og frakt- og produksjonsforseinkingar grunna covid-19. IKT-seksjonen overtok budsjettansvar for personleg IKT-utstyr i 2021. Det gjorde at forventningar til seksjonen med tanke på utskifting og leveranse var høgare enn vi klarte å innfri.

Heimekontor og møte via Teams vart òg mykje brukt dette året. Den tekniske kompetansen til brukarane var betydeleg høgre enn i 2020, då IKT brukte mykje tid på å hjelpe dei som sat heime. Mange møte vart streama, både politiske og andre. Det tok beslag i fleire ressursar på IKT, som brukte mykje tid på å sørge for at slike møte kunne gjennomførast utan problem.

IKT jobba i 2021, og jobbar kontinuerleg, med standardisering, effektivisering og forbetring. Målet er at tenestene våre skal vere gode, trygge og stabile og ha så lite nedetid som mogleg. For å klare det gjennomførte vi også i 2021 faste, månadlege servicestopp. I tillegg jobba vi mykje med å etablere fleire tenester og løysningar i «skya», og å få alle administrasjonsstadar over på ny nettverksavtale med BKK. Chatboten Botolf vart etablert for at tilsette skal få IKT-hjelp også utanom arbeidstid. Han blei godt motteken, og det vart jobba kontinuerleg med å halde han oppdatert og relevant for å gi gode og riktige svar.



Vestland fylkeskommune er ei av landets største lærerbedrifter innan IKT-drifts-fag og dataelektronikarfaget, og dreg nytte av eit breitt spekter av arbeidsoppgåver innan fagfeltet. Her er nokre av lærlingane på ei fagleg samling ved Nordahl Grieg vidaregåande skule.

Foto: Christian Andre Heimdal/Vestland fylkeskommune

Vi kom ikkje heilt i mål i 2021 med avvikling av IKT-system og løysingar som vart etablerte i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Vi jobbar difor vidare med avvikling i 2022.

Forvaltningsrevision informasjons- sikkerheit

Vestland fylkesommune mottok i 2020 ein forvaltningsrevisjon av informasjonssikkerheit og personvern. Her vart det kommentert at det er eit stykke arbeid med å formalisere prosessar, roller og rutinar, og at dette er ein trussel mot informasjonssikkerheita i fylkeskommunen.


I 2021 har personvernombod og IKT-sikkerheitsrådgjevar samarbeidd tett for å følgje opp tilrådingane frå revisjonen. Det har vore hyppige risikoanalysar og prosjektuttleiing, og vi har sett til at

- ansvarsforhold knytt til informasjonssikkerheit har vorte gjort kjent og etterlevd av tilsette
- konfidensielle opplysningar vert handsama riktig
- tilgangskontrollen har vorte styrka
- systemeigar har fått formalisert ansvaret sitt, og at det skal bli gitt opplæring i dette

Beredskap

Vestland fylkeskommune har ansvar for å ta vare på tilsette, tenesteproduksjon, økonomiske verdiar og omdøme knytt til fylkeskommunen. Uønskte hendingar må handterast effektivt og godt, slik at skadeomfanget vert avgrensa til eit minimum, og tenesteproduksjonen vert oppretthalden eller retta oppatt på ein sikker og effektiv måte.

Vi har i 2021 gjennomført ein overordna ROS-analyse og justert beredskapsplanen utifrå den overordna ROS-analysen. I tillegg har vi fått på plass ein krisekommunikasjonsplan, som er del av den totale beredskapsplanlegginga for Vestland fylkeskommune.



Digitalisering

Vi har jobba målretta med tiltak knytt til eigen strategi. Tiltaka samsvarar godt med tilrådde tiltak i rapporten frå PwC. Strategien har fem satsingsområde:

- digital kompetanse og deltaking
- rette verktøy
- ta ut effekt av eksisterande verktøy
- saumlause tenester og fellesløysingar
- deling og gjenbruk av data.

Vi har hatt fleire enkelttiltak knytt til desse overordna områda i 2021. Det som i størst grad har endra kvarldagen til brukarane, er satsinga på automatisert dialog med intern og ekstern chatbot, og automatisering av prosessar ved hjelp av ulike typar robotteknologi. I tillegg har det også i 2021 vore eit stort løft og ei strategisk satsing på digital kompetanse. Det er gjort eit betydeleg arbeid rundt standardisering av prosess og verktøy til prosjektstyring og porteføljestyrling, i tillegg til strategisk satsing på tenestedesign.



Seksjon for statistikk, kart og analyse jobba i 2021 blant anna med å koordinere Ungdata-undersøkinga, der skuleelevar i både grunnskule og vidaregåande svarer på spørsmål om korleis dei har det, og kva dei driv med på fritida.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Statistikk, kart og analyse

Seksjonen har i 2021 jobba mest med å levere kunnskapsgrunnlag til regionale planar og førebu framtidige leveransar knytt til kunnskapsgrunnlag for utviklingsplanen og den skriftlege folkehelseoversiktta. Dette har innebore

- samanlikning av koronaundersøking til Folkehelseinstituttet i 2020 med folkehelseundersøkingane i Hordaland og Sogn og Fjordane i 2018 og 2019, inkludert posterpresentasjon på folkehelsekonferansen og abstract-publisering i Scandinavian Journal of Public Health
- koordinering av Ungdata 2021, inkludert innleiande analysar av materialet
- førebuing av folkehelseundersøkinga 2022
- opprettig av ein datakatalog for mottak/oppdatering av data frå Statistisk sentralbyrå sitt programmeringsgrensesnitt (API)
- opprydding i filbanene til interaktive publikasjonar (PowerBI)

Seksjonen er systemeigar for geografiske informasjons-system (GIS) i fylkeskommunen og legg til rette for ekssternt og internt samarbeid. Vi leverer også ulike analysar, kartprodukt og -applikasjonar. Store GIS-oppgåver i 2021 har vore

- å leie Vestland fylkeskommune si deltaking i fylkeskommunane sitt felles anbod på GIS
- representasjon i sentrale og regionale GIS-nettverk
- koordinering og drift av interne system og nettverk
- vedlikehald og vidareutvikling av fylkesatlas.no
- utvikling av kartvising og metode for berekning av avrenningslinjer
- utvikling av kartvising og metode for vurdering av viktige vegar for næringslivet

Seksjonen har dette året hatt praktikantar frå Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og introduksjonsprogrammet for flyktningar i Bergen.

Tannhelse

Vestland tannhelseteneste har i 2021 hatt normal aktivitet på alle tannklinikkkane. I periodar med lokal auka smitterisiko, sette vi i verk tiltak som sikra drifta.

Det opna ein ny tannklinik i Vestland tannhelseteneste i 2021. Det var Nordhordland tannklinik, som erstatta Knarvik og Frekhaug tannklinikkar. Den nye tannklinikken ligg midt i Knarvik sentrum, samlokalisert med andre helse- og tryggleikstenester for innbyggjarane i Nordhordland i Region Nordhordland Helsehus. Med opninga av Nordhordland tannklinik er det totalt 55 tannklinikkar i Vestland tannhelseteneste. I samsvar med prioriteringar i tannhelsetenestelova, hadde Vestland tannhelseteneste 174 740 personar under tilsyn i 2021. 118 000 av desse er barn og unge i alderen 3 til 18 år. Resten er andre grupper som tannhelsetenesta skal gje eit regelmessig og oppsøkande tilbod til.

Tal barn og unge i Vestland utan hol i tennene, aukar for kvart år som går. I 2021 var tala for indikatorårskulla slik:

- 3-åringar utan hol i tennene: 94,4 prosent
- 5-åringar utan hol i tennene: 84,6 prosent
- 12-åringar utan hol i tennene: 63,2 prosent
- 15-åringar utan hol i tennene: 44,3 prosent
- 18-åringar utan hol i tennene: 31,7 prosent

Aktivitet i tenesta i 2021

Etter samanslåinga til Vestland tannhelseteneste, har vi jobba særleg med å gjere tenestene våre meir tilgjengelege for brukarane. Arbeidet med automatisering og digital tilgjengeleggjering har vore prioritert og følgjande tiltak er sette i gang:

Chatbot

I samarbeid med seksjon for digitalisering har tannhelsetenesta utvikla ein digital hjelpar. Denne er tilgjengeleg på internettidene våre heile døgnet og kan svare på (nesten alle) spørsmål pasientar har om tannhelse. Chatboten fungerer i eit samarbeid med avdeling for opplæring og kompetanse.

Elektronisk timebok

Elektronisk timebok er eit pilotprosjekt med mål om å gje pasientane våre høve til å endre eller avbestille time på tannklinikken på internett. Piloten er lagt til tannklinikkkane i Odda og Lofthus, og vi skal evaluere piloten i første halvår av 2022. Etter evalueringa er målet at alle tannklinikkar og pasientar i heile fylket skal få same tilbod.

Elektronisk resept

Etter besøk eller avtale på Os tannklinik, kan pasientar no hente føreskriven medisin (resept) på det apoteket som

passar best for pasienten. Målet er å gje det same tilbodet til alle tannklinikkkane i Vestland tannhelseteneste. I tillegg til elektronisk resept, er det også mogleg for tannklinikkkane å få automatisk oppdaterte helseopplysningar til pasientane.

Digitale skjema

Vestland tannhelseteneste har utvikla fleire digitale skjema som er integrerte i internettidsa vår. Dei digitale skjema gjer at pasientar kan sende og få svar elektronisk, noko som forenklar kommunikasjonen med tannhelsetenesta.

Folkehelsearbeid i tannhelsetenesta

Det førebryggande og helsefremmende arbeidet i den offentlege tannhelsetenesta handlar i stor grad om gjere folk i stand til å ta vare på og fremme eiga tannhelse. Det gjer vi gjennom konkrete tiltak retta mot både enkelpasientar og grupper. Det siste året har vi hatt ekstra merksemrd på å ferdigstille arbeidet med forpliktande samarbeidsavtalar med kommunane om tannhelsetenester for prioriterte grupper. Arbeidet sikrar tilpassa og gode tannhelsetenester til personar som har rett til gratis tannbehandling hos tannhelsetenesta, uavhengig av bustad, diagnose og sosial bakgrunn.

Samarbeid

I arbeidet med digitalisering av tenester i Vestland tannhelseteneste er vi heilt avhengige av hjelp frå interne samarbeidspartar. Til dømes ville ikkje vår digitale hjelpar vere tilgjengeleg om ikkje seksjon for digitalisering hadde vore vår gode hjelpar. I folkehelsearbeidet er det sentralt og naudsynt at vi framleis kan delta i den interne folkehelsinga, mellom anna for å sjå tannhelsetenesta som ein større og breiare bidragsytar i kvarldagen til folk i Vestland.

Tannhelsetenesta sitt kompetancesenter – TkVestland

TkVestland har ansvar for spesialisttenester og forsking innan tannhelse. Vi har 70 tilsette og 51 årsverk.

TkVestland tilbyr mellom anna behandling knytt til rotfylling, kjeveortopedi, oral kirurgi/-medisin, barnetannhelse, behandling av tannkjøtsjukdomar, behandling av kroner, bruer og protesar og røntgen. TkVestland hadde 1534 tilvisinger både frå private og offentlege tannklinikkar i 2021.

TkVestland har bygt opp eit solid forskingsmiljø innan tannhelse. Forskingsavdelinga driv i dag 17 forskningsprosjekt, og i 2021 vart det publisert 25 artiklar i ulike forskingstidsskrift.



Vestland tannhelseteneste hadde 174 740 personar under tilsyn i 2021, blant anna her på Sogndal tannklinik.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Avdelinga fekk 2 384 000 kr i eksterne midlar frå Norges forskningsråd (NFR) og 500 000 kr frå Regionalt forskingsfond (RFF) i 2021.

I løpet av 2021 arrangerte TkVestland ni digitale fagdagar. Fagdagane er for alle tilsette i Vestland tannhelseteneste og bidreg til kompetanseheving og -spreiing. I tillegg til eigne tilsette inviterer vi også over 100 tilsette i privat praksis og tilsette ved UiB/Institutt for klinisk odontologi til fagdagane. Bruk av både interne og eksterne førelesarar sikrar god kompetansebygging og erfaringsutveksling.

Senter for odontofobi ved TkVestland har ansvaret for TOO-arbeidet i Vestland tannhelseteneste, med eit team av psykologar og tannhelsepersonell. TOO er ei forkorting for tortur- og overgrepsoffer og personar med odontofobi (angst for tannbehandling). TkVestland starta i 2021 behandling av TOO-pasientar ved hjelp av digital tilrettelegging.

TkVestland har stor merksemd på etter- og vidareutdanning. I 2021 vart det gjennomført 85 kurs (kurs, kompetansetiltak og tverrfagleg samarbeid) og 34 rettleiing- og rådgjevingsaktivitetar. Det vart gjennomført 28 vitskaplege presentasjonar/medieaktivitetar.

Oppfølging av utviklingsplanen for Vestland avdeling for strategisk utvikling og digitalisering

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 set strategisk retning for utviklinga av fylket. Planen har fire mål med tilhøyrande strategiar, som sektorane i fylkeskommunen på ulikt vis jobbar for å nå. Her rapporterer avdelingane på kva tiltak dei har jobba med i 2021 for å nå måla i utviklingsplanen.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg	Strategi 1.1: Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverkna-dane både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.			
	Strategi 1.2: Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeids-plassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.			
	Strategi 1.3: Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forsking og innovasjon.	Følgje opp internasjonal strategi.		Grøn
		Fleire forskningsprosjekt som fører til styrking og forbetring av klinisk praksis i Vestland tannhelseteneste.	«Kunnskapsreisen for tann-helsepersonell» er etablert. 26 tannklinikkar skal i mars 2022 få auka kunnskap om avdekking av vald, overgrep og omsorgssvikt. Resten av klinikkane skal gjennomføre same opplegg hausten 2022.	Grøn
	Strategi 1.4: Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.	Samarbeidsprosjekt med KS og kommunane.	Det er etablert nettverk for kommunane om «Samfunnss-delen som styringsverktøy, og nettverk innan klima.	Grøn
		Styrke kompetanse og koplingane i plan- og styringssystemet.	Det vert arbeidd med å styrke koplingane i plan- og styringssystemet.	Gul
		Etablere interne nettverk for: - kommunal plan og regional plan - plan og økonomi	Interne nettverk er etablerte.	Grøn
		Bidra til etablering av region-råd (i samarbeid med KS) • Prosesse • Organisering Eventuell delfinansiering		Grøn

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling	Strategi 2.1: Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.	Følge opp plaststrategien.	Det vart rapportert på oppfølging av plaststrategien i fylkesutvalet i juni 2021.	Grøn
		Utvikle og følgje opp intern miljøhandlingsplan 2021.	Intern miljøhandlingsplan er utvikla.	Grøn
		Utvikle arealrekneskap for heile fylket.	Arbeidet med arealrekneskap er ikkje kome i gang grunna kapasitetsutfordringar.	Raud
		Overgang til berekraftig transportløysing på teknisk avdeling i tannhelsetenesta.	På grunn av endring i tilsette, er dette tiltaket ikkje sett i gang.	Raud
		Klimaplan med handlingsprogram.	Framdrift i arbeidet med klimaplanen er under utarbeiding i samsvar med framdriftsplan.	Grøn
	Strategi 2.2: Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.	Utvikle modell for avrenningslinjer i Vestland.	Modellen er ferdig og det vert jobba med implementering i fleire kommunar i 2022.	Grøn
		Klimanettverk for kommunane.	Det er etablert klimanettverk for kommunane.	Grøn
		Klimaplan med handlingsprogram.	Framdrift i arbeidet med klimaplanen er under utarbeiding i samsvar med framdriftsplan.	Grøn
		Oppdatere og få på plass kunnskap som grunnlag for ein framtidig regional plan for areal, natur- og kulturmiljøinteresser.	Arbeidet med kunnskapsgrunnlag er ikkje kome i gang grunna kapasitetsutfordringar.	Raud
	Strategi 2.3: Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.	Følgje opp internt samarbeid for erfaringsutveksling om miljøkrav i anskaffingar på tvers i organisasjonen.	Etablert faste møtepunkt mellom avdelingar.	Grøn
		Utvikle klimabudsjett som styringsverktøy for klimagassreduksjon i samarbeid med ORO-økonomi.	Framdrift i arbeidet, offentlege innkjøp del av tiltaka i klimabudsjettet.	Grøn
		Klimanettverk for kommunar.	Innkjøp har vore tema på samlingar.	Grøn

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv	Strategi 3.1: Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stedegne ressursar og kvalitetar.	Utvikle løysing for arkivkjerne og datasjø/datavarehus/opne data.	Konkurranse om arkivkjerne gjennomført og implementering i gang. Datasjøprosjektet er i gang med forprosjekt. Vi arbeider med å kartlegge gode prosjektkandidatar.	Gul
		Utarbeide folkehelseoversikt + systematikk.	Personalsituasjon har gjort at dette er utsett til starten av 2022, og omfanget er noko redusert.	Gul
		Gjennomføre folkehelseundersøking.	Naudsynt forarbeid gjort. Undersøkinga vert gjennomført i 2022.	Grøn
		Gjennomføre Ungdata.	Ungdata gjennomført med brei deltaking frå kommunar og vidaregåande skular. 35 000 elevar i Vestland har svart.	Grøn
	Strategi 3.2: Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.	Regional plan for senterstruktur og levande lokalsamfunn.	Arbeidet starta hausten 2021. Som grunnlag for ny plan er det gjort eit arbeid med å evaluere bruken, effekten og måloppnåinga av dei gjeldande planane og planføresesognene. Grunna kapasitetsutfordringar startar formell planprosess i 2022.	Gul
		Automatisering av tenester og automatisert tilsett- og publikumsdialog med virtuelle assistenter.	Vi har innført intern og ekstern chatbot som svarer på spørsmål på fleire av fagområda vi leverer tenester på. Vi har automatisert mange tenester gjennom forskjellige RPA-verktøy, men dette er eit kontinuerleg arbeid.	Grøn
		Etablere tenestedesign som metodikk, etablere prosjekttverktøy og dokumentasjonsverktøy.	Vi har etablert tenestedesign og prosjektverktøy. Vi er i innfasing av dokumentasjonsverktøy.	Gul
	Strategi 3.3: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.	Etablere porteføljestyring av IKT- og digitaliseringaprosjekt.	Porteføljestyring er etablert, men må haldast ved like og vidareutviklast.	Gul
		Standardisering og effektivisering gjennom nye avtalar og løysingar der meir bruk av skytenester alltid skal vurderast.	Standardisering er en kontinuerleg prosess som vi fortset med i 2022. Døme er personleg IKT-utstyr og budsjett ansvar for same. Vi har slått saman/forenkla leverandøravtalar og det er eit krav i nye avtalar at system og skal kunne tilby skyløysingar. Det vart òg jobba med å flytte system, tenester og løysingar til skya.	Gul

Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovedmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
		Etablere gode sjølvhjelpløsninger for tilsette, som chatbot.	Er omtala under første punkt for strategi 3.3.	Gul
		Felles søkerportal for tilskotsordningar, rutinar og samordning av fristar.		
		Utvikle digitale løysingar som fornyar, forenklar og forbetrar våre tenester, internt og for våre brukarar (tannhelse).	Med etablering av chatbot, pilot på e-resept og e-timebok og utvikling av digitale skjema, er dette tiltaket gjennomført.	Grøn
Mål 4: Like moglegheiter til å delta i verdiskaping	Strategi 4.1: Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.	Handlingsprogram for folkehelse.	Vi har koordinert arbeidet med å utarbeide handlingsprogram for folkehelse med tiltak. Mange av tiltaka i handlingsprogrammet er utvikla av avdeling for kultur, idrett og inkludering. Døme er oppfølging av ny frivilligstrategi i Vestland, inkludering gjennom kultur, idrett og friluftsliv, utvikle kultur- og aktivitetstilbod for alle.	Gul
		Eit inkluderande fylke for barn og unge.	Vi har planlagt pilot for betre kunnskapsgrunnlag om barn og unge si deltaking i kultur, idrett og anna friluftsaktivitet (utviding av barne- og familiepanelet til heile Vestland).	Gul
		Aldersvenleg fylke: 2021: utarbeide oversikt over fylkeskommunen sine samla verkemiddel i arbeidet med aldersvenleg fylke 2022: utvikle rammer for planlegging av Vestland som eit aldersvenleg fylke.	Tiltaket er vidareutvikla og teke inn som strategisk tiltak nr. 1.10 i handlingsprogram for folkehelse for gjennomføring i 2022. Fleire tiltak som støttar opp under eit meir aldersvenleg samfunn ligg i same program. Fylkeskommunen har slutta seg til det nasjonale nettverket Aldersvennleg Norge og deltek i utviklingsarbeidet knytt til Leve heile livet-satsinga i Vestland i regi av Statsforvaltaren.	Gul
		Styrke forståinga av dimensjonen sosial berekraft. Målgruppe: Vestland fylkeskommune og kommunane.	Undersøking knytt til den forståinga kommunane har av sosial berekraft er innarbeidd i strategisk tiltak nr 1.2 i handlingsprogrammet for folkehelse.	Gul
		Handlingsprogram regional plan for folkehelse.	Handlingsprogrammet er sendt på høyring i 2021.	Grøn
	Strategi 4.2: Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.			


Forankring		Gjennomføring og oppfølging		
Hovudmål	Strategi	Tiltak	Resultat	Status des 2021
	Strategi 4.3: Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.	Utarbeide ein strategisk folkehelseplan/folkehelsestrategi som gir retning for Vestland tannhelseteneste sitt førebyggande og helsefremjande arbeid.	Det er etablert arbeidsgruppe, og det har vore dialog med planseksjonen om strategisk plan for tannhelsetenesta, der folkehelse skal ha ein sentral plass.	Gul

Driftsutgifter – strategisk utvikling og digitalisering

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Administrasjon av strategisk utvikling og digitalisering	5 753	6 543
IKT og digitalisering	145 907	159 597
Plan, analyse, klima og folkehelse	49 603	56 018
Sum	201 264	222 157
Netto mindreforbruk 2021	2 348	2 217

Driftsutgifter – tannhelse

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Pasientbehandling	393 161	417 239
Administrasjon av tannhelse	20 299	10 888
Sum	413 460	428 127
Netto mindreforbruk 2021		117
Netto meirforbruk 2020	2 081	





Politisk organisering


Vestland fylkeskommune er ein politisk styrt organisasjon med fylkestinget som øvste folkevalde organ. Koronapandemien påverka avviklinga av politiske møte også i 2021. Digitale møte var stort sett standarden gjennom heile året, med overføring til nett-tv for publikum.

Fylkestinget i Sogndal 29. og 30. september var det einaste møtet i fylkestinget som vart arrangert med fysisk oppmøte i 2021.

Foto: Birthe Johanne Fredheim Finstad/Vestland fylkeskommune

Hovudstruktur for politisk organisering og leiing

Politisk organisering – organisasjonskart



I tillegg til fylkestinget, fylkesutvalet, kontrollutvalet og hovudutvala, har vi ei rekke politiske utval med ulike ansvarsområde:

Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen og utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune. Leiar: Jon Askeland (Sp).

Fylkesvalstyret legg til rette for val og har kontroll med gjenomføring av val i kommunane. Leiar: Jon Askeland (Sp).

Administrasjonsutvalet har ansvar for saker som gjeld tilsetnings- og arbeidsvilkår for dei tilsette i fylkeskommunen. Leiar: Natalia Golis (MDG).

Trafikktryggingsutvalet er eit rådgjevande organ i trafikk-saker, og i saker om koordinering av trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylke. Utvalet har òg vedtaksmynde i nærmare fastsette tilskotssaker, og har ansvar for tildeling av den årlege trafikkiksprisen. Leiar: Jannicke Bergesen Clarke (A).

Yrkesopplæringsnemnda er eit sentralt forum for utviklingsarbeid innan fag- og yrkesopplæringa i Vestland fylke.
Leiar i 2021: Roger Pilskog, LO.

Valnemnda innstiller i saker om val, der avgjerda ligg til fylkestinget. Leiar: Natalia Golis (MDG).

Klagenemnda avgjer saker om klage på enkeltvedtak treft av fylkeskommunale organ, med unntak av fylkestinget.
Leiar: Christer Lilleskare Olsen (H).

Arbeidsutval delegeringsreglement drøftar saker som gjeld reglement for folkevalde organ og delegering. Utvalet har ikkje vedtaksmynde, men innstiller til fylkesutvalet i saker som høyrer til organet sitt arbeidsområde.
Leiar: Tor André Ljosland (Krf).

Vestlandsrådet er eit interkommunalt samarbeidsorgan mellom fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Leiar i 2021: Tove-Lise Torve, fylkesordførar i Møre og Romsdal.

Politiske medverknadsorgan

Dei tre medverknadsorgana i Vestland fylkeskommune har ei rådgjevande rolle:

Fylkesting for ungdom og **Vestland ungdomsutval** har rett til å uttale seg i saker om ungdom.
Leiar: Susanne Sørli Slettebakken/Mia Holdhus.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har rett til å uttale seg i saker om personar med funksjonsnedsetting.
Leiar: Inge Øystein Aareskjold Fiskvik (FFO).

Fylkeseldrerådet har rett til å uttale seg i saker om eldre.
Leiar: Harald Kåre Ekroll (Postens pensjonistforbund).

Partifordeling og representantar

Fylkestinget 2019–2023

- Arbeidarpartiet (A) har 14 representantar.
- Høgre (H) har 12 representantar.
- Senterpartiet (Sp) har 10 representantar.
- Folkeaksjonen Nei til meir bompengar (FNB) har 3 representantar.
- Uavhengige (UA) har 3 representantar.
- Framstegspartiet (Frp) har 6 representantar.
- Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) har 5 representantar.
- Sosialistisk Venstreparti har (SV) 4 representantar.
- Kristeleg Folkeparti (KrF) har 3 representantar.
- Venstre (V) har 2 representantar.
- Raudt (R) har 2 representantar.
- Pensjonistpartiet (PP) har 1 representant.

Tre av dei seks representantane for Folkeaksjonen Nei til meir bompengar braut 16. desember 2020 ut av partiet og vart uavhengige (UA).

Etter stortingvalet i 2021 fekk tre medlemer av fylkestinget varig fritak ut valperioden for å stille som stortingsrepresentantar. Dei tre er:

- Torbjørn Vereide (A). Nytt fast medlem i fylkestinget er Katrine Helland Johannessen (A).
- Linda Monsen Merkesdal (A). Nytt fast medlem i fylkestinget er Eirik Haga (A).
- Alfred Bjørlo (V). Nytt fast medlem i fylkestinget er Agnes Hoshovde Bernes (V).

I tillegg fekk Gunhild Berge Stang (V) varig fritak ut valperioden, og nytt fast medlem i fylkestinget vart Geir Kjell Andersland (V).

Av dei 65 representantane i fylkestinget er 37 menn og 28 kvinner. Del kvinner er dermed 43,1 prosent, medan 56,9 prosent er menn.

Politiske møte og saker

Koronapandemien sette sitt preg på den politiske møteverksemda også i 2021. Fylkestinget i Sogndal 29. og 30. september var det einaste ordinære fylkestinget med fysisk deltaking.

I det andre året til Vestland fylkeskommune deltok dei folkevalde på 151 politiske møte og vedtok 1306 saker. Det omfattar fylkesting, fylkesutval, finansutval, fire hovudutval og tolv andre folkevalde organ.

Fylkesvalstyret gjennomførte 13 møte i 2021, som folkevalt organ for tilrettelegging og kontroll av stortingsvalet i valkretsane Sogn og Fjordane og Hordaland.

Politiske møte i 2021

Politisk utval	Tal møte i 2021	Totalt tal saker til behandling
Fylkestinget	4 (9 møtedagar)	157
Fylkesutvalet	19 (22 møtedagar)	264
Finansutvalet	5	6
Hovudutval for opplæring og kompetanse	12	67
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	12	96
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	11	152
Hovudutval for næring	14	88
Kontrollutvalet	7	92
Klagenemnda	7	38
Fylkesvalstyret	13	17
Administrasjonsutvalet	3	10
Yrkesopplæringsnemnda	8	30
AU-yrkesopplæringsnemnda	2	5
Trafikktryggingsutvalet	6	13
Arbeidsutval delegeringsreglement	4	6
Fylkeseldrerådet	8	40
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	9	45
Valnemnda	6	43
Vestland ungdomsutval	8	53
Vestlandsrådet	3	19

Alle politiske møte	Tal møte i 2021	Totalt tal saker til behandling
Alle totalt	151	1306
Alle minus kontrollutvalet	141	1166

Driftsutgifter – politisk styring og kontrollorgan

Rekneskap (heile tusen)	Brutto rekneskap 2020	Brutto rekneskap 2021
Politisk styring	46 705	48 541
Kontrollutval	10 359	10 754
Sum	57 064	59 295
Netto mindreforbruk 2021	11 130	11 792

Vestland leverer

Framfor deg no, har du fasiten for det andre leveåret til Vestland. Om du les denne årsmeldinga frå perm til perm, så vil du ha sett bevis på at toåringen er sunn, sterk og utviklar seg raskt – trass i at heile kalenderåret låg i skuggen til pandemien.

Vestland er til for innbyggjarane. Difor er det ekstra kjekt at denne årsmeldinga konstaterer at me evnar å levere på det me skal, samstundes som me grip tak i utfordringane – for dei finst. Me har ein jobb å gjere for alle lokalsamfunna våre, og utviklingsplanen tek opp i seg denne utfordringa. Hovudmålsettingane er heilt tydelege på at utviklinga skal skje i alle delar av fylket, og lokalsamfunnet skal vere ramma for det gode kvardagslivet. Dette skal me få til i eit tett samarbeid med kommunane, som er dei viktigaste samarbeidspartnerane våre.

Energi er ein grunnleggande føresetnad for at me får til den utviklinga me ynskjer oss. Veg og infrastruktur er ein annan. Me jobbar så raskt me kan på desse felta, og me ser resultat. Breibandsdekninga er eit er godt døme. I 2021 har me delt ut 45 millionar til 17 breibandsprosjekt, som skal syte for at alle kantar av fylket har like god tilgang til dei digitale ressursane. Satsinga gjev resultat. Ved årsskiftet hadde me 93 prosent breibandsdekning i fylket – det er best i landet etter Oslo, og no tek me siste indre i utbygginga.

Mobilitet- og kollektivområdet legg no bak seg nok eit unntaksår. Samstundes som pandemi har sett sine tydelege spor i statistikken, ser me gledelege teikn til at kollektivbrukarane er på veg tilbake. Det er viktig, og det er ei utvikling me må og skal byggje opp under. For å kunne tilby eit godt kollektivtilbod for innbyggjarar i alle delar av fylket, er me avhengige av å utvikle tilboden i samspel med brukarane våre.

Klima er den største utfordringa vår, og ho vil vere det lenge. Heldigvis er me ikkje åleine i klimautfordringa og i å klare omstillinga som må til. Kommunar, næringsliv, forskingsinstitusjonar, lag og organisasjonar er alle med på laget, frå å vere med på strandrydding, til å utvikle morgondagens energiformer. Klimautfordringa er massiv, men etter å ha jobba intenst med problemstillinga over fleire år, er det klart for alle



at moglegheitene også er store. Næringslivet og forskinga i Vestland er heilt i front på å løyse mange av dei største klimahindringane, og me ser konturane at eit Vestland som er godt stilt i ei fossilfri framtid. Men for å kome dit, krev det handling og ressursar no.

Tal fortel mykje, men dei seier ikkje alt. Det som kan hende ikkje kjem like godt fram i denne årsmeldinga, er det positive momentet som me ser – både i eigen organisasjon og der ute. Det å starte opp ein ny fylkeskommune er eit omstendelig arbeid, og pandemien gjorde det ikkje lettare. Difor har det vore særslig inspirerande å følgje med på utviklinga. På kort tid har det utvikla seg ein kultur som er utspring, som vil noko og som skaper resultat. Det ser me på tilbakemeldingane som me får. Infrastruktur- og vegavdelinga er eit godt døme. Samanslåinga av dei to fylka sine avdelingar gjekk føre seg samstundes med at fleire hundre medarbeidrarar vart overførte frå Statens vegvesen. På kort tid har medarbeidarane blitt ein del av Vestland fylkeskommune. Dei leverer solide tenester på dette viktige ansvarsområdet vårt ved å byggje og sikre vegane me er så avhengige av.

Jon Askeland
fylkesordførar

The image shows a handwritten signature in black ink, which appears to read "Jon Askeland". Below the signature, the name "Jon Askeland" is printed in a smaller, standard font, followed by the title "fylkesordførar" (county leader).

vestlandfylke.no